

Jærstrendene

landskapsvernområde

med biotopfredningar og naturminne



Forvaltningsplan del 1



Fylkesmannen i Rogaland, miljøvernavdelinga

April 2010

Forkortingar:

AM – Arkeologisk museum, Universitetet i Stavanger

DN – Direktoratet for naturforvaltning

FM – Fylkesmannen i Rogaland

JF – Jæren friluftsråd

MD – Miljøverndepartementet

NINA – Norsk institutt for naturforvaltning

NOF – Norsk Ornitologisk forening

RFk – Rogaland fylkeskommune

Foto:

AL = Anders Lundberg, Universitetet i Bergen

SAS = Audun Steinnes, FM i Rogaland

PKA = Per Kristian Austbø, FM i Rogaland

Forside: Foto og utforming, Odd Inge Worsøe

Sats: Trond Thorsen



Fylkesmannen i Rogaland
Pb 59
4001 STAVANGER Tlf: 51 56 87 00
www.fylkesmannen.no/rogaland

Forvaltningsplan for Jærstrendene landskapsvernområde med biotopvern og naturminne

Jærstrendene utgjer eit nasjonalt og internasjonalt eineståande natur- og kulturlandskap, med veksling mellom sandstrender, rullesteinstrender, morekyst og bergstrender. Naturtypene, med plante- og dyreliv på land og i dei grunne sjøområda, er blant dei rikaste i Nord-Europa. Her lever ei rekke sjeldne og truga artar. Som trekk- og overvintringsområde for ti-tusener av fugl er Jærkysten kjent over heile verda. Låg-Jæren med strendene utgjer også eit nasjonalt geologisk typeområde, som viktig kjelde for kunnskap om dei siste istidene.

Det karakteristiske kulturlandskapet er i første rekke prega av landbruk og sjøbruk gjennom mange tusen år til denne dag, med særskilde rike kulturminne. Dette landskapet har stort særpreg og identitetsverdi for grunneigarar og folk på Jæren. Natur- og kulturverdiane er på ein eineståande måte knytt saman til ein heilskap, noko som i høg grad blir verdsatt som opplevingskvalitet for fleire hundre tusen friluftsbukarar gjennom heile året.

Jærstrendene landskapsvernområde vart første gang verna ved kongeleg resolusjon 2. september 1977. Nytt revidert vern kom 12. desember 2003. I følgje verneforskrifta skal det utarbeidast forvaltningsplan for verneområdet. Planarbeidet vart meldt oppstarta i 2006. Med landskapsvern på land og i sjø, 8 fuglefredningsområde (internasjonale Ramsar-status), 9 plantefredningsområde, 4 naturminne, samt svært mange kulturminne og bruksinteresser, er området blant dei mest komplekse og utfordrande i landet.

Føreliggande plandokument er to-delt.

Første plandel kap.1 gjer greie for bakgrunn, føremål, juridisk rame og planprosess. Kap. 2 gir generell beskriving av verneverdiar, bruksinteresser og inngrepsstatus, medan kap. 3 har overordna mål, utfordringar og strategiar for forvaltninga. I kap. 4 vert prinsippa for soneinndeling gjort greie for, herunder prinsippet om differensiert forvaltning i dei 37 sonane. Kap. 5 gjer greie for dei mange bruksinteressene i høve praktisering av regelverket, i hovudsak landbruk, andre private interesser og allmen friluftslivbruk. Vidare i kap. 6 – 9 vert det gjort greie for prinsipp og handlingsplanar for skjøtsel, tilrettelegging og informasjon, overvaking og forskning, og tilsyn.

Andre plandel er ei konkretisering av plandel 1; med mellom anna verdiar, bevaringsmål, bruksinteresser og tiltak innafor dei 37 forvaltningssonane.

Fylkesmannen i Rogaland er forvaltningsstyresmakt for verneområdet og har hatt ansvaret for utarbeiding av planen. I dette arbeidet har ein hatt viktig hjelp frå medlemmene i det rådgjevande utvalet for Jærstrendene, og frå mange møte og synfaringar med kommunar, grunneigarar og organisasjonar.

Innhald

A	GENERELL OMTALE	6
1	Verneverdiar og forvaltningsplan	6
1.1	Verdien av natur- og kulturlandskap.....	6
1.2	Vernesaka.....	6
1.3	Verneform og verneføremål.....	6
1.4	Behov for forvaltnings-plan, føremål og heimel.....	6
1.5	Planprosess, godkjenning og revisjon.....	7
2	Generelle opplysningar om området	8
2.1	Geografiske data.....	8
2.2	Verneverdiar.....	8
2.2.1	Landskap, topografi og klima – eit grunnlag for naturtypane.....	9
2.2.2	Geologi.....	11
2.2.3	Botanikk og vegetasjon.....	12
2.2.4	Fugleliv og insektliv.....	16
2.2.5	Kulturhistorie.....	21
2.3	Brukarinteresser.....	23
2.4	Inngrepsstatus.....	24
2.5	Tilgrensande areal - randsone.....	25
2.6	Andre planar og føringar.....	25
B	FORVALTNING AV JÆRSTRENDENE VERNEOMRÅDE	26
3	Mål, utfordringar og strategiar	26
3.1	Overordna mål for forvaltninga av jærstrendene.....	26
3.2	Generelle prinsipp.....	27
3.3	Utfordringar.....	27
4.2	Sonekategoriar langs Jærstrendene.....	30
4	Forvaltningssonar	30
4.1	Prinsipp for inndeling i forvaltningssonar.....	30
5.1	Sakshandsaming og dispensasjonar.....	34
5.1.1	Verneforskrift og sakshandsaming.....	34
5	Bruksplan – bruksinteresser og vernereglane	34
5.1.2	Dispensasjonar.....	35
5.1.3	Grunneigarrettar og anna lovverk.....	35
5.2	Gjennomgang av brukstema – innleiing.....	36
5.3	Brukarinteresser knytt til grunneigarane / rettseigarane sin bruk av.....	36
5.3.1	Uttak av sand, grus og stein.....	36
5.3.2	Uttak av tang/tare og vrakgods/tømmer frå stranda.....	39
5.3.3	Motorisert ferdsel, parkering, campingvogner og andre transportable innretningar.....	39
5.3.4	Bygging og utbetring av køyreveggar.....	40
5.3.5	Grøfting og vedlikehald av grøfter og kanalar.....	41
5.3.6	Gjødsling, sprøyting og beiting.....	42
5.3.7	Dyrking, steinrydding, leplanting og skogsdrift.....	43
5.3.8	Utfylling og deponering av masse.....	44
5.3.9	Avfallsdeponering og brenning, St. Hans-bål.....	45
5.3.10	Naust og hytter.....	45
5.3.11	Hamner, moloar, båtstøer, båttopplag.....	48
5.3.12	Andre bygningar, anlegg og faste innretningar.....	48
5.3.13	Reiseliv og andre næringar.....	49
5.3.14	Taretråling og sjøfiske.....	51
5.3.15	Forsvarsinteresser.....	52
5.3.16	Grunnvassprospektering.....	52
5.3.17	Jakt og fangst av vilt.....	52
5.3.18	Ferdsel med hest.....	53
5.4	Allmenne brukarinteresser.....	54
5.4.1	Retningslinjer og rammer for friluftsliv.....	54
5.4.2	Bygg, anlegg, skilt/merking, andre innretningar for friluftsliv.....	55
5.4.3	Camping og telting.....	56
5.4.4	Sykling.....	57
5.4.5	Ballspel på strandflata.....	57

5.4.6	Hund og bandtvang.....	58
5.4.7	Vasskuter, vass-motorsport, seglbrett og bølgesurfing.....	58
5.4.8	Regulering av organisert/uorganisert ferdsel.....	59
5.4.9	Større arrangement og tilstellingar.....	59
5.4.10	Bruk av kulturminne.....	61
5.4.11	Rådgjevande utval for Jærstrendene.....	61
6.1	Definisjon skjøtsel.....	62
6	Plan for skjøtsel og landskapspleie	62
6.2	Heimelsgrunnlag til skjøtsel.....	63
6.3	Mål for skjøtsel.....	63
6.4	Utfordringar og truslar – status og strategiar.....	63
6.5	Generelle prinsipp for skjøtsel.....	68
6.6	Prioriteringar.....	68
6.7	Ressursbehov.....	69
6.8	Praktiske føringar.....	70
6.9	Handlingsplan skjøtsel og utbetring.....	72
7.1	Overordna rammevilkår.....	73
7	Tilrettelegging og informasjon	73
7.2	Aktuelle prosjekt og utgreiingar.....	74
7.3	Mål, prinsipp, utfordringar og strategiar.....	74
7.3.1	Mål for tilrettelegging og formidling.....	74
7.3.2	Viktige prinsipp.....	75
7.3.3	Utfordringar.....	75
7.3.4	Strategiar.....	76
7.4	Samarbeid, aktørar, ulike brukargrupper.....	76
7.4.1	Rådgjevande utval for Jærstrendene landskapsvernområde.....	76
7.4.2	Grunneigarar.....	76
7.4.3	Rogaland fylkeskommune.....	76
7.4.4	Jæren friluftsråd.....	76
7.4.5	Randaberg, Sola, Klepp og Hå kommunar.....	77
7.4.6	Arkeologisk museum - Universitetet i Stavanger, og Stavanger Museum.....	77
7.4.7	Andre foreningar og lag.....	77
7.4.8	Friluftslivsbrukarar generelt.....	77
7.4.9	Undervisning.....	77
7.4.10	Arrangement, utstillingar og andre strandaktivitetar.....	77
7.4.11	Reiselivsanlegg, kulturanlegg.....	77
7.5	Tilrettelegging og formidling.....	78
7.5.1	Naturvennlig tilrettelegging.....	78
7.5.2	Turvegar, stiar.....	79
7.5.3	Parkeringsplassar - bil, sykkel.....	80
7.6	Formidlingstiltak.....	81
7.6.1	Merker og skilt/tavler.....	81
7.6.2	Besøksenter i og ved verneområdet.....	81
7.6.3	«Nett»-formidling.....	82
7.6.4	Faktaark/opplevingsark.....	82
7.6.5	Naturlosturar.....	82
7.6.6	Skule – undervisningsopplegg.....	82
7.6.7	Kulturløyper.....	83
7.6.8	Brosjyrer, hefte og bøker.....	83
7.6.9	Foredrag og markvandring.....	83
7.7	Handlingsprogram tilrettelegging og formidling.....	83
8.1	Mål for overvaking og forskning.....	85
8	Overvaking og forskning	85
8.2	Utfordringar.....	86
8.3	Status, prioriteringar, strategiar.....	86
8.4	Handlingprogram for overvaking og forskning.....	88
8.5	Kostnader.....	90
9.1	Praktiske oppsynsoppgåver – statens naturoppsyn.....	91
9.2	Prioriteringar for oppsyn på jærstrendene.....	91
9.3	Brot på verneforskrifta.....	91
9	Oppsyn på jærstrendene	91
	Referansar.....	92

A GENERELL OMTALE

1 Verneverdiar og forvaltningsplan

1.1 Verdien av natur- og kulturlandskap

Det er eit uttrykt mål for norsk miljøvernpolitikk å sikra og ta vare på eit breitt utval av ulike naturtypar i Noreg. Natur har ein eigenverdi, uavhengig av menneskelege behov og utnytting, og er del av vår felles nasjonale naturarv. Kulturlandskap med ulik grad av kulturpåverknad over lang tid er del av kulturarven frå tidlegare generasjonar, og er slik ein del av den kulturelle arven og identitet vår. Kulturspor er viktige kjelder for kunnskap om fortias samfunn og levesett, på same vis som dagens bruk av landskapet vil gjenspegla våre behov og verdivalg for ettertida.

Viktige argument for å ta vare på og verna om natur- og kulturlandskap er i tillegg:

- Å sikra eit representativt utval av natur- og kulturlandskap med tilpassa biologisk mangfald.
- Å gje truga, sårbare, sjeldne og andre verneverdige dyre- og planteartar store nok område til å leva under naturleg tilpassa tilhøve. Ta vare på leveområda til desse artane.
- Sikre det historiske landskapspreget og kulturelementa som avgjerande for identitetskjendsle, forvaltningskunnskap og perspektiv både bakover og fram i tid.
- Sikra eigenarta eller særleg vakre landskap for framtidige generasjonar.

1.2 Vernesaka

Jærstrendene landskapsvernområde vart første gang verna ved kongeleg resolusjon 2. september 1977. Ny kunnskap om areal og verneverdiar som ikkje vart verna, kombinert med utilstrekkelege vernereglar som grunnlag for forvaltninga, førte til at fylkesmannen starta gjennomgang og revisjon av verneområdet. Revidert verneplan vart utarbeida 1992-95. Etter omfattande lokal og sentral høyring 1995-97 vart vernevedtaket utsett i påvente av Stortinget si handsaming av St. m. nr. 43 (1998-99) *Vern og bruk i kystsona*, og sidan avklaring av spørsmålet om taretrålingsforbodet. Revidert vern vart vedteke i Statsråd ved kronprinsregenten sin resolusjon 12.12.2003.

1.3 Verneform og verneføremål

Verneverdiane i område er store og samansette. I tillegg til landskapsvern, er verneformene fuglefreding (8 stk), plantefreding (9 stk) og geologisk naturminne (4 stk) nytta i ulike kombinasjonar med landskapsvern. I tillegg er Obrestad hamn og fyr, og Tungenes fyr freda etter kulturminnelova. For kvar verneform er det definert eit verneføremål, som danner grunnlaget for vurderingar om tiltak og aktivitetar kan tillatast etter vernereglane.

1.4 Behov for forvaltningsplan, føremål og heimel

Forvaltningsplanen er tufta på vernereglane. Den er retningsgjevande og har fleire føremål, der desse er dei viktigaste:

- Gje grunneigarane og andre brukarar konkrete retningslinjer for korleis forvaltningsstyresmakta vil praktisera vernereglane, og der målet er å klargjera korleis tradisjonell bruk av område kan halda fram samstundes som verne-føremålet vert ivareteke.
- Informasjon ovanfor allmenta når det gjeld verneverdiar og behov for vern.
- Gje grunneigarar, kommunar og forvaltningsstyresmakt ei oversikt over dei viktigaste oppgåvene ved forvaltninga og korleis desse bør prioriterast. Døme på slike oppgåver er skjøtsel (for å oppretthalda natur- og kulturtilstand), opprydding og tilrettelegging, informasjon, oppsyn og forskning/overvaking.

Ingen delar av forvaltningsplanen kan innebera ei skjerping eller svekking av vedtekte vernereglar. Den er berre meint å klargjera rammene for den vidare bruken og forvaltninga av område, slik at dette kan halda fram mest mogeleg fleksibelt og utan unødige konflikter med tradisjonelle brukarinteresser. Ei slik ikkje-juridisk klargjering av verneregelpraktisering vil likevel kunna leggast til grunn for eit eventuelt erstatningsskjønn.

Utarbeiding av forvaltningsplan er heimla i §7 i



FIGUR 1. Jærestrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne.

vernereglane, der det heiter: «*Forvaltningsstyresmakta kan gjennomføra forvaltningstiltak i samsvar med verneføremålet. Det skal utarbeidast forvaltningsplan for område, med nærare retningslinjer for forvaltninga av område.*»

1.5 Planprosess, godkjenning og revisjon

Fylkesmannen i Rogaland er forvaltningsstyresmakt og har ansvaret for planprosessen og utarbeiding

av planen. I forkant av høring vil Direktoratet for naturforvaltning (DN) ha ein fagleg gjennomgang. Deretter blir planutkastet sendt på lokal høring til alle registrerte grunneigarar, kjende rettseigarar, kommunar, fylkeskommune og andre aktuelle. Etter lokal høring vert utkastet eventuelt endra i høve til innkomne merknader. Direktoratet for naturforvaltning godkjenner endeleg plan, som så vert sendt til alle aktuelle partar. DN sitt godkjenningsvedtak kan påklagast til Miljøverndepartementet. Planen gjeld så inntil vidare, men bør reviderast ved behov, minimum kvart 10. år.

2 Generelle opplysningar om området

2.1 Geografiske data

Vernekart og informasjonsplakat ligg på www.fylkesmannen.no/rogaland under *Jærstrendene, Aktuelt*. Dei kan og ettersendast på førespurnad til fylkesmannen.

Verneområdet omfattar strand- og kystareal i kommunane Randaberg, Sola, Klepp og Hå. Det er omlag 70 km langt, frå rundt Tungevågen i Randaberg i nord til Sirevåg i Hå i sør, men stykka opp av mellomliggande ikkje-verna område. Breidda av verna landareal varierer mellom omlag 10 og 650 meter. Omlag 25 km av strekninga er sanddynekyst, medan resten er stein- og bergkyst. Høgaste punktet er Vigdelveten i Sola kommune, med ei høgd på 67,3 moh.

Landskapsverna landareal (både med og utan overlappende spesialvern)

Randaberg kommune ca. 1480 daa (1,6 km²)
Sola kommune ca. 2160 daa (2,3 km²)
Klepp kommune ca. 2310 daa (≈ 2,5 km²)
Hå kommune ca. 6750 daa (≈ 7,1 km²)
Samla utgjer dette ca. 13,5 km² fastland og ca. 2.7 km² øyer og holmar.

Landskapsvern i sjø

Landskapsvernet strekk seg ned til 5 m djup i sjø. I tillegg er to større sjøområde (Reve – Orre, og Oгна) landskapsverna ned til eit djup på 20 meter.

Spesialverna land- og sjøareal (varierande overlapping med landskapsvern)

- Geologisk naturminne i 4 område, samla 320 daa (0,3 km²)
- Plantefreding i 10 område, samla 2894 daa (2,9km²)



FIGUR 2. Friluftsliv på Hellestø. Foto: Jæren friluftsråd

- Fuglefreding i 8 område, samla landareal 4200 daa (4,2 km²) og sjøareal 118780 daa (118,8 km²)

I tillegg er Obrestad fyr og hamn, og Tungenes fyr, freda etter kulturminnelova.

2.2 Verneverdiar

Jærstrendene utgjer eit nasjonalt einestående natur- og kulturlandskap, med veksling mellom sandstrender, rullesteinstrender, morekyst og bergstrender; det heile prega av menneskeleg verksemd og sær s rike kulturminner gjennom mange tusen år.

Natur- og kulturverdiane er på ein einestående måte knytt saman til ein heilskap, som det også internasjonalt er vanskeleg å finne maken til. I tillegg til landskapsvern har området ei rekke biotopvernområde, geologiske naturminne, kulturminne-fredingar og automatisk freda fornminne.

Jærstrendene er eit av dei eldste kulturlandskap i landet, med djup og mangfoldig brukshistorie, i første rekke knytt til landbruk. Dette landskapet har stort særpreg og identitetsverdi for grunneigarar og folk på Jæren.

Eit unikt fugleliv med ti-tusener trekkfugl og overvintrande fuglar gjer Jærkysten kjent blant ornitologar over heile verda. Fuglefredingane inngår i «Jæren Våtmarkssystem», som har internasjonal Ramsar-status og skal forvaltast deretter. Eit planteliv tilpassa dei særprega kysttilhøva gjer at mange artar her lever på si utbreiingsgrense. Mange av artane er sjeldne eller direkte truga.



FIGUR 3. Lappsøve. Foto: R.S Karlsen

2.2.1 Landskap, topografi og klima – eit grunnlag for naturtypane

Med sine lange sandstrender og rullesteinstrender skil jærstrendene seg frå det meste av kysten i landet (Lundberg 2010). For alt levande liv i naturen representerer jærstrendene spesielle miljøtilhøve som krev spesielle tilpassingar og som gjer at artsmangfaldet i stor grad skil seg frå andre delar av kysten. Det er også årsaka til at det langs jærstrendene finst mange spesielle naturtypar som berre finst i større sanddynesystem eller på rullesteinstrender.

Landskapet er i hovudtrekk eit ope og storlina landskap med høg horisont og himmel som vender seg mot storhavet i vest. Landskapet er etter måten flatt til småkupert, og vekslar mellom bergkyst, rullestein- eller steinblokkkyst, og sanddynekyst.

I Randaberg, ved Hellestø i Sola, Ognå i Hå, og i skjærgarden i vest, kjem berget fram i dagen som større område med bergkyst.

I Hå spesielt er det rullesteinstrender som dominerer, nokre av dei finast utforma og lengste i Nord-Europa. Dei er viktige av mange årsaker, ikkje berre i kraft av sitt spesielle biologiske mangfald (planter, fuglar og dyr), men også som naturhistoriske monument som fortel om tidlegare tiders miljøendringar (klimaendring, havnivåendring, landskapsendring). Derfor er dei umistelege og uerstattelege naturmonument som det er viktig å ta vare på. Denne strandtypen er opprinneleg morenemateriale, avsett for ca. 14 000 år sidan, og etterpå prega av stormsjø.

Havet har på ulike vis forma kystprofilen. Landheving og sjøerosjon i tjuke morenemassar har såleis skapt den særprega forma brattskrenten, klinten eller «brekkå» som han gjerne vert kalla på Jæren. Særleg fint utforma er dette landskapet ved Obrestad, men også ved Reve og Stavnheim er det velutvikla former. Dette er ein nasjonalt sjeldsynt landskapstype.



FIGUR 4. Naust på Kvalbein. Foto:A. Lundberg



FIGUR 5. Strandnellik (*Armeria maritima*) Foto P.K. Austbø

Det er svært mykje litteratur og data om natur, kultur og brukshistorie, jamfør litteraturlista. Mellom anna revidert verneplan (FM1995) har inngåande beskriving av verneverdiar. I det følgjande er berre dei mest sentrale verneverdiane kort samanfatta.



FIGUR 6. Sanddynelandskapet er blant dei mest sjeldne og sårbare naturtypene i landet. Foto: A. Lundberg



FIGUR 7. Det freda øyriket Håstein – Rott utgjør ein eigen landskapstype; rik på fugle- og planteliv. Foto:P.K. Austbø



FIGUR 8. Rullestein- og blokkstrand er ein annan hovedstardtype. Dette skuldast underliggende morene som er blitt vaska fram i dagen. Spesielt Hå er rik på slike strender. Foto:A. Lundberg



FIGUR 9. Bergstrand, med glimmerskifer og fylitt, preger stranda over store strekk i Randaberg og Sola. Foto:A. Lundberg



FIGUR 10. Moreklint-kyst ved Reve, utforma ved høgare havnivå for 7500 år sidan. Foto:P.K. Austbø



FIGUR 11. Tusenårig kulturlandskap i Randaberg vert halden godt i hevd som naturbeite med kulturminne. Foto:A. Lundberg

Sanddynekysten er truleg det mest kjende varemerke for Jærstrendene. Spesielt fine utformingar finn ein ved Oгна, Orresanden, Bore, Hellestø og deler av Solastranda. Dette er eit ekstremt dynamisk landskap, kontinuerlig i utvikling og påverka av hav, vind og vegetasjon.

Frå ytterste kystline med naturprega strandtypar går landskapet over i eit særprega kulturlandskap med vekslende tradisjonell kysthei, fulldyrka mark, gjødsla beite, steingardar og mange andre kulturminne.

Typisk for klimaet langs jærstrendene er kjølege somrar og milde vintrar, det som kan karakteriserast som eit kjøleg-temperert, vintermildt oseanisk klima. Langs jærkysten er vekstperioden over 200 dagar i året og mellom dei lengste i landet. Plantelivet langs jærstrendene har derfor svært gode klimatiske veksttilhøve (Lundberg 2010). Også nedbøren påverkar plantelivet og naturtypene, både mengde nedbør og korleis han er fordelt gjennom året. Obrestad fyr har i snitt 1309 mm nedbør i året (normalperioden 1961-90). Våren er den tørraste årstida med 64 mm som lågaste månadmiddel i april. Mange av plantene som veks her er fysiologisk tilpassa periodevis tørke ved at dei er tørkeresistente på ulike måtar.

2.2.2 Geologi

Bergrunnen kjem fram i dagen fleire stader i verneområdet, ofte med sær illustrerande overgangar mellom ulike bergarter. I Randaberg er strandsonen prega av store områder med fyllitt/glimmerskifer («råtafjell»). Dette er opprinneleg sand og leir som vart avsett i ur-tidas hav. Seinare

har geologiske prosessar (skuvedekke i kambrosilur-tida) pressa desse sedimentene saman til fyllittberg, spesielt tydeleg på Tungenes.

Sørover i verneområdet finn ein bergarter som dels ligg under fyllitten, dels er skuva over denne (skuvelag). Såleis finn ein det særprega landskapet mellom Vigdel og Hellstø, med glimmerskifer, svart amfibolitt og kvartsitt. Vidare sørover Jærkysten er bergrunnen i hovudsak dekkja av enorme lausmassar, avsett av brear og bre-elver gjennom 3 ulike istider, og sidan bearbeida av sjø og vind. Under lausmassane ligg grunnfjell med vekselvis gneisar, glimmerskifer, kvartsitt og fyllitt. Ved Brusand og Oгна kjem berget fram i dagen igjen, men då som ein heilt anna bergart; anorthositten. Dette er ein djupbergart (100% feltspat), og tilhøyrer det såkalla Egersundfeltet. Bergarten forvittrar dårleg, noko som gir eit nakent og haugete landskap med runde knattar forma av isskuring.

Og så går det eit markert geologisk skilje frå bergartane langs kysten til bergartane grønnstein og grønskifer i skjærgarden med Rott, Håsteinsgruppa og Kjør. Desse er opprinneleg vulkansk havbotn-lava, som gjennom skuvedekke-perioden vart pressa opp og omdanna til skifer som i dag utgjør fruktbart fjell på øyene.

Kvartærgelogisk (historikk istider/varmertider) er Jæren av nasjonal interesse, i første rekke på grunn av godt bevarte sedimentmektheter som vitneprov. Det føreligg derfor også mange eldre og nyare vitenskaplege arbeider, der teoriane og «modellane» for dei geologiske prosessane er i stadig utvikling (til dømes Øyen 1903, Grimnes 1909, Eægri 1940, Herikstad 1956, Anundsen & Sollie 1987, Janocko 1998, Sejrup 1999, og Knudsen 2006).

Ei stor endemorene («Listamorenene») vart avsett ved brefronten for ca 15 000 år sidan, på slutten av siste istid. Denne ligg i stor grad ute på «sokkelen» utanfor Jæren, men går langs land frå Raunen ved Brusand til Revtingen, der morena går i sjøen att. Endemorenen, saman med utvaska botnmorene, har skapt rullesteins-strendene som noko av det mest særprega ved landskapet langs Jærstrendene.

Då den store innlandsisen dekte landet, gjekk det mange breelver under breen. Breelvene tok med seg leire, sand og grus som blei avsette der vatnet hadde mindre fart. Då isen forsvann, blei dette materialet liggjande igjen som store ryggar, så-

kalla drumlinar. På Jæren er det mange av dei, også langs kysten. Ein av dei mektigaste er ryggen som i dag utgjør gardane Reve og Hodne og som er med på å demme opp Orrevatnet.

På slutten av siste istid, og før landhevinga skaut fart, stod havet langt innover dagens land. Ved stormsjø vart det då kasta opp rullestein som vol-lar eller ryggar i landskapet, såkalla strandvollar. Desse hadde stor utbreiing i gamal tid, men er langt på veg fjerna ved masseuttak og dyrking. Men langt inne på land ved Byberg, Reve og Orre er framleis fine døme på slike strandvollar, freda som naturminne. Dei eldste, tilhøyarande «Allevatn-trinnet», syner havnivå for ca 10500 år sidan, medan dei yngre, til dømes ved Byberg og Tangarhaug, høyrer til «Tapes-trinnet» (ca. 8000 år gamle), begge klassiske døme for seinglasiale avsetningar i Norden. På Børaunen i Randaberg, og Øyren i Kvasseimbukta, er tilsvarande strandvollar under aktiv utforming av havet i dag. Både dei gamle og dei aktive strandvollane gjev svært verdifull informasjon om den kvartærgeologiske utviklinga i denne delen av landet, og viser m.a. korleis landheving og havstiging har veksla gjen-nom tidene med fleire istider og mellomistider.

Under Tapes-trinnet stod havet langt innover land, med grunne bukter og fjordarmar innover Jæren. Fin-sand frå elver, bølgeerosjon og kyststraum vart avsatt i desse grunne områda. Ved påfølgjande landheving, vart desse sedimenta blottlagt og ut-sett for sterke vindar. Dette ga den første omfat-tande flygesand-perioden på Jæren, mest frå 4800 år og yngre (Prøsch-Danielsen & Selsing 2009). Seinare har menneskeleg aktivitet, som skogfjer-ning, lyngbrenning, intensivt beite og oppdyrking av sandmark, vore hovedårsak til flygesand heilt opp til nyare tid.

2.2.3 Botanikk og vegetasjon

Nye botaniske registreringar (Lundberg 2010) har



FIGUR 12. Børaunen naturminne, aktiv strandvoll. Foto:P.K. Austbø

stadfesta og utvida kunnskapen om Jærstrendene sine botaniske verdiar. Spesielt sanddyneområda og dei ugjødsle delene av rullesteinsstrendene har unike nasjonale og til dels internasjonale kvalite-tar for naturtypar og plantesamfunn, med svært høgt tal for raudlisteartar (Artsdatabanken 2008).

Dei kalkrike strandengene og dynetraua i sand-dyneområda ha ei lang rekke næringskrevjande planteartar som orkidear, gåsemure, kattehale og jærsoete, men også sjeldsynte og spesielt tilpassa mosar, lav og soppartar.

På rullesteinsstrendene samlar det seg mykje tare, som gir grunnlag for nokre av dei finast utvikla eit- og fleirårige tangvollsamfunna i Nord-Europa, med særprega planteartar som østersurt, skjørbuk-surt, tangmelde og strandsmelle.

Strandsumpene langs desse strendene har også stor artsrikkdom

Den næringsrike grønnsteinsbergarten på øyrike i vest gir, saman med guano frå fuglelivet, used-vanleg rik vegetasjon som strandnellik, rosenrot, strandsmelle og strandkvann, men også karakter-istisk sonar med svart, grå og gul lav.



FIGUR 13. Fuktig dynetrau bak frontdynene på Sola. Blant dei sjeldnaste naturtypar i landet. Foto:A. Lund-berg



FIGUR 14. Fuglefjell-eng med strandsmelle og jåblom. P.K. Austbø

Dei viktigaste botaniske lokalitetane er spesielt freda i tilsamans 9 plante-fredingområde. I desse er følgjande plantesamfunn freda mot skade eller øydelegging av einkvar art: Kulturbetinga engvegetasjon, kystlyngheivegetasjon, fattig tuvemyr, sandstrandvegetasjon, driftvoll, strandberg og fuglefjell-vegetasjon, og strand- og strandsumpvegetasjon. Ei rekke einskildartar er også ferda, jfr.lista under.

Freda artar jfr. §3 A.5	Døme på veksestader i verneområdet
Ormetunge	Ogna, Kvalbein, Kjør Orre
Berghøymole	Hellestø, Vigdel, Tungenes
Sandslirekne	Nærland, Refsnes, Orre
Sølvmelde	Kvalbein, Bore, Nærland, Vigdel Brusand, Reve, Børaunen Ogna, Orre, Hellestø
Saftstjerneblom	Obrestad, Vik, Sola Brusand
Nikkemelle	Kvalbein Ogna, Brusand, Orre
Gulfrøstjerne	Varhaug, Hellestø
Strandkål	Skeie, Håstein
Trefingersildre	Tungenes Ogna
Småmure	Brusand, Skeie, Vigdel Ogna Kvassheim
Blodstorkenebb	Orre, Vigdel Ogna, Brusand
Engstorkenebb	Varhaug, Ølberg, Tungenes, Obrestad
Steinstorkenebb	Tungenes
Sandnattlys	Bore Hellestø
Strandtorn (Strandtistel)	Kvalbein, Orre, Bore?, Sele Brusand Reve
Kystvintergrønn	Orre Ogna
Kusymre	Vigdel, Vistnes, Ogna Obrestad
Klokkesøte	Ogna Brusand
Jærsøte (Bittersøte)	Kvalbein, Refsnes, Bore, Vigdel, Sola Ogna, Brusand, Orre, Hellestø Brusand, Reve
Smalsøte	Orre?, Sola? Brusand?
Bakkesøte	Kvalbein, Refsnes, Bore, Vigdel, Ølberg, Sola Ogna, Brusand, Orre, Hellestø,
Østersurt	Varhaug, Vik Reve, Håstein, Børaunen
Vårmarihand	Orre Ogna



FIGUR 15. Dyneeng med særs stort mangfold på Orre.
Foto:A. Steinnes



FIGUR 16. Den sjeldsynte klokkesøte veks i ugjødsle kysthei.
Foto:A. Lundberg



FIGUR 17. Freda orkide purpurmarrihand.
Foto:A. Lundberg

Truga vegetasjonstypar og raudlista artar


Det følgjande er i all hovudsak henta frå Anders Lundberg si ferske rapport (2010). Naturtypekartlegginga som ligg til grunn for denne rapporten er den første i sitt slag for Jærstrendene. Der er derfor først no ein ser det fulle og heile mangfaldet av naturtypar. Desse er i kontinuerleg endring, dels som følgje av naturlege prosessar, men i høg grad også av ymse bruk som turgåing og badeliv, riding, surfing, beiting, deponering av avfall, gjødsling og mange andre. Nokre av desse aktivitetane er positive for naturkvalitetane, som moderat beite, mens andre bidrar til å erodere naturkvalitetane over tid.

Vegetasjonstypar

Jærstrendene landskapsvernområde er eit område med stor variasjon i naturtypar og i artsmangfald. Dei ulike planteartane fordeler seg på ulike gruppe; nokre er vidt utbreidde, andre er sjeldsynte; nokre er å finne i mange slag naturtypar, andre er berre å finne i sanddyneområde.

Det er registrert tilsamans 12 hovedytpar vegetasjon etter Fremstad (1997). Gjennom feltarbeidet 2008-2009 vart det funne ytterlegare 14 undertypar av desse, og vidare 100 meir detaljerte vegetasjonsutformingar. Naturtypar som dominerer i landskapsvernområdet er sanddyner og rullesteinstrender. Store sanddynesystem er sjeldsynte i Noreg og dei på Jæren er mellom dei største og mest velutvikla i landet.

Likeså er rullesteinsstrendene nokre av dei lengste i landet, stadvis med sær verdifull vegetasjon og sjeldsynte artar. I tillegg er det ein del strandberg og kulturbetinga engvegetasjon. Til alt hell er det også igjen restar av kystlynghei og myr, som i stor grad bidreg til naturvariasjonen.



FIGUR 18. Figuren viser at 31 (av 100) vegetasjonstypar er trua i landskapsvernområdet. Dei kritisk trua vegetasjonstypane fordeler seg heller jamt på ulike vegetasjonstypar: kulturbetinga eng (3), kystlynghei (3), myr (2), vasskant- og vassvegetasjon (2), rik langskotvegetasjon (2) og havstrand (3). Alle vegetasjonstypane i kategorien sårbare er havstrandstypar. Fra A. Lundberg (2010)

Kor mange artar er trua i landskapsvernområdet?

Kartlegging i 2008-2009 synte 100 trua raudlista planteartar i landskapsvern-området. Dette er eit tankekors med tanke på at dei her finst i eit verna område. Ei forklaring er at tilbakegangen for nokre av artane skjedde før landskapsvernområdet blei oppretta, men dessverre er det også slik at mange artar slit den dag i dag og er i tilbakegang pga. sterk påverknad frå ymse areal-bruk. Forvaltninga av området må derfor ha som målsetting å snu denne negative trenden, slik at dei raudlista artane blir sikra levedyktige førekomstar, i tråd med intensjonen for vernet.

Karplanter	55
Mosar	9
Sopp	28
Lav	5
Kransalgar	3
Til saman	100

Fra A. Lundberg (2010)

Trua raudlistartar i Jærstrendene landskapsvernområde


I tillegg til desse 100 artane er mange andre i tilbakegang; så som blåmunke, raudknapp, kystfrøstjerne, bakkestjerne, flekkgrisøyre, blodstorkenebb, lodnerublom og mange andre som er så typiske for velutvikla og uforstyrta, etablerte sanddyner. Særleg slit dei i dei mest besøkte sanddyneområda, som i Sandebukta og på Solastranda.

Karplanter

Figuren nedanfor viser at 11 artar er utrydda frå landskapsvernområdet (solblom, bete, dvergmarinøkkel, vasskjeks, tusengyllen, sandskjegg, dvergsevaks, strandraudtopp, kvitkurle, jærtistel og vårsalat). Den største gruppa er kategorien kritisk trua, med 26 artar, dvs. 47 % av dei raudlista karplantene i landskapsvern-området. Ti artar er sterkt trua, to er sårbare og fem er nær trua.



FIGUR 19. Engmarihand og bekkeblom på Orrer. Foto: A. Steinnes



FIGUR 20. Figuren viser korleis dei 55 raudlista karplantene i verneområdet fordeler seg på trusselkategori, i høve Noreg. Fra A. Lundberg (2010)

Dersom utviklinga fortset med same trend som fram til i dag, vil fleire av dei kritisk trua artane gå over i gruppa utrydda. Det er ikkje roande at 21 av dei raudlista artane synest å ha stabile førekomstar. Dei er alle trua og med små og få populasjonar som er sårbare for miljømessige endringar. Det er eit tankekors at ingen av dei raudlista karplantene i dag er i framgang.

Det er fleire årsaker til at så mange artar går tilbake. Ei er at nokre av dei er sørlege, varmekjære artar som på Jæren opptrer ved eller nær den absolute nordgrensa. Mange av desse artane har alltid vore sjeldsynte på Jæren. Fordi dei veks ved si klimatiske nordgrense er dei sårbare for mange typar miljøendring, ikkje minst trakk og slitasje. Dette gjeld såleis artar som sandskjegg, strandtorn og sodaurt. Ei anna årsak er oppgjødsling og tidlegare oppdyrking.

Mosar

Mosane er ei viktig plantegruppe i landskapsvernområdet. Dei fyller mange viktige økologiske funksjonar og er viktige i jordsmonndanninga og



FIGUR 22. Gulbrun trevlesopp (*Inocybe dulcamara*) i naturmark. Foto:A. Lundberg



FIGUR 21. Engstorkenebb inngår i gras/urte-tangvoll, Taravika, Ølberg Foto:A. Lundberg

utviklinga i sanddyneområda. Dei bidreg til å stabilisere sanden og dempar sandflukt, dei held på væte og gjer det levelleg for mange andre artar som elles ville tørke ut og forsvinne. Dei har og mykje å seie for jordfaunaen og dermed også insektliv og fugleliv. Utbreiing og bevaringsstatus for mosane er ikkje like godt kjent som for karplantene. Den nasjonale raudlista inneheld ni mosar som er kjende frå Jærstrendene landskapsvernområde, 3 av desse er sterkt truga:

- Trådmoldmose (*Oxyrrhynchium pumilum*)
- Bunkerblomstermose (*Schistidium helveticum*)
- Dynevrिमose (*Tortella flavovirens*)

Sopp

I sanddynene veks spesialiserte soppar som er knytte til sanddyner og som er sjeldsynte eller fråverande i andre naturtypar. I seminaturlege naturtypar som naturbeitemark veks ei anna gruppe spesialiserte sopp, såkalla beitemarkssopp. Beitemarkssoppene er knytte til gamle, ugjødsle enger og beitemarker. For å sikre artsmangfaldet er det viktig at beitemarkene ikkje blir gjødsle. Heller ikkje soppene er like godt kartlagde som karplantene, men 28 raudlista artar er kjende frå landskapsvernområdet.



FIGUR 23. Kransalge-sjøbotn, med skjørkrans (*Chara virgata*) og busttjørnaks (*Stuckenia pectinata*). Ognåå Foto:A. Lundberg



FIGUR 24. Messingmose (*Loeskyprnum badium*). Foto:A. Lundberg

Lav

Også lav er ei viktig organismegruppe i landskapsvernområdet. Dei veks på mange slag substrat, i sanddynene, i beitemark, dynehei, på strandberg og på fuglegjødsla stader. Mange av dei er økologiske spesialistar som er knytte til spesielle veksttilhøve og dei er derfor gode miljøindikatorar. Det er kjent fem raudlista lavartar frå landskapsvernområdet, alle vurderte som sårbare i Noreg.

Kransalger

Også kransalgane er gode miljøindikatorar som fortel om helsetilstanden i vatn og vassdrag (fig. 23). Dessverre har også dei fleste av kransalgane gått sterkt tilbake og er i større eller mindre grad trua, i første rekke grunna tidlegare oppdyrking av fuktige dynetrau, bekkelukkingar og nedslamming/næringsoverskot. Vanleg kransalge (*Chara globularis*) er døme på ein art som framleis veks m.a. i dynetrau på Oгна og i Vaulen.

2.2.4 Fugleliv og insektliv

I zoologisk samanheng finn ein dei største kjende verdiane blant dei ornitologiske førekomstane. Ikkje noko anna stad i landet er det registrert så mange ulike fugleartar innafor eit så avgrensa område (minst 300 artar). Gjennom året vert landskapsvernområdet gjesta av mange hundetusentals individ, (truleg snakkar ein om millionar). Nokre tilbringer heile vinterhalvåret her, medan andre rastar berre nokre dagar. Felles for alle er at Jærstrendene har ein viktig funksjon anten som hekkplass, overvintringsplass, rasteplass eller myteplass. I våre dagar har auka trafikk og uroing gjort sitt til at dei fleste hekkfuglane langt på veg er



FIGUR 25. Buttvrिमose (*Tortella inclinata*). Foto:A. Lundberg

borte frå sjølve strandflata, medan øyene framleis er viktige hekkeområde for kolonihekkande sjøfugl. Den viktigaste funksjonen til den landfaste delen av landskapsvernområdet er som raste- og næringssøksområde for store antal fuglar under trekket, særleg vade-, måke og andefuglar. Sær viktig er hausttrekket, som hos vadefuglane byrjar alt i starten på juli. Kor store tal av dei ulike artane som nyttar Jæren kan variere sterkt frå år til år, ofte er det vertilhøva (vindretning og nedbør) som avgjer om fuglane rastar her eller andre stader.

Stavanger museum med ringmerkingsstasjonen på Reve har dokumentert dette heilt tilbake frå 1920-talet; i 2009 vart det såleis ringmerka opp mot 13.000 fuglar.

Det er og viktig å vere merksam på at Jærstrendene ikkje hadde vore det same utan kulturmarka og ferskvatna på innsida. Mange fugleartar nyttar alle desse ulike naturtypene, dersom vannstanden er låg kan til dømes mange vadefuglar raste i Orrevatnet. Det er stor trafikk i løpet av døgnetet av fuglar som pendlar mellom ferskvatn, åker og strand. Ein må derfor sjå desse områda i samanheng når ein skal diskutere forvaltninga av dei like areala.

Jærkysten har 8 fuglefredningsområde, kvar for seg med særlege biotopverdiar for bestemte artar. I tillegg er det sær viktig spesielle biotopar som betyr mykje for rasting og fødeopptak; så som skogteigane for spurvefuglar, råtnande og insektsrik tare og tarevollar, og andre småbiotopar som bekkesig ute på strandflata.



FIGUR 26. Sandlo. Foto:R.S. Karlsen

Dei grunne havområda utanfor kysten har også særskilt viktig økologisk funksjon for tusenvis av overvintrande ender og sjøfugl, nokre av dei sjeldsynte artsartar. Sommarstid har ytre skjærgard mellom anna Europas største bestand av hekkande toppskarv. Stortare-skogen i verneområdet er den mest produktive i Noreg, og inneheld eit ekstremt høgt naturmangfald, som igjen er avgjerande for mattilgang for fugleliv, fisk og sel.

Jæren våtmarksystem – internasjonalt Ramsar-område

I Noreg finst det i alt 37 Ramsar-område, utpeikt som internasjonalt viktige våtmarksområde (www.ramsar.org). Sjå kart Ramsarområde på Jæren, nettsider: Fylkesmannen.no/rogaland - Miljøvern, Jærstrendene, Aktuelt.



FIGUR 27. Råtnande tare er matfat for trekkfugl i tusental. Foto:R.S.Karlsen



FIGUR 29. Toppdykker trivst i våtmarkene på Jæren Foto:R.S KArslen

Våtmarkssystemet er utan samanlikning det viktigaste området for våtmarksfugl i Noreg, spesielt som trekk- og overvintingsområde for ti-tusener ender, gjess, svaner, dykkere, måkefugl og vadere. Naturreservatene på Låg-Jæren (til dømes Orrevatnet) er blandt dei viktigaste hekkeområda i

næringsrike vatn i landet. Våtmarkssystemet har meir enn 1% av de biogeografiske populasjonar av fleire fugleartar, og dekkjer 6 av samla 9 verdikriterier i konvensjonen. Verdien av dette store økologiske våtmarkssystemet for fugle-, plante- og dyreliv kan ikkje undervurdast!



verne dei viktigaste våtmarksområda og delta i internasjonalt samarbeid om våtmarker. **Jæren våtmarkssystem** inneheld 16 naturreservat på Låg-Jæren, og 6 fuglefredningsområde langs Jærestrendene. I 2009 vart det gjort framlegg om at også det store skjærgårdsområdet Kjør-Rott-Håstein skulle inn i systemet.

FIGUR 28. Jæren våtmarkssystem vart godkjent i 1985 som internasjonalt viktig våtmarksområde; som følge av Noregs medlemskap i Ramsar-konvensjonen. Som medlem har Noreg forplikta seg til å



FIGUR 30. Grågås har auka kraftig i antal etter fredning i overvintingsområda i Europa. Foto:R.S Karslen



La gardar med viber få vera i fred!

Han bestefar, ja, han e sikkert i Staden.
Han va jo ein gilde og fredsæla mann.
Han hadde slikt godlag med hestar og baden.
Og ungar så grein tydde alltid til han.

Nå rusle han tur med Vårherre om kvelden.
Dei drøse om jordbruk og ny industri.
Men bestefar tenkje på vibå og tjelden
Og ber om at markene deira går fri.

Ja, svare Vårherre og smile i skjegget.
Jo, bygdå di, Karl, e bra så hu e.
Ein engel ska fyga og sei frå oss begge:
La gardar med viber få vera i fred!

Karthon Håland, Randaberg

FIGUR 31. Foto: Jan Kåre Ness

Dei 11 viktigaste delstrekningane for hekkande fokusartar (Folvik 2001).

Børaunen, Randaberg
Sandlo Raudstilk

Vistevågen-Dønnevika, Randaberg
Tjeld Vipe

Søre Stranda/ Kolnes, Sola
Svartbak Raudstilk

Solastranden S – Ølberg havn, Sola
Heiplierke Tornirisk Skjærpiplerke Terner

Borestranden (Sele kai – Reve kai), Klepp
Tornsangar Heiplierke Songlerke Terner

Revtangen
Ærfugl, gravand, tjeld, sandlo

Orresanden – Orreelva, Klepp
Tornirisk Buskskvett

Skeie, Klepp
SandloTjeld Storspove Fiskemåke

Nærlandsstranden – Hå Prestegard, Hå
Fiskemåke Terner Sandlo Tjeld Vipe

Hårr- Kjørkjetangen, Hå
Songlerke Storspove Heiplierke Fiskemåke Tjeld Sandlo Raudstilk
Terner Skjærpiplerke Vipe

Grødalandsbekken N -Husveggstøa S Hå
Steinskvett Skjærpiplerke

Kjørkjetangen-Vaulen/Brusand, Hå
Fiskemåke Songlerke Tjeld

Vaulen/Brusand – Ognasanden, Hå
Tornsangar Heiplierke Terner Storspove Fiskemåke Buskskvett

Eit utval truga fugleartar langs Jærkysten «Raudlista for Rogaland»

CR – kritisk trua
Åkerrikse *Crex crex*
Lomvi *Uria aalge*

EN – sterkt trua
Knekkand *Anas querquedula*
Svarthalespove *Limosa limosa*
Lappfiskand *Mergus albellus*
Horndykkar *Podiceps auritus*

VU – sårbar
Lunde *Fratercula arctica*
Storlom *Gavia arctica*
Krykkje *Rissa tridactyla*
Makrellterne *Sterna hirundo*

NT – nær trua
Songlerke *Alauda arvensis*
Bergirisk *Carduelis flavirostris*
Teist *Cephus grylle*
Dverglo *Charadrius dubius*
Vandrefalk *Falco peregrinus*
Jaktfalk *Falco rusticolus*
Sjørre *Melanitta fusca*
Storspove *Numenius arquata*
Steinskvett *Oenanthe oenanthe*
Toppdykkar *Podiceps cristatus*
Tjuvjo *Stercorarius parasiticus*
Stare *Sturnus vulgaris*
Vipe *Vanellus vanellus*
Brushane *Philomachus pugnax*



FIGUR 32. Tistelsumarfugl på den sjeldsynte Jærtistelen. Foto:A. Steinnes

FIGUR 33. Dobbeltbanda blomsterflue (*Episyrphus balteatus*) pollinerer jåblom (*Parnassia palustris*). Foto:A. Lundberg



FIGUR 34. Larve av seksflekka bloddråpesvermar (*Zygaena filipendulae*). Foto:A. Lundberg



Insektliv

Insektlivet langs Jærkysten etter måten mindre kjent enn plante- og fuglelivet. Mellom andre Tore Nilsen (1988, 1997) har likevel dokumentert ein sær sarsrrik og til dels unik insektfauna for landet, der dei spesielle naturtilhøva med mikroklima, geologi med kalkrik sandmark, florarikdom i ugjødsla bakdyner og fuktige dynetrau dannar livsmiljø for mange ulike og vekslande inseksthabitat. Innan insektgruppene storsommarfugl, blomsterfluger og andre tovenger er det totalt funne 344 artar, 50 av desse er økologisk sterkt knytta til eller til no berre funne i sanddynebiotopane. Fylgjande område synest å vera dei mest interessante og viktigaste for insektfaunaen: sanddyne, bakdynelandskapet, engene og barskogen på Orre og Ognå. Fleire av dei sjeldnaste artane er funne i desse områda. H. Løvbrekke (2007) har dokumentert at sandstrendene på Jæren truleg er det viktigaste leveområde for edderkopp *Arctosa perita*.

Denne rikdommen vert stadfesta av nyare undersøkingar i 2004-2008 (NINA 2009). I undersøkingområdet ved Brusand vart det registrert heile 111 artar av veps, tovinger, biller og nebbmunnar; mange av dei «raudlisteartar». I tillegg kjem mange andre artar som mellom anna maur, humler, svermarar, edderkoppdyr m.fl.

2.2.5 Kulturhistorie

Jærkysten var blant dei områda i landet der jegerfolk først etablerte seg etter siste istid. Teoretisk kan dette ha skjedd så tidleg som for 14 000 år sidan (Thomsen 1988). Jærestrendene er eit nasjonalt eineståande kulturlandskap, med sær mange og rike kulturspor i samangenhende kontinuitet opp til dagens nyare kulturminne. Kulturminna og deire verdi for landskap, identitet og oppleving står derfor sentralt i verneføremålet. Kjende automatisk freda kulturminne (fornminne) er lista opp under dei einskilde soneskjema i delplan 2. Ulike slags nyare kulturminne er nemnt i §3 A- pkt. 1 i verneforskrifta. Sjå også nettstaden www.kulturminnesok.no/.

Steinalder-busetnad

Spor etter fangstfolket si busetting finns ofte i elveosar og oppover elvefara, som til dømes langs Figgjoelva og ved Håelva. På Hå gamle prestegard vart ein 8400 år gamal buplass funne under rullesteins-strandvollen. (Bang-Andersen & Thomsen 1993). Likeeins er Svarthola på Viste i Randaberg («Vistehola») ein av dei viktigaste steinalder-undersøkingane i nyare tid. Tilsvarande er den såkalla Slettabø-buplassen på Oгна i Hå sær godt kjend. Han var i bruk for 3.-5.000 år sidan, då var dette ein skjærgard med holmar og sund.

På dei internasjonalt kjende «flintmarkene» på Orre og Sele i Klepp, og på Solasanden, vart det allereide i forrige århundre samla inn flintreidska-par, hovedsakeleg pilspissar og skraparar.

Helleristningar

I bronsealderen stod vatnet omlag 5 m høgare enn idag, og skipsfigurane var den gong plassert heilt nede i strandsona. Ute på Rott i Sola ligg det



FIGUR 35.

Dyrespenn
frå gravfelt på
Kvassheim. Foto:
Arkeologisk
museum/UiS.

«Jærens jord er
som en sagabok
som aldri tar
slutt.» (Teodor
Dahl. Under
Jærens himmel.)

ein skålgropstein, som har minst 10 «offergrøper» hoggen inn. Også ved Hellestø hamn er det helleristningar i berget.

Gardsanlegg

Det er ei lang rekke spor etter gardsanlegg frå jernalder, til dømes på Kvassheim, Varhaug, Reime og Obrestad. Det mest komplette anlegget ligg på garden Reime, med 3 hustufter, 1 geil, 2 gardfar, 1 åkerrein, 14 rydningsrøyser og 3 høystakktufter (gjerne kalla «alvedansar»). I tillegg til gravfeltet finns det og einskiltliggande gravhaugar bevart i nærområdet.

Gravhaugar og strandgravfelt

Store gravhaugar står fram som særmerkte trekk i landskapet mange stadar langs Jærkysten. Dei vert landemerke mot himmelbrynet, slik dei bryt med dei naturlege linene i terrenget. Eit spesielt godt døme på slike monumentale byggverk er Tangarhaug på Sele (bronsealder), Varehaugen på Nord-Varhaug, Steinhaug på Varhaug og Grøderøysa i Randaberg. Denne siste er seinare restaurert.



FIGUR 36. Grøderøysa på Vistnes i Randaberg. Fornminne truleg frå eldre jernalder, den største «langhaugen» av sitt slag i fylket. Foto:A. Lundberg



FIGUR 37. Gullbrakteat fra Kvasshemgravene. Foto: AmS/UiS

«Den som ikke har med seg 3000 år av sin historie, lever fra hånd til munn». Goethe

Dei såkalla strandgravene og strandgravfelta, der gravrøysene gjerne er bygd av rullestein frå strendene, er også eit særtrekk for Jærkysten. Strandgravene er av høg nasjonal verdi og er prioriterte kulturminner. Dei er bevart i større og mindre konsentrasjonar på dei fleste gardane frå Sele i nord til Kvasshem i sør. Den største samlinga ligg på Kvasshem der det på eitt av felta er heile 74 gravrøyser, frå tidleg-romersk tid til ut i vikingtid (Lillehammer 1996). Andre større strandgravfelt finn til dømes på Hårr, Varhaug, Nord-Varhaug, Grødaland, på Obrestad og Reime, og ikke minst bør ein nemna feltet nordvest for Hå gamle prestegard. Det siste feltet viser stor formvariasjon, her er det rundrøyser, langrøyser, båtforma-, rektangulære-, kvadratiske og stjerneforma røyser. Gravfelta har vore i bruk i det meste av jernalderen, men dei fleste gravferdene stammar frå yngre romertid og folkevandringstid, omlag 300 - 600 e.Kr.



FIGUR 38. Det gamle seilingsmerke på Revtingen er erstatta av ein ny kopi, utført av Jæren Kystlag. Foto:P.K. Austbø

Nyare kulturminner (etter år 1537).

Det fører her for langt å gå inn på alle typar nyare kulturminne langs Jærkysten. Omfanget er enormt, som uttrykk for den verdien kyststripa har hatt for overleving, tru, identitetskjenne, kommunikasjon og samfunnsstruktur gjennom tusener av år (Thomsen 1996, 2004. Lye 1978). Kulturlandskapet er i seg sjølv eit stort kulturminne, inkludert dagens landskapsuttrykk med dyrkingsmark, beiter, gamle vegar, stiengardar og dyrkingsrøyser. Kystkulturen er sær mangfoldig, med fyranlegg, hamner, naust og naustuffer, tarelaer og seglingsmerke. Dei mange fritidshyttene representerer det ein kan kalla fritidsminne, mens hundretals festningsverk frå 2 verdskrig utgjør krigsminne. Av åndelege minner peikar Varhaug gamle kyrkjegard seg ut; nært kopla til marine kulturminne med skipsvrak og redningshistorie

FIGUR 39. Kvernhus og tørkehus på Bodle i Hå, er døme på restaurerte nyare kulturminne Foto A. Lundberg





FIGUR 40. Storfje-beite langs strendene i Hå. Foto:A. Lundberg



FIGUR 41. Aktivt landbruk er viktig for å vedlikehalde kulturlandskapet, her frå Randaberg. Foto:A. Lundberg



FIGUR 42. Framleis tradisjonelt kystfiske frå kulturminnefreda Obrestad hamn. Foto:A. Steinnes



FIGUR 43. Sandebukta i Randaberg er fuglefreda og regionalt friluftsområde - ein krevjande kombinasjon. Foto:P.K. Austbø

2.3 Brukarinteresser

Det er uvanleg mange og komplekse brukarinteresser, samanlikna med dei alle fleste verneområder i landet (FM 1995: Revidert verneplan for Jærstrendene). Det er omlag 450 grunneigarar, dei fleste er aktive gardbrukarar, men også mange som hytteeigarar. I tillegg kjem eit stort tal rettseigarar, som har gamle rettar langs strendene. For landbruksinteressene vil det vere viktig å kunne oppretthalde og evt. vidareutvikla eksisterande drift av areala, men også behalde gamle strandrettar (vrakgods, tang, stein, sand og grus

og naustrettar). Likeeins vil også dei mange hytteeigedommane ha sine interesser ivareteke.

Verneområdet er eit svært viktig nær-rekreasjonsområde for ein folkesetnad på omlag 220.000 menneske. I tillegg til vanleg ferdsle er det ei rekke meir spesielle og nyare friluftaktivitetar, som til dømes bølgesurfing og dragesegling (kiting). Reiselivsnæringa er i aktiv utvikling gjennom ei rekke anlegg. I sjøområda er det aktivt småbåtfiske, og det er omfattande hausting av stortare.



FIGUR 44. Jarnskot skjemmer framleis strandsona nokre stader. Foto P.K. Austbø



FIGUR 45. Bygg heilt inntil vernegrensa gir svært lite rom for verneverdiar og friluftsliv. Foto:A. Lundberg

FIGUR 46. Ulovlig kjøyring med hest og sulky gjennom sanddyner. Foto:P.K. Austbø



2.4 Inngrepsstatus

Det er mange uheldige eldre og nyare aktivitetar og anlegg i området. Dette pregar delar av landskapet. Døme på dette er ulike slag bygningar, einskilde hamner, søppel, dyrkings- og gjødslingspress. Aktive avfalls- og massedeponi, masseuttak, saman med ulovleg køyring, utgjer i dag dei mest tydelege utfordringane i så måte.

Det er ei vesentleg utfordring å skapa forståing for at dei mange små og tilsynelatande lokalt avgrensa inngrepa over tid vil innebera svært mange inngrep frå nord til sør. Samla sett undergrev dette landskapsvernets intensjonar.

Positiv utvikling

Sett over tid, og spesielt dei siste 10 -15 åra, er det likevel også mange gode utviklingstrekk. Brukarundersøkingar (FM 2005) og jamnlege tilbakemeldingar vitner om at både lokale og tilreisande folk er særst opptekne av dei unike verneverdiane, og set stor pris på opplevingskvalitetane. Ulovlege anlegg og bygg, deponeringar og ulovleg kjøyring er sterkt redusert, samstundes som Jæren friluftsråd, fylkeskommune, kommunar og grunneigarar gjer ein betydeleg innsats med søppelrydding og anna skjøtsel, tilretteleggingar og informasjon.



FIGUR 47. Der det kan kjøyrast bil der kjøyrer ein bil, også i verna sanddyner. Foto P.K. Austbø



FIGUR 48. Harde tak for sanddynene i eldre tider. Foto:Robert Collett, Nasjonalbiblioteket



FIGUR 49. I dag nokre av dei finaste dynelandskap i landet, her frå Borestranda Foto:A. Lundberg



FIGUR 50. Blomstereng på tidlegare nedslitt parkeringsareal, Regestranda Foto:A. Steinnes

2.5 Tilgrensande areal - randsoner

Generelt er områda aust for verneområdet i intensiv bruk, i første rekke ved landbruk, men også med tettstader, campingsplassar, utbyggingar og infrastruktur av mange slag. Desse områda har framleis eit ope og særmerkt landskapspreg, som ei viktig rame for verneområdet. Naturprega restareal og eit «nettverk» av linjedrag med elver, steingardar og vegetasjon har stor verdi for det biologiske mangfaldet. På same måte har sjøområda og øyrike store biologiske og estetiske verdier.

Randsona mot vernegrensa kan ikkje definerast som eit fast avgrensa areal. Arealomsyn i denne sona vil vere avhengig av dei faktiske følgjene av ymse aktivitetar, t.d. hyttebygging, industri, vindmøller, parkeringsanlegg og drenering. Slik tiltak kan ha uheldige følgjer for verneverdiane, både når det gjeld biologisk mangfald, landskap og økologiske prosessar. Det er derfor viktig at tilgrensande areal vert forvalta slik at tilstanden i verneområda ikkje vert skada. Normalt skjer dette ved handsaming etter lovverk som plan- og bygningslova, jordlova, vass-ressurslova m.fl. I § 49 i ny Naturmangfoldlov (2009) heiter det om utanforliggende verksemd: *Kan virksomhet som trenger tillatelse etter annen lov, innvirke på verneverdiene i et verneområde, skal hensynet til disse verneverdiene tillegges vekt ved avgjørelsen av om tillatelse bør gis, og ved fastsetting av vilkår. For annen virksomhet gjelder aktsomhetsplikten etter § 6.*

2.6 Andre planar og føringar

- **Ny Naturmangfoldlov (2009, www.lovdata.no)** gir ein rekke lovreglar og føringar for forvaltninga, mellom anna knytt til forvaltningsmål, krav til kunnskap, rettslige prinsipp, skjøtsel og tilsyn.
- **Fylkesdelplan for Jærkysten (Rogaland fylkeskommune 1996)** vart vedtatt av fylkestinget i Rogaland 11. juni 1996, sidan godkjent av Miljøvern-departementet samstundes med revidert vernevedtak i 2003. Planområdet går ut i sjø og inn i landet så langt som dette er vesentleg for forvaltninga av verdiane i strandsona. Fylkesplanen og verneplanen skal utfylle kvarandre med omsyn til areal- og verkemiddelbruk.
- **St.m. nr. 43 (1998-99)** Vern og bruk i kystsona gir viktige føringar for forvaltninga av sjø-ressursane.
- Miljøverndepartementet sitt framlegg av 12.12.2003 til **kronprinsregentens resolusjon** om vern av Jærstrendene gir mange konkrete føringar.
- Oppstartsmelding ny **marin verneplan** for Jærkysten 2009.

B FORVALTNING AV JÆRSTRENDENE VERNEOMRÅDE

3 Mål, utfordringar og strategiar

3.1 Overordna mål for forvaltninga av jærstrendene

Førekomstar og kvalitet av natur- og kulturverdiane, slik desse er definert i verneføremålet (§2), skal oppretthaldast og utviklast i eit langsiktig 200-års perspektiv.

“1) Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på det eigenarta natur- og kulturlandskapet på Jærstrendene med sine særmerkte strandtypar og dei geologiske, botaniske, zoologiske og kulturhistoriske element som medverkar til å gje området eit særpreg.

2) Føremålet med fuglefredingsområda er å ta vare på fuglelivet som er knytta til områda og nyttar desse som trekk-, hekke- eller overvintringsplassar, vidare å ta vare på fuglane sitt livsmiljø i områda.

3) Føremålet med plantefredingsområda er å ta vare på sjeldne planteartar og plantesamfunn og deira naturlege livsmiljø.

4) Føremålet med dei geologiske naturminna er å ta vare på representative forekomstar som viser korleis landet har utvikla seg gjennom tidene.»

Naturrikdommen med særprega landskap, planter, fuglar og deira leveområder er heilt unikt i landet og av internasjonal verdi. Sikring av det samla biologiske mangfaldet skal stå sentralt som arbeidsmål for forvaltninga.

Jærstrendene har nasjonalt eineståande strandgrav-felt og andre fornminne. Mangfaldet og historisk djubde av desse fornminna, andre kulturverdier og brukstradisjonar skal dokumenterast, sikrast og så langt som råd vidareførast gjennom samarbeid og smidig forvaltning. Dette inneber framleis utvikling av det aktive jordbrukslandskapet og skjøtsel av semi-naturlege landskapstypar, innafor verneføremålet.

Jærstrendene sin nasjonale verdi som friluftslivområde skal oppretthaldast, gjennom aktiv stimulering og tilrettelegging for det enkle friluftsliv.

I planperioden skal aktiv satsing på dialog og ulik informasjon bidra til auka kunnskap og forståing for natur- og kulturminnearva, og naudsynte forvaltningstiltak for å sikre denne.

Vidare er det definert eigne mål, prinsipp og strategiar under kvart plan-tema jamfør kap. 6 til og med 9.

Bevaringsmål og forvaltningsmål er nye og viktige mål-typar knytt til verneområde-forvaltning, jamfør nye Naturmangfaldlov (2009). Måla er framleis under metodisk utvikling nasjonalt; men forsøksvis brukt i forvaltningssonene på Jærstrendene - sjå *Forvaltningsplan del 2*. Der finn ein og overordna bevaringsmål for viktige naturtypar på Jærstrendene.



FIGUR 51. Den sterkt truga arten svarthalespove har no fått eigen handlingsplan. Foto: J.K. Næss

3.2 Generelle prinsipp

Forvaltninga skal ha eit langsiktig berekraftig perspektiv slik at verneverdiane vert oppretthaldne på kort og lang sikt. Forvaltningstyresmakta vil legge avgjerande vekt på verneverdiane i alle tilfelle av vesentlege interessemotsetningar, med tydeleg, rettvís og forutseibar sakshandsaming.

Dei naturlege og seminaturlege prosessane skal normalt få gå sin gang der dette er mogleg, innfor forsvarlege grenser for tryggleik og næringsutvikling.

Føre-var-prinsippet skal leggjast til grunn. Det inneber at dersom ein er i tvil om kva konsekvensar eit tiltak kan få for miljøet og landskapet, skal tvilen koma desse verdiane til gode. På same måte skal ein unngå irreversible inngrep.

Verneverdiane og bruksinteressene er ikkje likt fordelt over heile verneområdet. Dette skal handterast etter prinsippet om differensiert forvaltning og gjennom inndeling av område i forvaltningssonar.

Området skal framleis kunne brukast til næring og rekreasjon, men utan å redusere mangfaldet av kulturminne og naturverdiar direkte eller indirekte.

Det enkle, ikkje-motoriserte friluftslivet skal vera retningsgjevande for informasjon, tilrettelegging

og aktivitet, herunder prinsippet om universell tilrettelegging.

Det skal leggjast vekt på lokale interesser og ønsker frå grunneigarar, kommunane og friluftsråd. Det rådgjevande utvalet skal ha ein aktiv funksjon. Likeeins skal ein i størst mogleg grad kanalisera midlar og praktisk tilsyn gjennom lokale samarbeidsaktørar.

3.3 Utfordringar

I det følgjande vert det gjort kortfatta greie for hovedutfordringar og strategiar knytt til forvaltninga av Jærstrendene. Desse er utdjupa, med strategiar og handlings-program, under dei einskilde plantema i kap. 6 - 9. Vidare er utfordringane og strategiane viktige som grunnlag for inndeling i dei tre forvaltningsone-kategoriar A, B og C (kap. 4).

Kunnskap - Overvaking og forskning

Det ligg føre store mengde kunnskap om natur- og kulturverdiar, inklusiv brukstradisjonar, i og ved verneområdet. Til dømes er det minst 70 år med fugleregistreringar, og over 100 år med systematisk kulturminnekartlegging. Det er ei stor utfordring å kvalitetsikre dette materialet på ein systematisk måte som grunnlag for forsvarleg forvaltning av verneverdiane, og for forskning og kommunikasjon med besøkande og grunneigarar.



FIGUR 52. Orkideen islandsgrønkurle veks på Orre, truleg som einaste plass i Noreg. Foto: A. Steinnes

Biotop-funksjonane er ikkje systematisk kartlagt eller overvaka på Jærstrendene. Ny botanisk kartlegging (Lundberg 2010), nye arts-handlingsplanar og innsatsen i høve fuglelivet (Stavanger museum og NOF), utgjer eit særst viktig grunnlag i så måte. Rundt 85 % av artane på den norske raudlista er trua av habitatendringar. Truleg er prosenten høg også for dei mange sjeldne artane på Jærstrendene. Auka kunnskap om biotopverdiar og funksjonar, og derav målretta skjøtsel og anna forvaltning, framstår som ein av dei viktigaste utfordringane i planperioden.

Landbruk og tilpassa skjøtsel

Jærstrendene utgjer eit unikt kulturlandskap, med eit mangfald av kulturminne frå mange slags bruk og historiske periodar. Det aktive landbruket er ein viktig premiss for oppretthalding av kulturlandskapet, noko som vernereglane tek høgde for. Samstundes utgjer dagens meir intensive drift ein av dei største utfordringane for ei god bevaring



FIGUR 54. Lett beitetrykk på ugjødsla naturbeite hindrar tilgroing og fremjer det sjeldne plantelivet. Foto: P.K. Austbø



FIGUR 53. Insekter som sumarfuglen dagpåfuglaug er heilt avhengige av eit rikt planteliv. Foto: A. Lundberg

av verneverdiane, til dømes ved drenering og oppgjødsling, men også ved mindre tradisjonelt beite i rik naturbeitemark.

Det er omfattande skjøtsel- og restaureringsbehov i høve til dømes gamle og nyare inngrep og fyllingar, søppel, slitasje, rik natur- og kulturmark og kulturminnemiljø. Dette medfører eit klart behov for kunnskap om optimal skjøtsel og bruk. Godt samarbeid med grunneigarar og landbruksnæringa vil vere avgjerande i så måte.

Allmenn bruk

Jærstrendene er eit av dei mest besøkte naturverna område i landet, med ei rekke offentleg sikra friluftareal. Både soling og badeliv, men ikkje minst turgåing gjer Jærstrendene til heilårlig mål for minst 300 000 strandbrukar. Dette friluftslivet har uvurderlig verdi for trivsel, fysisk og psykisk helse, opplevingar og identitetkjensle, og for positive haldningar til natur- og kulturminnevern.



FIGUR 55. Fint restaurert naustmiljø i Sele hamn held ved like gamle tradisjonar. Foto: A. Steinnes

Fylkesmannen vil derfor framleis stimulere og tilrettelegge for denne bruken. Allemannsretten etter friluftslova skal vere sentral rettesnor og mål for fylkesmannen sitt arbeid.

Samstundes skal allemannsretten vegast mot konsekvenser for sårbare natur- og kulturverdiar, og private arealrettar og landbruk. I så måte registrer fylkesmannen ein klar samanheng mellom friluftsliv i høve til slitasje på fornminne og sjeldsynt planteliv (spesielt i sanddyneareal).

Fuglelivet, med vekt på fuglefredingane, er under sterkt forstyringspress og krev snarlege avbøtande tiltak, om naudsynt med ferdselsreguleringar. Det er derfor generelt ikkje ønskjeleg å auke ferdsel og friluftsliv ytterlegare i sårbare sonar, men heller kanalisere dette til dei meir slitesterke delområde (diffensiert forvaltning).

Mange og stadig nye friluftslivinteresser inneber til dels eit konfliktpotensiale mellom dei ulike brukargrupper; til dømes plasskrevjande nye friluftslivformer, ymse strand-idrettar, arrangement, privatiserande tilstellingar, hundehald, riding osv. Den omfattande friluftslivbruken skal også føregå med minst mogleg ulempe for grunneigarar og landbruk. Det er ei stor utfordring å få til ei balansert og konflikt-dempande forvaltning mellom brukarinteressene.

Mange små inngrep over tid

Særprega landskapsformer og mange av biotopane er svært sårbare mot inngrep, både i stor og liten skala. Verneområdet er langt, men særsmalt. Den smale kystsona ber i nokon grad preg av fleire hundre eldre terrenginngrep. Nye inngrep er sterkt redusert, men framleis skjer til dømes deponering, masseuttak i dyner, uønska tilretteleggingar og slitasje. I seg sjølve kan dei virke ubetydelege, men samla over tid fører dei til «forvitring» at landskapskarakter og biotopfunksjonar.

God dialog og informasjon

Fylkesmannen har røynsle for at det er brei semje om å ta vare på landskap-, natur- og kulturminneverdiane på Jærstrendene for ettertida. Etter første vernevedtak for meir enn 30 år sidan har verdien av særskilt vern og restriktiv forvaltning etterkvart fått brei forståing og aksept, ikkje minst på bakgrunn av det særskilte presset på ikkje-verna landbruksareal og naturmangfald på Låg-Jæren elles gjennom same periode.

Det er likevel store utfordringar knytt til betre dialog og kommunikasjon mot sentrale brukargrupper, i første rekke landbruk og grunneigarar,



FIGUR 56. Oppgjødsling av naturbeite er i dag den største trusselen mot naturrikdommen i verneområdet. Foto:A. Steinnes



FIGUR 57. Surfingar på Bore, ny og naturvenleg friluftslivaktivitet - på dei rette stadene. Foto:PK. Austbø



FIGUR 58. Barn i fri leik på sandstranda ein sumardag. Foto:PK. Austbø

men også kommunal forvaltning og regionale friluftsliv- og reiselivsaktørar. For mange grunneigarar representerer vernet klare begrensingar på utvida landbruksdrift, og ikkje minst sterke kjensler knytt til opplevd tap av full råderett og forvaltaransvar for eigen eigedom. Friluftsliv- og reiselivsaktørar som kommunar/frilufsråd, fylkeskommune og lokalt næringsliv kan ha ei noko anna vektlegging av tiltak enn grunneigarar og fylkesmann. Dei mange ulike aktørane og ansvarstilhøve utgjør samstundes ei vesentleg utfordring for både grunneigarar og allmenne brukarar som søker kontakt og informasjon i det daglege. Fylkesmannen meiner det er et stort potensiale for å utvikle og samordne dialogprosessane. Partane har eit gjensidig ansvar for dette.

4 Forvaltningssonar

4.1 Prinsipp for inndeling i forvaltningssonar

Jærstrendene har med heimel i naturmangfaldlova tre verneformer. Landskapsvernet er gjennomgåande hovedverneform. I tillegg er det på avgrensa areal nytta biotopfreding (fuglefreding og plantefreding) og naturminne-freding (geologisk) i ulike kombinasjonar med landskapsvern, jamfør vernekart og § 2 i vernereglane. Dette fører til at ulike delar har varierende restriksjonsnivå og i nokon grad forvaltnings-praksis. Generelt vil areal med kun landskapsvern ha den mildaste form for restriksjonar, medan ein i biotopvernområda og geologiske naturminne vil ha etter måten streng praksis og oppfølging.

Variasjonen i bruk, naturverdiar og restriksjonsnivå skapar behov for lokalt tilpassa, såkalla differensiert forvaltningspraksis, ved å dele verneområdet opp i tilpassa sonar. Inndelinga i slike forvaltningssoner er eit av verkemidla for å få til eit slikt «skreddarsydd» forvaltningsregime. Dette vil kunne lette skjønnsutøvinga ved til dømes handsaming av dispensasjons-søknader, og prioritering av økonomisk og praktisk innsats for skjøtsel og tilrettelegging.

Ei soneinndeling er såleis også eit reiskap for for variert tilrettelegging for friluftsliv og landbruksbasert næringsutviklingreisliv, tilpassa føremålet med vernet. Sonering kan og gjere det lettare å unngå skade og forstyrring av sårbare artar gjennom ei bevisst styring av ferdsle, nye tiltak og aktivitetar.

I forvaltningsplanlegging er det vanleg å dela verneområdet inn i ulike sonar. Føremålet er å skjerma verneverdiane og samstundes ivareta bruksinteresser på ein avklarande og konflikt-dempande måte. DN-handbok nr. 17 (rev. 2008) gir krav og retningsliner for soneinndeling. Desse er i hovudsak fulgt også på Jærstrendene.

4.2 Sonekategoriar langs Jærstrendene

Dei naturlege landskapstypene kan grovt delast inn i **bergstrand**, **rullesteinsstrand** og **sandstrand**, alle med tilhøyrande kulturlandskap. Desse strandtypene gir eit naturleg utgangspunkt for soneinndelinga. I tillegg kjem føringar som:

- verneverdiar
- grad av sårbarhet for verneverdiane og opplevingskvalitetar
- grad av ymse påverknad og bruk
- behov for oppfølging og konkrete tiltak (til dømes landskapspleie, økologisk skjøtsel, tilrettelegging og informasjon mm)

På dette grunnlaget er området delt opp i tre kategoriar sonar:

- A - Spesielt store verneverdiar
- B - Vanleg kulturlandskap (dominet av jordbruk)
- C - Spesiell tilrettelegging og bruk



FIGUR 59. Sone A - Børaunen i Randaberg har fire verneformer "lag på lag"; eit særprega landskap med internasjonale plante- og fugleverdiar, naturminne, kulturminne og aktivt jordbrukslandskap. Foto A. Lundberg

Sonekategori A Spesielt store verneverdiar	
Kriterium	<ul style="list-style-type: none"> ■ RAMSAR-område/fuglefredingsområde, botaniske fredingar, geologiske naturminne. Referanseområde. ■ Spesielt stor variasjon av naturtypar og artsmangfald, truga arter/biotopar. Representative suksesjonstrinn og dynamikk. ■ Spesielt verdifulle landskap, med stor identitetsverdi ■ Rike kulturminneområde, variasjon og historisk kontinuitet, mangfaldig brukshistorie og lokale tradisjonar. ■ Fråver av vesentlege inngrep
Forvaltningsstrategiar	<ul style="list-style-type: none"> ■ Verneverdiane skal ha overordna prioritet. Streng handheving av regelverk, om naudsynt ved regulering av ferdsel i biotopområde, jfr. verneforskrift. ■ Streng praksis i høve til alle former for inngrep og uheldige aktivitetar. Naturen sine eigne prosesser skal i så stor grad som råd halda fram utan menneskeleg påverknad utover den som følgjer av tradisjonelt landbruk og enkelt friluftsliv. Vedlikehald av bygg og anlegg kan halde fram etter vernereglane. ■ Oppretthalde tradisjonell landbruksdrift på verdifull kulturmark. Samarbeidsprosjekt for å fremje verneverdiane (skjøtsel, bruk av ulike økonomiske verkemiddel) har høgaste prioritet. ■ Sonene skal forvaltast som område der ein gjennom enkelt friluftsliv kan oppleve spesielle verdiar. Prioriterte informasjonstiltak om opplevingskvalitetar og verneføremål i sonar med spesielt formidlingspotensiale. Varig tilrettelegging berre dersom det er naudsynt for å avgrense slitasje på verneverdiar, eller for å unngå mogleg fare.



FIGUR 60. Sone B Kulturlandskap med beitemark og steingardar, Reime i Hå. Foto:A. Lundberg

Sonekategori B Vanleg kulturlandskapsone	
Kriterium	<ul style="list-style-type: none"> ■ Det dominerande, omfattande kulturlandskapet med meir eller mindre aktivt landbruk. ■ Store landskaps- og verneverdiar i kombinasjon med store og mange brukarinteresser. ■ Inneheld ofte spesielle eller truga einskildartar og naturtypar, kultur- eller landskapselement av stor verdi, men på avgrensa areal. ■ Etter måten lav inngrepsgrad, men med til dømes hytter, vegar/køyretraséar, meir intensive landbruksareal. ■ Viktige friluftsområde med større grad av tilrettelegging.
Forvaltningsstrategiar	<ul style="list-style-type: none"> ■ Behalde den låge graden av inngrep samstundes som ein ivaretek omsynet til aktivt landbruk, friluftsliv og andre bruksinteresser. ■ Nye former for bruk som ikkje er i strid med verneføremålet kan tillatast, som nisjenæring i landbruk og reiseliv. ■ Lokale initiativ og ønskje om skjøtsel og tilrettelegging skal prioriterast. ■ Ein vil oppmuntre til og gi løyve til tiltak som kan førebyggje konflikt mellom til dømes landbruk og friluftsliv.



FIGUR 61. Sone C – Solastranden, store besøkstal og tilretteleggingsbehov. Foto:Norsk Fly- og flyfoto

Sone C - Spesiell tilrettelegging og tiltak	
Kriterium	<ul style="list-style-type: none"> ■ Meir avgrensa område som er intensivt nytta til friluftsliv, reiseliv, satsingsområde fyr og anna kulturaktivitet, hamner og sjøbasert aktivitet. ■ Hovedinnfallsportar til verneområdet. ■ Lange brukstradisjonar, utviklingspotensiale, «partnerskapsområde» (RFk. 2004 – FINK) ■ Omfattande tilrettelegging, ferdskategori 1 (DN 2008).
Forvaltningsstrategiar	<ul style="list-style-type: none"> ■ Prioritert innsats for restaurering og vedlikehald av opplevingskvalitetar. ■ Omfattande tilretteleggings- og informasjonstiltak, konfliktdemping. ■ Spesielle føre-var-omsyn til nærliggande A-sonar og landbruksnæring. ■ Tiltak i samband med næringsutvikling/landbruksdrift vil kunne lokaliseras til desse sona dersom det ikkje strir mot verneføremålet og kjem i klar konflikt med opplevingsverdiane. ■ Sonene kan framleis verte intensivt nytta til friluftsliv, med vekt på universell utforming. Ein vil difor kunne tillate noko tyngre tilrettelegging for friluftsliv i denne sona, men ikkje slik at det kjem i konflikt med overordna landskapsomsyn eller landbruksinteresser. ■ Stimulera til at kulturlandskapa vert tradisjonelt skjøtta/vidareutvikla.

Det er viktig å vere klar over at vernereglane, og bruksrettane i samsvar med desse, gjeld uavkorta og uavhengig av sone og sonekategori. Soneringa er derfor i første rekke eit hjelpemiddel for mest mogleg målretta og lokal tilnærming i forvaltninga. Sonene skal fungere meir avklarande i høve til restriksjonsnivå for dei mange bruksinteressar og grunneigarar spesielt. Vidare skal dei styre prioritering av overvaking og forskning, og bruk av økonomiske midlar til skjøtsel og tilrettelegging.

Til dømes vil sonering kunne gi signal om til dømes noko meir fleksibel dispensasjonspraksis i høve til landbrukstiltak innanfor sone B eller C, medan dette vil kunne vera meir konfliktfylt i sone A. Tilsvarende vil tilrettelegging for ferdsle kunne vera meir aktuelt innanfor sone C der ferdsla allereie er stor, i motsetnad til sone A med truga fuglearter og sårbare fornminne. A-sonar vil på same måte ha forvaltningsstyresmakta sin prioritet i form av tiltak knytt til skjøtsel eller restaurering, oppsyn, overvaking og informasjon. Forvaltningsplan del II gir oversikt over forvaltningssonene frå Randa-bergbukta til Ognasanden.

5 Bruksplan – bruksinteresser og vernereglane

Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne omfattar fleire forskjellige verneformer, åleine eller i ulike kombinasjonar av landskapsvern, geologisk naturminne, plantefredingsområde og fuglefredingsområde. Dette er gjort fordi dei varierende verdiane i dei ulike områda har ulike behov for vern. Både forbodsglane og reglane for unnatak varierer mellom dei ulike verneformene.

Rundskrivet *Direktoratet for naturforvaltning nov. 2001 (rev. 2009/2010)*: vil vere førande for forvaltningsstyresmakta si skjønnsutøving. Likeeins er det i Miljøverndepartementet sitt framlegg til vernevedtak 2003 gitt ein del konkrete føringar for tolkinga av verneforskrifta. Også den nye Naturmangfaldlova (mellom anna § 48, om dispensasjonar) vert lagt til grunn i retningslinene som følgjer.

Tilstand på vernetidspunkt - referansegrunnlag

Jærstrendene er eit dynamisk landskap med aktive naturprosessar og mellom anna landbruk i utvikling. Det er derfor behov for referansegrunnlag av kva tilstand på verneverdiar og landskapspreg som vernet og forvaltninga skal ivareta, skjømte eller restaurere. I utgangspunktet er det tilstanden på vernetidspunktet som utgjer dette overordna referansegrunnlaget (DN 2008). Dette må tilpassast lokale bevaringsmål for vernet og den aktive bruken og naturprosessane. For areal som vart verna i 1977, er dette tidspunktet framleis referanse.

For areal som vart inkludert i verneområdet ved revidert vern i 2003, eller fekk endra vernestatus, er det tidspunktet for nytt vernevedtak som legg føringar for forvaltninga.

Framleis bruk og utvikling

Hovedføremålet med landskapsvernet er å sikra eigenarten og heilskapen i landskapsbildet. Tradisjonell bruk som på vernetidspunkt kan som hovedregel halda fram uhindra av vernereglane. Det er såleis ynskeleg å oppretthalda kultur-påverknad, til dømes husdyrbeiting for å unngå tilgroing og endring av verdifull kulturmark. Framleis drift og bruk er ikkje avgrensa til tradisjonelle bruksmåtar, så lenge det vert teke naudsynt omsyn til landskapsverdiane, og at nye tiltak og bruk er avklara i høve til vernereglane.

5.1 Sakshandsaming og dispensasjonar

5.1.1 Verneforskrift og sakshandsaming

Verneforskrifta (vedlegg bakerst) er eit juridisk dokument som regulerer tilhøve til anna regelverk og sett fast kva råderettsavgrensingar som gjeld for brukarar av område. Forskrifta set også juridiske rammer for forvaltningsstyresmakta sitt handlingsrom, slik at dette ikkje kan bli meir lem-

peleg eller strengare enn det verneføremålet og vernereglane tilseier.

Forskrifta for Jærstrendene er kompleks, men systematisk bygd opp. Etter innleiande reglar (§ 1 og § 2) om avgrensing og verneføremål følgjer reglane i §3 som gjer greie for forbod (pkt.1.1) i landskapsvernområdet (pkt. A), og deretter spesielle forbodsreglar for biotopvern, og naturminne (pkt. B, C og D).

Deretter (§ 4) følgjer nokre generelle unntak frå forboda, for aktivitetar som utan vidare kan gjennomførast. I § 5 følgjer så ei rekke spesifiserte dispensasjonsreglar som opnar for høve til å søke dispensasjon. Den generelle dispensasjonsregelen i § 6 er etter 01.07. 2009 erstatta av § 48 i naturmangfaldlova.

Når ein skal vurdere reguleringa av ei bruksinteresse er det viktig å lese heile forskrifta, der reglane følgjer ei slik systematisk 3-delt samanheng (forbod, unntak, dispensasjon). Dette systemet er også følgt i kvart av brukstema-kapitla nedanfor.

Rutinar for sakshandtering

1. Det er føremålstenleg å ta tidleg kontakt med fylkesmannen for å få avklart behov for søknad.
2. Dersom dispensasjon er naudsynt skal skriftleg søknad som hovudregel sendast til Fylkesmannen i Rogaland. I særskilt naudsynte tilhøve kan beskjed om utfallet gis umiddelbart, men alltid med påfølgjande skriftleg avklaring frå fylkesmannen. Søkar skal dokumentere og grunngje søknad i tilstrekkeleg grad.
3. Fylkesmannen vurderer så saka i høve til verneføresegnene (strid med verneføremålet, spesielt forbod, dispensasjonsheimel).
4. Fullført sakshandsaming skal innebere følgjande (ikkje uttømmmande, jfr. Forvaltningshandboka og Forvaltningslova):
 - Vedtaket skal fullt og heilt klargjere spesifikk heimelsgrunnlag i forskrifta, og vere «sjølberande».
 - Som hovudregel skal det nyttast klare vilkår for å ivareta verneføremålet i samband med dispensasjonar.
 - Vedtaket skal vere skriftleg, grunngjeve og vise til dei faktiske tilhøve som vedtaket byggjer på, samt grunnlagsdokumentasjon.
 - Det skal orienterast om klagerett, naudsynt tilleggshandsaming etter anna lovverk, og evt. naudsynt løyve frå grunneigar/rettshavar.
 - Fylkesmannen sender kopi av alle dispensasjonsvedtak til DN.
5. Tidsfristen for klage er normalt 3 veker. Ei klage skal rettast til DN som klagehandsamar, men

sendast om fylkesmannen. Klagevedtak i DN er endeleg.

5.1.2 Dispensasjonar

Dispensasjonar er særskilt gitte løyve til gjennomføring av tiltak eller aktivitet som vernereglane i utgangspunktet har forbod mot. Det må altså først avgjerast om ynska tiltak faktisk er forbode i vernereglane, slik at det er naudsynt med dispensasjon. Vernereglane i § 5 inneheld fleire såkalla spesifiserte dispensasjonsreglar.

Dersom ein søkand om dispensasjon ikkje fell inn under nemnte § 5, må søkanden vurderast etter § 48 i naturmangfaldlova. Denne erstatta frå 01.07. 2009 den generelle dispensasjonsregelen § 6 i verneforskrifta. I § 48 heiter det mellom anna at forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå eit vernevedtak dersom det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom sikringsomsyn eller omsyn til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt å dispensera.

Dispensasjonar kan gis for eit einskild tiltak avgrensa i tid, eller som fleirårig dispensasjon (t.d. 3 -5 år). Sistnemnte er mykje nytta for brukarar som har gjentakande og konkrete behov, til dømes motorisert transport eller nytting av strandrettar. Slike dispensasjonar vil raskt kunne forlengast.

Det vil normalt nyttast vilkår i samband med dispensasjonssaker, til dømes motorisert ferdsel langs godkjente trasear, tidsavgrensing eller plassering av eit bygg. Forvaltningsstyresmakta har rett til å trekke dispensasjonen tilbake ved brot på vilkåra. Avslag på søknad om dispensasjon er eit einskildvedtak og kan påklagast etter reglane i forvaltningslova (kapittel VI). Eventuelle vilkår knytt til dispensasjon eller einskildvedtak om tilbaketrekking av dispensasjon kan også påklagast. Fylkesmannen kan gje nærare informasjon om korleis ein går fram ved klage på vedtak.

Sakshandsaming etter naturmangfaldlova skal normalt vere strengare enn etter anna lovverk, til dømes PBL, og innebere mindre rom for skjønn. Biotopvernområda og naturminna har i så måte høgare restriksjonsnivå enn landskapsvern aleine.

5.1.3 Grunneigarrettar og anna lovverk

Grunneigarane beheld eigeleiddomsretten. Vernet endrar heller ikkje grunneigar sine rettar og plikter som følgjer av anna lovverk, men med restriksjonane i verneforskrifta. Grunneigar har til dømes framleis rett til å nekta motorferdsle eller andre

tiltak på sin eigedom. Grunneigarretten set også grenser for kva tiltak forvaltningsstyresmakta utan vidare kan gjennomføre på eigedommen.

Anna regelverk enn naturmangfaldlova gjeld i tillegg til verneforskrifta. Ein søknad om t.d. bygg må handsamast både etter plan- og bygningslova og etter verneforskrifta, medan tiltak knytt til dei mange freda kulturminna krev eiga handsaming etter kulturminnelova.

Forskrifter gitt med heimel i naturmangfaldlova vil normalt gå føre andre lovar eller forskrifter dersom det er motstrid mellom ulike lovverk. Det vil difor ofte vere naturleg at forvaltningsstyresmakta handsamar ein søknad om dispensasjon etter naturmangfaldlova før saka vert handsama etter anna lovverk.

5.2 Gjennomgang av brukstema – innleiing

Det er svært mange brukstema og brukarinteresser knytt til Jærstrendene. Det vert lagt hovudvekt på dei tema som har vore mest aktuelle under arbeidet med verneplanen og denne forvaltningsplanen. Det er viktig å understreka at dette berre er retningsliner for forvaltningsstyresmakta si handsaming av einskildsaker. RegleneRetningslinene kan ikkje tolkast som vedtak i konkrete saker.

Rundskrivet *DN nov. 2001 Forvaltning av verneforskrifter*, samt framlegg til kronprinsregenten sin resolusjon (*Miljøverndepartementet 2003*), gir begge konkrete føringar for tolkninga av verneforskrifta. Desse dokumenta er lagt til grunn i retningslinene for bruk som følger.

Aktuelle problemstillingar og brukarinteresser kan grovt sett delast i 2:

- Bruksrettar og bruk knytt til grunneigarar/rettseigarar, som i hovudsak omfattar eigarar tilknytta landbruksnæringa, hytteeigarar og of-fentlege eigarar.
- Bruksrettar og bruk knytt til allmenta sin bruk av området, herunder også aktivitetar knytt til reiseliv og turisme.

Det er svært mange moglege brukstema knytt til Jærstrendene. Det har derfor vore naudsynt å avgrense denne bruksplanen til for det meste dei brukarinteresser og andre tilhøve som vart særleg vektlagt av partane under lokal høyring av revidert verneplan.

Under kvart aktuelt tema vil vernereglane i § 3 (forbod), § 4 (unnatak) og § 5 (spesielle dispensasjonar) verta vurdert i samanheng, og det reelle innhaldet i reglane forklart. Deretter vert det gjort greie for korleis fylkesmannen vil praktisera vernereglane.

Det kan vera stor skilnad på vernereglane for landskapsvern og dei andre og strengare verneformene med omsyn til kva som er tillate tiltak og aktivitet. Som oftast ligg det strengare vernet «oppå» landskapsvernet. Det er derfor viktig at ein også les forklaringane av vernereglane og forvaltningspraksis for andre aktuelle verneformer for dei områda der dette er aktuelt. Dei aktuelle områda går fram av vernekartet og sonekarta i *Forvaltningsplan del 2*

5.3 Brukarinteresser knytt til grunneigarane / rettseigarane sin bruk av

5.3.1 Uttak av sand, grus og stein

Grunneigarar og rettshavarar til landskapsverna strand vil normalt kunne få løyve til uttak av opp til 5 m³/år av sand eller grus frå ytre strandflate, til bruk på eigen gard. Uttak av stein vil generelt ikkje bli tillate. I fuglefreda og spesielt plantefreda strand vil restriksjonsnivå vere høgare, med meir avgrensande vilkår. Sand- og grusuttak i naturminne vil normalt ikkje bli tillate.

Verneform og aktuelle vernereglar:

Berre landskapsvern: §3-A1 og A17, §5-5
Landskapsvern med fuglefreding: §3-B1, B2, og B7, §5-5

Fuglefreding utan landskapsvern (Børaunen i Randaberg, Kolnes): §3-B1, B2 og B8, §5-5

Landskapsvern med plantefreding: §3-C1, C2 og C8, §5-5

Geologiske naturminne: §3-D1, §5-5

Bakgrunn for vernereglane: For å unngå skadelege landskapsinngrep og erosjonsfare ved uttak og transport, er det i utgangspunktet generelt forbod mot uttak av lausmassar. Fuglelivet er spesielt sårbart under hekking og fødesøk i ytre sone, medan plantefredingane mange stader har nasjonalt truga artar/plantesamfunn heilt ut til fjørebelte (også forbod i 1977). For naturminna vil masseuttak nettopp øydeleggja den lagdelinga og dei overflateformene som det geologiske vernet tek sikte på



FIGUR 62. Ved løyve til sanduttak er det viktig å spare vegetasjonen som lagar nye dyner. Bilde syner driftinfluert sand-forstrand. Strand-reddik-utforming med nordsjøreddik (*Cakile maritima* ssp. *integrifolia*). Bybergsanden. Foto:A. Lundberg

å bevara. Vernereglane opnar likevel for dispensasjon til mindre uttak til eige gardsbehov. Nasjonale retningslinjer tilseier ein streng regulering av motorferdsle. Eigen godkjenning av transporttraséar for uttak av strandressursar er meint å bidra til å redusere dagens omfattande motoriserte ferdsle. Sakshandsaminga skal vere fleksibel og enkel, og mest mogleg praktisk avklara i forvaltningsplanen (*Miljøverndepartementet 2003*).

Forvaltningspraksis:

I fylkesmannen sitt brev av 09.02.2005 vart alle kjende grunneigarar og rettshavarar beden om å ta kontakt i tilfelle interesse for uttak av massar/tare frå strendene. Svært få melde inn interesse for uttak. Av desse fekk alle tilsvarende løyve, bortsett frå eit par avslag på uttak av fleire tusen kubikk. Dette tyder på at behovet er etter måten avgrensa, og at fylkesmannen kan handtera ønskje om slike uttak fortløpande, enkeltvis og raskt. Stein («handstein» og større) er ein klart avgrensa ressurs langs strendene, og set sitt markerte preg på landskapsbilde, både som rullesteins-strand og

blokk-strand, og som spesielle enkelt-stein med geologisk eller lokalhistorisk interesse.

Fylkesmannen vil generelt gje dispensasjon fortløpande til grunn- og rettseigarar som melder inn behov for mindre uttak av sand og grus i landskapsverna strand.

- Uttaket kan berre skje på den vegetasjonslause strandbreidda, i fjørebelte.
- Løyve vil bli avklart raskast råd etter kontakt med fylkesmannen, og vil kunne gjelde over fleire år. Ein vil då samstundes godkjenne trase/veg for motorisert transport av massane
- Med «mindre uttak» og «eige gardsbehov» (jfr. §5-5) meiner ein vanleg tradisjonell gardsdrift og ikkje nye driftsformer (*MD 2003*, s. 12). Sal eller avtalar om vidarelevering til andre vert ikkje omfatta av «eige gardsbruk» og er derfor ikkje tillate.
- Omfanget av uttaket må tilpassast dei lokale tilhøva og behov. Normalt vil det kunne tas ut opptil 5 m³ sand pr. år, årvisst eller som samla eingongsuttak gjeldande for eit visst antall år.



FIGUR 63. Tarehausting har lange tradisjonar Foto:Robert Collett, Nasjonalbiblioteket.

- Lett tilgjengelege grus på ytre strandflate vil variere sterkt frå år til år. Ein vil derfor normalt kunne få løyve til større eingongsuttak samla for fleire år om gongen, (t.d 25 m³ for dei følgjande 5 år), avgrensa til konkret omsøkt behov. Uttak av større stein enn singel vil normalt ikkje bli tillate.
- Massane skal umiddelbart fraktast ut samstundes med uttaket, ikkje mellom-lagrast i verneområdet.

- Fuglestadåna, Håelva, Orreelva og Figgjoelva er alle med i verneplan 1 for vern vassdrag (St. prp. nr. 4 1972-1973). I Vedlegg 3 til *Rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag* vert masseuttak i og ved verna vassdrag rekna som mogleg skadegjerande på allmenne interesser og naturverdiar. Elvemunningane og tilknyttta sanddynesystem er særdeles sårbare landskap, der sjølv små massetak ved elveosane kan gje store negative følgjer. Fylkesmannen vil derfor ikkje gje løyve til massetak innafor minst 100 m frå kvar elvebredde ved desse elvene. Fylkesmannen vil om strengt naudsynt kunne vurdere å gi dispensasjon til masseuttak eller masseflytting i særlege tilfelle i desse elveosane, til dømes ved fare for omfattande skade på landbruksareal eller bygg, flom- og kystvern.
- I biotopvernområda (fugl, planteliv) vil omsynet til sårbart livsmiljø for fuglar og planteliv måtte tilseie ei meir inngåande vurdering, med avgrensande vilkår (t.d. tidspunkt, mengde, uttaksstad).
- I geologiske naturminne vil det ikkje bli gitt løyve til masseuttak, med unntak av minimale sanduttak på strandbreidda på Hellestø/Byberg, ved særleg behov.



FIGUR 64. Kjøyring på feil plass kan vere særskadeleg, som her på Orre i eit av dei viktigaste planteområda i landet. Foto:A. Steinnes

5.3.2 Uttak av tang/tare og vrakgods/ tømmer frå stranda

Uttak av vrakgods/tømmer kan skje utan vidare for rettshavar, via godkjent køyretasé. Grunneigarar og rettshavarar til stranda vil normalt kunne få fleirårig løyve til mindre uttak av tang/tare frå ytre strandflate, til bruk på eigen gard. I biotopfredingar og sonar med sjeldsynte tarevoll-vegetasjon vil dette handhevast strengare.

Verneform og aktuelle vernereglar:

Berre landskapsvern: §3-A1, A17, §5-5

Landskapsvern med fuglefreding: §3-B1 og B7, §5-5

Fuglefreding aleine (Kolnes): §3-B1 og B8

Landskapsvern med plantefreding: §3-C1, C2 og C8, §5-5

Landskapsvern med naturminne: §3-D1 og D3, §5-5

Bakgrunn for vernereglane: Tarevollane har særskild viktig funksjon som matkilde for det rike fuglelivet, og utgjer veksestad for sjeldsynt strandvegetasjon. Under storm vil tarevollar kunne ha bølgedempande effekt. Likeeins er tang og tare viktig for binding av sand og såleis nydanning av sanddyner. Nasjonale retningslinjer tilseier streng regulering av motorferdsle. Eigen godkjenning av transporttraséar for uttak av strandressursar er meint å bidra til å redusere motoriserte ferdsle.

Forvaltningspraksis:

Henting/berging av vrakgods/tømmer er ikkje regulert i vernereglane, og kan derfor halde fram utan vidare. Føresetnadene er private rettar til dette, og motorisert ferdsel berre langs allereie godkjende vegar/traséar.

Det følgjande gjeld regulering av uttak av tang/tare frå strendene, samt godkjenning av traséar for motorisert ferdsle.

- I landskapsvernområdet vil fylkesmannen generelt gje dispensasjon til grunn- og rettseigarar som melder inn konkrete behov for mindre uttak av tare til eige gardsbehov. Behovet må dokumenterast.
- Med «mindre uttak» og «eige gardsbehov» (jfr. §5-5) meiner ein vanleg tradisjonell bruk på den aktuelle garden, ikkje nye driftsformer (MD 2003, s. 12). Sal eller avtalar om vidarelevering til andre vert ikkje omfatta av «eige gardsbruk» og er derfor ikkje tillate. Hausta taren skal umiddelbart fraktast ut, utan mellomlagring.
- Taren ligg ofte berre kort tid på stranda, i samband med storm-sjø. Fylkesmannen vil derfor om naudsynt kunne handtere saker raskt og fortlø-

pande. Dispensasjon vil normalt gjelde i 1 – 5 år, og inkludera løyve til naudsynt motorisert ferdsel.

- I biotopvernområda (fugl, planteliv), og på landskapsverna strender med nasjonalt sjeldsynte tarevoll-vegetasjon (jfr. delplan 2), har taren avgjerande verdi for verneføremålet. Her vil det bli ført restriktiv praksis med dispensasjonar til tareuttak. Der dispensasjon likevel vert gitt skal denne ha avgrensande vilkår (t.d. tidspunkt, mengde, uttaksstad).

5.3.3 Motorisert ferdsel, parkering, campingvogner og andre transportable innretningar

Motorferdselsforbodet vil bli strengt handheva, ikkje minst i høve til ulovleg parkering og køyring på ikkje-opparbeida og ikkje-godkjende traséar. Reglane opnar likevel for ei rekke naudsynte behov, samt for dispensasjonar i særlege høve.

Vernereglar for alle verneformene:

§3-A1, A9, A17, A15, §3- B-6d, B7, B8, C8, D3, D4 , §4-1, 2, 3a, 5, 6, 7, 8, §5-4 og 5.

Bakgrunn for vernereglane: Nasjonale retningslinjer tilseier streng handheving av motorisert ferdsle i verneområda. Få om nokon verneområde har så mykje motorisert ferdsle som Jærstrendene. Det aller meste som lovleg aktivitet, men samla sett inneber det betydeleg markslitasje, uroing i høve til fugleliv, reduserte opplevingskvalitetar eller ulempe for landbruksdrift (feilparkering). Som hovedregel er derfor motorisert ferdsle forbode, men ein rekke unnatak opnar for naudsynte bruksinteresser og ei differensiert forvaltning.

Forvaltningspraksis: Fylkesmannen ser det som eit mål å avgrense motorisert ferdsel til det klart naudsynte, derfor den generelle forbodsregelen i §3-A9. Reglane opnar likevel for motorisert ferdsle ved ein rekke tilhøve. I samarbeid med m.a. Jæren friluftsråd og grunneigarar skal arbeidet med tilrettelagt parkering halde fram i utvalde område, herunder avgrense og stenge areal med ulovlig parkering. Oppstilling av campingvogner vil ikkje bli tillate nokon stad.

- Motorisert ferdsle kan skje utan vidare (i høve til verneforskrifta) på vegar opparbeida for biltrafikk, men det er krav om at denne må vere kjørbar med vanleg privatbil (jfr. motorferdsellova). Veg/trasé som ikkje er opparbeida eller som kun er kjørbar med traktor/ terrenggåande kjøretøy (t.d. firehjulsdriven jeep) er å rekne som utmark, og såleis ulovleg for motorisert bilferdsle (jfr. motorferdsel-lova). Godkjente traktortraséar – sjå neste punkt.

- I samband med naudsynt jordbruksdrift kan grunneigar kjøyre fritt overalt på all dyrka mark eller gjødsla beite. I tilfelle der framleis drift av eksisterande jordbruksareal er avhengig av motorisert tilkomst over verna utmarksareal vil fylkesmannen vurdera dette som eit særleg tilfelle, og vil normalt gje teneleg, langvarig dispensasjon.
- Ved meir akutte behov, også i strandsona, vil naudsynt køyring kunne avklarast pr. telefon.
- Fylkesmannen vil kartfeste og godkjenne (jfr. forvaltningssone-kart) transporttraséar:
 - i samband med drift og vedlikehald av offentlege friluftsområde.
 - for motorisert ferdsle i samband med naudsynt bruk av strandrettar. Køyring til strandflata vil berre vere lovleg når strandressursar faktisk skal takast ut.
 - ved naudsynt opprydding av søppel/avfall etter nærmare muntleg avtale med fylkesmannen.
 - for motorisert ferdsle til hytte/hus-eigedommar der traséane var etablert og samanhengande nytta sidan før første vernevedtak i 1977 og så 2003 (nytt verna areal).
 - for ferdsel med hest gjennom sanddyner til og frå strandflata (jfr. kap. 5.3.18)
- Meir eller mindre tydelege og ikkje opparbeida køyretaséar/traktortraséar er også i motorferdsellova (§2 tredje ledd) rekna som utmark, og dermed ulovleg for motorisert transport. Forbodet i verneforskrifta stoggar også private rettar.
- Dei transporttraséar som vert utpeika i forvaltningsplan (jamfør verneregel §4-6 og §5-5), vil i dei fleste tilfelle vera private vegar, utan fri motorisert ferdselrett for andre enn eigar/retts-havar i næringsssamanheng.
- Vidare er motorisert ferdsle lovleg på utpeika parkeringsplassar (jfr. forvaltningssonekart) og eksisterande fullt gjødsla beite og dyrka mark (for grunneigar). Likeså i samband med offentlege behov som sikrings- og redningsarbeid, oppsyn, skjøtsel og forvaltningsføre-mål ved forvaltningsstyresmakta, og drift og vedlikehald av friluftsområde og anlegg til kystverket og forsvaret.
- Motorisert ferdsle (inkl. flyging) er også lovleg i samband med forsvaret sin overvåkingsaktivitet, beredskapstiltak, støtte til sivilt samfunn og politi, og i samband med reine militære operasjonar i spesielle situasjonar medrekna søk og redningsteneste.
- I fuglefredingsområda er det ikkje tillate med overflyging lågare enn 300 meter (§3-B6-e), med unntak for spesielle formål (§4 pkt. 1, til dømes forsvaret, politi/redning).

- Motorisert ferdsle i samband med installasjonar for overføring av kraft, kan skje etter eigen godkjent dispensasjon (§5-4). Ved akutte tilfelle skal det i ettertid gis melding snarast råd til fylkesmannen (*MD 2003 s. 13*).
- Forbodet regulerer ikkje ferdsel med motorisert rullestol av det slaget som ikkje er berekna for utmark, jfr. vegtrafikklova og motorferdsellova. Derimot vil ferdsel med terreng-gåande rullestolar krevje dispensasjon ved ferdsle utanfor opparbeida bilvegar/ parkeringsplassar. Dispensasjon kan påreknast i spesielt utvalde og tilrettelagde område, i nær dialog med JF/fylkeskommunen (prøveprosjekt «universell tilrettelegging»).
- Ein kan ikkje rekna med å få dispensasjon til start og landing med fly og helikopter utan i særskilde og naudsynte tilfelle, som ikkje gjer presedensverknad.
- Luftfartstilsynet har i brev av 14.11.2005 klart at det ikkje er tillate å drive nokon form for flyaktivitet på gamal flystripe på Skeie. Tilsvarende er det forbod etter verneforskrifta.
- I biotopvern- og naturminneområda vil forbodet bli spesielt strengt handheva.

5.3.4 Bygging og utbetring av køyreveggar

Det vil vere ein restriktiv praksis i høve til nye vegar og opprusting av gamle, men vedlikehald av dagens standard kan føregå utan vidare på opparbeida veg. Vedlikehald og opprusting av ikkje-godkjende køyretaséar i utmark er ikkje tillate. Godkjende traséar i samband med naudsynt næring og offentleg bruk vil normalt få dispensasjon til vedlikehald og evt. naudsynt opprusting.

Verneform og aktuelle vernereglar

Berre landskapsvern: **§3-A1, §4-4, §5-1**

Landskapsvern med biotopvern og naturminne: **§3-B7, C8 og D3, §5-1**

Fuglefreding (austre Børaunen, Kolnes) og naturminne (Reve): **§3-B8 og D1, §5-1**

Forklaring av vernereglane: Det er mange slags vegar, frå gamle «tareveggar» langsetter stranda til asfalterte riks- og fylkesveggar. Bygging av nye eller endring av eksisterande vegar vil lokalt kunna endra landskapets art og karakter, medan utbetring av vegar ofte fører til auka breidde og standard. Bygging og utbetring av vegar er derfor i utgangspunktet ikkje tillate, men det er gjeve generelt unntak for vanleg vedlikehald og drift av eksisterande vegar, samt mogleg dispensasjon til «naudsynte innretningar» (her også mindre vegar). Slikt unntateke vedlikehald omfattar ikkje asfaltering av gruslagde vegar.



FIGUR 65. Granskog på Vidgel har funksjon for fugleliv, men endrar landskapet. Foto: A. Lundberg

Forvaltningspraksis: Det er i utgangspunktet ikkje ynskeleg med fleire eller større vegar, heller ikkje opprusting av dei mange uheldige køyrespor og traséar.

- Vanleg vedlikehald av opparbeida veg er utan vidare tillate, men skal gjennomførast på ein slik måte at vegen ikkje skil seg meir ut i landskapet enn tidlegare. Ved oppgrusing av eksisterande grusvegar skal det nyttast stadeigen grusmasse (ikkje kvitgrus). Med vedlikehald vert det meint tiltak for å oppretthalda dagens standard, ut-sjånad eller kapasitet. Tiltak som går utover da-gens tilstand, til døms auka vegbreidde er ikkje å rekna for vedlikehald, men opprusting.
- Ny oppgrusing eller opprusting av køyret-ra-séar gjennom utmark er ikkje tillate, utan etter eigen dispensasjon.
- Fylkesmannen vil etter søknad normalt gje dis-pensasjon til naudsynt utbetring (utover vanleg vedlikehald) av vegar og godkjente køyret-ra-séar, men med vilkår for gjennomføring og ut-sjånad.
- Asfaltering av gruslagde vegar vil bli vurdert ut frå lokal tilhøve, m.a. trafikkbelastning, lokalt landskapspreg, bruksgruppe.

- Opprusting og evt. nye vegar i biotopområda og naturminne vil ikkje kunne påreknast, med unntak av evt. nye jorbruksvegar på austre del av Børaunen fuglefreding i Randaberg.

5.3.5 Grøfting og vedlikehald av grøfter og kanalar

Ny grøfting og vedlikehald kan fritt halde fram på fulldyrka mark. Ny grøfting på anna mark er forbode. Vedlikehald av eksisterande grøfter og kanalar på anna mark kan også halde fram, men i plantefredingar og naturminne først etter eigen dispensasjon i kvart tilfelle.

Verneform og aktuelle vernereglar:

Berre landskapsvern: **§3-A1**, §4-3a og 3b,
Landskapsvern med fuglefreding: § 3-B1, **B2**, og B7, §4-3a og 3b
Berre fuglefreding (Børaunen og Kolnes): §3-B1, **B2**, **B8**, §4-3a og 3b
Landskapsvern med plantefreding og naturminne: §3-C1, **C2**, C8, og **D1**, **D3** §4-3a, 3b, §5-6

Bakgrunn for vernereglane: Alle marktypar som ikkje er drenert (t.d. myr og utmark), eller som i



FIGUR 66. *Innsekt og blomar er sær s følsame for bruk sprøytemiddel. Brunflekka perlemorvinge (Boloria selene) pollinerer følblom (Leontodon autumnalis). Foto: Fylkesmannen*

periodar har mykje overflatevatn, har stor og avgjerande verdi for både plante-, insekt- og fugleliv. I tillegg utgjer marktypane ein viktig del av variasjonen i natur- og kulturlandskapet. For å sikra og oppretthalda landskapsbildet og for å hindra tap av biologisk mangfald, er derfor grøfting og drenering i utgangspunktet forbode, med unntak på eksisterande fulldyrka mark. Også vedlikehald av anlegg er regulert i plantefredingsområda og naturminna, for å sikre at dei sjeldne planteartane og –samfunna, og dei geologiske strukturane ikkje vert skada.

Forvaltningspraksis:

- På fulldyrka mark (i alle verneformer) kan både ny grøfting og vedlikehald av gamle anlegg skje utan vidare. På all anna mark er nygrøfting forbode, og dispensasjon kan ikkje påreknast.
- Vedlikehald av eksisterande grøfter og kanalar i landskapsverna areal og fuglefredingområda kan skje utan vidare, men i utmark/sanddyne-mark krev det først løyve til motorisert ferdsle og avklaring av gravearbeid.
- I plantefredingsområda og naturminna vil det bli gitt dispensasjon til vedlikehald av eksisterande grøfter og kanalar, etter ein nærmare vurdering som ivaretek dei spesielle botaniske og geologiske verdiane på desse areala. Fylkesmannen er merksam på at dette vedlikehaldet må ha et naudsynt omfang i høve til dei store jordbruksareala som fleire stader ligg like opp mot verneområdet og som drenerer mot sjøen.
- Utgravne massar skal normalt ikkje deponerast utanom dyrka mark. Om naudsynt kan massane leggest langs kanal-kant, etter samråd med fylkesmannen.

5.3.6 Gjødsling, sprøyting og beiting

Gjødsling, sprøyting og beiting kan fritt halde fram på all dyrka mark og beite som var i full gjødsla drift på vernetidspunktet i 2003 (kartfesta areal), med unntak av plantefreda område, samt forbod mot grisehald i naturminne-områda. Miljø-tilskotsordningar vil bli aktivt nytta for å oppretthalde skjøtsel og beite i spesielt verdifull ugjødsla utmark.

Verneformer og vernereglar:

Berre landskapsvern: §3-A3 og A8, §4-3a og 3C

Landskapsvern med fuglefreding: §3-B2, B7 og B8, §4-3a og 3d

Berre fuglefreding: §3-B2 og B8, §4-3a og 3d

Landskapsvern med plantefreding: §3-C1, C2, C3 og C8, §4-3a og 3c

Landskapsvern med naturminne: §3-D2 og D3, §4-3a og 3e

Berre naturminne: §3-D2, §4-3a og 3e

Bakgrunn for vernereglane: Gjødsling, sprøyting og beiting har normalt stor, rask og langvarig verknad på plantelivet. Ein finn mange stader tynt og sårbart vegetasjonsdekke, og artar (fleire sterkt truga) og plantesamfunn som tåler svært lite gjødsling, sprøyting og berre ekstensivt beite. I tillegg til vassnivå i mark, er spesielt graden av gjødsling avgjerande for å ivareta dei nasjonalt eineståande botaniske kvalitetane. Samstundes kan fortsatt beite vere naudsynt for ivaretaking av open lyng- og myrmark, beiteeng, strandeng og tørrbakkar, med tilhøyrande beitemarks-artar. Gjødslingsgraden varierer sterkt på det mangfaldet av kulturmark som kjenneteikner Jærstrendene, frå fullt oppgjødsla dyrka mark og beite til lite eller ikkje gjødsla utmark. Det er viktig med ei differensiert regulering og arealavgrensing som samstundes ivaretek både dei store landbruksinteressene og dei særprega botaniske kvalitetane. Graden av gjødsling og beiting har og mykje å seie for landskapsbilde og opplevinga av dette.

Forvaltningspraksis: I all hovudsak er det ynskeleg å oppretthalda dagens beitetrykk og kulturpåverknad på beiteareala, for å vedlikehalda dagens landskapspreg.

- **Gjødsling** kan utan vidare halde fram på all dyrka mark og beite som var i full gjødsla drift på vernetidspunktet i 2003. Det er likevel forbod mot gjødsling på beite-areal i plantefredingsområda (jfr. revidert forskrift 30.06.2006 § 4 pkt. 3 a). Bruk av arealet med dyrka mark innafor plantefredingen på Revtingen (gnr.bnr. 41/13) kan halde fram som før.

- Fylkesmannen har kartfesta «eksisterande dyrka mark og beite i full gjødsla drift på vernetidspunkt» (§ 3 pkt. A 3) – jamfør sonekarta i *Forvaltningsplan del 2*. Desse karta vil bli lagt til grunn for streng handheving av gjødslings- og sprøyteforbodet på alt anna areal.
- Sprøyting kan halde fram i naudsynt grad på all dyrka mark, og på gjødsla beite (jfr. kartfesta areal) utanom plantefredingsområda. Fylkesmannen er merksam på dei problema som einskilde «aggressive» og ekspanderande ugrasartar kan ha for jordbruksdrifta, men også i høve til andre verneverdiar. Artar som høymol, landøyda, tistlar og lupin er døme på dette. I påviste større problemtilfelle vil ein derfor kunne pårekne dispensasjon til punktspøyting, om strengt naudsynt og i sjeldne tilfelle også i plantefredingsområda.
- Dagens beitepraksis kan generelt halde fram utan vidare. Fylkesmannen er likevel merksam på at hardt beite kan medfører opne marksår i nokre sandyne/ bakdyneområde, med fare for aukande erosjon. Høgt dyretal i høve til areal gjer det naudsynt med tilleggsføring, noko som igjen medfører auka gjødslingspreg. Slik erosjon og «oppgjødsling» finn ein døme på ved Oгна, Bore, Sele og Vigdel. Fylkesmannen vil i første omgang ta sikte på å løyse dette gjennom samarbeid med grunneigarar, men dersom problemet aukar vil ein måtte vurdere å tilrå DN å nytta heimelen i §3-A8 (regulering av gjødsling/beiting i sanddyneområde; vil krevje eiga forskrift med naudsynt lokal høyring).
- På andre eigedommar er problemet det motsette, med for lite beite og aukande tilgroing i artsrike strandenger. Her vil fylkesmannen arbeide aktivt for at det vert nytta økonomiske tilskotsordningar for å stimulera til framleis tradisjonell bruk som ekstensivt, ugrødsla beite (jfr. kap. 6 Skjøtsel).
- Dei geologiske naturminna er verna for å sikra mot inngrep som kan endra eller forstyrre dei geologiske overflateformene og lagrekkene i grunnen. Det geologiske vernet regulerer derfor ikkje gjødsling og beiting, med unnatak for grisehald som generelt ikkje er tillate. Beiting med andre dyr enn gris kan utan vidare fortsetta som før, og beiting er generelt ynnskeleg i dei geologiske naturminna, for å hindra tilgroing og synleggjere overflateformene som er verna. Fylkesmannen er likevel merksam på at til dømes hardt beitepress på avgrensa areal (på Reve) har medført markslitasje og erosjon i overflateformene. Dersom dette utviklar seg til det verre vil det komme i strid med regel §3-D1.

5.3.7 Dyrking, steinrydding, leplanting og skogsdrift

Det vil ikkje bli gitt løyve til nydyrking. Stein kasta i land ved storm kan fritt ryddast frå dyrkamark og gjødsla beite, og deponerast i strandsona i same område, med unntak av i naturminne med aktiv strandvoll. Fylkesmannen vil ha fleksibel praksis i høve til treslagsskifte, vedhogst og skogskjøtsel i lé-belter og skogteigar, men ikkje tillate nyetableringar.

Verneformer og vernereglar:

Berre landskapsvern: **§3-A4** og **A6**, §4-3a

Landskapsvern med fuglefreding: **§3-B1, B2** og **B7**, §4-3a

Berre fuglefreding (Kolnes, Børaunen aust): **§3-B2** og **B8**, §4-3a

Landskapsvern med plantefreding: **§3-C1, C2** og **C8**, §4-3a

Landskapsvern med naturminne: **§3-D1** og **D3**, §4-3a

Bakgrunn for vernereglane: Kultiveringsgrad og vegetasjonsdekke er avgjerande for landskapets art og karakter. Det er eit sentralt forvaltningsmål å ta vare på det tradisjonelt opne og treause landskapspreget langs Jærkysten, samt dei rike natur- og kulturverdiane som finst på meir ekstensivt nytta markslaga. Det er derfor avgjerande å hindra vidare oppdyrking og tilplanting/leplanting. Samstundes vil skogteigane for mange utgjere god livd og lé for folk, jordbruk og husdyr, og gi variasjon og romverknad i landskapet. Skogteigane utgjere også viktige biotopar for spurvefugl og anna vilt og insektliv (*Folvik 2001*). Skog på fuktig og kalkrik sandmark med godt lokalklima har til dels sjeldsynte planteartar med stor verneverdi. Det må derfor takast fleirsidige omsyn ved skjøtsel av skogsmark.

Forvaltningspraksis:

- **Nydyrking**, herunder fulldyrking av gjødsla og overflatedyrka beite vil ikkje bli tillate.
- Prosessen med storm- og sjøkasta **stein** er del av naturleg pågåande strandvolloppbygging på Børaunen naturminne. Innafor grensene til naturminnet skal derfor slik stein ikkje fjernast eller ryddast.
- Ved grunnngjeven driftsulempe vil fjerning av einskilde steinblokker i overflata på beite/utmark kunne bli tillate, men nøye vurdert i høve til lokal landskapskarakter.
- Normalt skal dei dynamiske strandmasse-prosesane få utvikle seg naturleg. Likevel kan grunn-eigarane rydde vekk ny stein som stormsjø har

kasta inn på gjødsla beite og dyrka mark (unnatak Børaunen i Randaberg). Slik steinmasse skal deponerast nederst i strandsona/fjøremålet, mest mogleg naturleg i område steinen blei kasta opp frå.

- Ny **lé-planting og skogplanting** (skogreisning) vil ikkje bli tillate. Le-plantingar vil kunne vedlikehaldast utan vidare, men ikkje utvidast.
- Fylkesmannen er innstilt på å finna fleksible løysingar når det gjeld forvaltninga av **eksisterande skog**. All skog er rekna som **vernskog** etter Skoglova, og alle større skogstiltak/hogst krev normalt også løyve frå landbruksstyresmaktene, i tillegg til dispensasjon frå vernereglane.
- Det skal utarbeidast eigne bevaringsmål for skogteigane i dei einskilte forvaltningssonene, jfr. *Forvaltningsplan del 2*. Fylkesmannen vil der spesielt legge vekt på skogverdien for fugleliv og truga planteartar. Generelt vil ein legge følgjande føringar til grunn:
 - Ein vil etter samråd med forvaltningsstyresmakta (jfr. §4-1) kunne gjennomføre skjøtsel av eksisterande plantingar, til dømes tynningshogst, og treslagsskifte frå framande treslag til stadeigne lauvtre.
 - Ved-hogst til eige bruk vil også på same måte tillatast som skjøtselstiltak, etter nærmare klargjering i forkant. Det skal berre hoggast suksessivt avgrensa og «lukka» flater.
 - Det kan påreknast dispensasjon til snauhogst av framande treslag (t.d. sitka, kvitgran, buskfuru) i område der desse er planta etter 1977, eller der dette vil innebere tilbakeføring av utmark med spesielle botaniske verdiar eller kulturminne.
 - Det kan også gis dispensasjon til hogst også i plante- og fuglefredings-
- område med skog, men etter meir detaljerte vilkår (omfang, revegetering) for å ivareta biotopverdiar og sjeldsynte artar.

5.3.8 Utfylling og deponering av masse

Det er generelt forbod mot utfylling, deponering og lagring av alle former for masse. I særlege tilfelle, til dømes vern av dyrka mark mot stormsjø, eller utbetring av gamle fyllingar, vil det i særlege tilfelle kunne gis dispensasjon frå forbodet. Det vil normalt bli gitt dispensasjon til full eller delvis fjerning av eksisterande fyllingar.

Aktuelle vernereglar:

Berre landskapsvern: **§3-A1**

Landskapsvern, fugle- og plantevern, naturminne: **§3-B1, B2 og B7, C1, C2 og C8, D1, D3**

Berre fuglefreding/naturminne: **§3-B8, D1**

Bakgrunn for vernereglane: Innanfor verneområ-

det er det om lag 120 store og små massetippar. Ei rekke av desse er dominerande og skjemmaende i det opne landskapet, medan andre fungerer til dømes som moloar eller sjøvern. I nokon grad er dei også nyare kulturhistoriske uttrykk for nydyrkingsaktiviteten på strandgardane. Større massedeponeringar vil likevel bryte dei naturlege formene og linene i landskapsbiletet. Ein del er lagt oppå eller like inntil eldre kulturminne, medan andre har øydelagt viktige biotopar for fugle- og planteliv i strandsona og fuktig mark. Dei mindre deponia, inkludert organisk avfall, gir også eit forøplingspreg og reduserte opplevings-kvalitetar. Samla sett over tid vil slike inngrep vere øydeleggande, og derfor trenga regulering.

Forvaltningspraksis: Rapporten *Stein og masse-tippar i Jærstrendene landskapsvernområde* (FM 2003) gir ein samla oversikt over nyare og eldre deponeringar, samt tidlegare sakshandsaming, prioritering og retningsliner for utbetring. Ny verneforskrift av 2003 set klart forbod mot all vidare deponering av massar i området. Ein tek også sikte på etter kvart å få fjerne skjemmaende massetippar, i samarbeid med grunneigarar, og så langt som ressursane tillet dette.

- All utfylling eller mellomlagring av stor og liten masse som stein, grus og sand, jord og avfallsmateriale av alle slag (også organisk) er generelt forbode og vil bli følgt nøye opp.
- I særskilde tilfelle kan framleis utfylling verta tillate, til dømes for betre landskaps-tilpassing av eksisterande tippar og utfyllingar, eventuelt også til etablering av erosjons-vern mot sjøen for spesielt utsette gardsbruk.
- Det vil bli gitt dispensasjon til full eller delvis fjerning av eksisterande fyllingar der dette vil tene verneføremålet.
- Ved fjerning eller utbetring av massedeponi i område med plante-, fugle- og naturminnefredingar eller kulturminne, vil fylkesmannen sette særlege vilkår som ivatek desse verdiane. I tilfelle massetippen ligg på eller like ved automatisk freda kulturminne, skal tiltaket avklarast med Rogaland fylkeskommune som kulturminnestyresmakt før oppstart.
- Ved tilføring av massar til hamner og moloar skal dette skje først etter nærmare avklaring med forvaltningsstyresmakta (jfr. kapittel om «Hamner og moloar» nedanfor).

5.3.9 Avfallsdeponering og brenning, St. Hans-bål

Det er forbod mot alle former for deponering og brenning av avfall. Brenning av St. Hans-bål vil normalt kunne halde fram på tradisjonelle stader, etter .

Aktuelle vernereglar, alle verneformer: §3-A1, B7, B8, C8, C1 og 2, D3, §5-2

Bakgrunn for vernereglane: Bortlegging og lagring av avfall verkar forsøplande i landskapet. Spesialavfall er direkte skadeleg for folk og natur. Bålplassar, ofte med ubrente restar, er skjemmaende og kan vere direkte øydeleggande i sårbare planteteområde. Det er likevel ønskeleg å tillate vidareføring av tradisjonar med lokale St.Hans-bål i juni.

Forureiningslova sine forbodsreglar om deponering av avfall gjeld fullt ut også i verneområdet, herunder har kommunen også plikt og mynde etter lova til å pålegge fjerning av ulovleg deponering.

Forvaltningspraksis: Fylkesmannen vil strengt handheve forbodet mot alle former for deponering eller lagring av avfall, også slikt som er planlagt gravd ned eller brent som St.Hans-bål (sjå vilkår nedanfor).

- Deponering av organisk avfall (t.d. silo/høy-avfall) i sanddyne-sår er ein tradisjonell skjøtselsmåte som kan vere føremålstenleg for å stoppe vidare sandflukt. Dette skal ikkje ha karakter av avfallsdeponering, og skal avklarast med forvaltningsstyresmakta i forkant.
- Brenning av avfallsbål er generelt forbode. Mindre bålrensing/gruver er også forbode etter §3 pkt. C1 og 2 i plantefredningsområde. Bør også unngås i verneområdet generelt.
- «Bygging» og brenning av St.Hans-bål har lange tradisjonar langs strendene, ein praksis som normalt kan vidareførast på stader som fram til idag har vore nytta til dette. Fylkesmannen tek sikte på ein fleksibel dispensasjonspraksis på visse vilkår: «Bygging» og brenning av St. Hans-bål må skje innafor tidsrommet 1. – 30. juni, med vilkår om rydding av bålplassen umiddelbart i etterkant. Det vert ikkje høve til langvarig lagring av brennbart materiale i «påvente av St. Hans-tider».
- Dispensasjon til St.Hans-brenning på nye stader vil normalt ikkje kunne påreknast.

5.3.10 Naust og hytter

Vanleg vedlikehald kan fritt halde fram, men endringar krev dispensasjon. Nye hytter og naust vil normalt ikkje bli tillate. Naust vil likevel kunne bli tillate som ledd i opprusting av hamneområde. Omdisponering frå naust til hytte er ikkje tillate. Oppattbygging av stormraste eller brannskadde bygg vil normalt bli tillatne.

Aktuelle vernereglar:

Berre landskapsvern: §3-A1, A2, §4-4, §5-1
Landskapsvern med/utan fuglefreding: §3-B1, B2, B7 og B8 (Kolnes, Børaunen), §4-4, §5-1
Landskapsvern med plantefreding: §3-C1, C2, C8, §4-4, §5-1
Naturminne med/utan landskapsvern: §3-D1 og D3, §4-4, §5-1

Bakgrunn for vernereglane:

Naust og hytter vil påverke verneverdiane på fleire måtar:

- 1) Flora-, fauna- og kulturminneverdiar på sjølve tomtegrunnen
- 2) Bygningen sin verknad i landskapet ; faktorar er utforming, fargeval, materialval, landskapstilpassing ol. Dette påverkar i vesentleg grad landskapsbilde.
- 3) Den ferdsel og aktivitet som bygningen fører til i nærområdet, til dømes i høve til sårbare botaniske lokalitetar og dyre- og fugleliv.

Forvaltningspraksis: All oppføring av nye bygningar, utviding eller tilbygg er i utgangspunktet forbode.

Landskapsvernet inneber vesentleg strengare praksis for nybygg av både hytter og naust enn i områder som vert forvalta etter PBL aleine. Restriksjonsnivå er ytterlegare skjerpa ved biotopvern og naturminnevern. I einiskilde høve tillet fylkesmannen likevel utbetringar og flytting av bygg, der dette også kan kombinerast med verneinteressene.

- Vanleg vedlikehald av eksisterande bygningar kan utan vidare halde fram. Med vedlikehald vert det meint tiltak for å oppretthalda dagens tilstand, utsjånad eller kapasitet, for å unngå at denne forfell.
- Utvidingar og tilbygg på hytter krev dispensasjon som «særskild tilfelle» etter §6.Tiltak som går utover dagens tilstand, som til dømes auka hytteareal, fleire vindu eller etablering av terrasse er ikkje å rekna for vedlikehald, men opprusting eller påbygging.
- Det er generelt ikkje ynskeleg å auka talet på bygningar i området. Bygging av nye hytter i



FIGUR 67. Tradisjonelle naust i Randaberg. Foto:P.K. Austbø

strandsona vil normalt vere i strid med statleg strandsonopolitikk, og haldninga til fritidsbustader i verneområdet er vesentleg strengare enn i strandsona elles. Fylkesmannen vil derfor ikkje gje dispensasjon til bygging av nye hytter.

- Det er mange døme på hytteeigedommar som etter kvart framstår med inngjerdingar, opparbeiding av plen, uteplass og plantingar, i strid med vernereglane. Fylkesmannen tek sikte på streng handheving og oftast tilbakeføring av slik «bit- for bit»-utvikling av hytteeigedommar. Naturprega tomte-areal skal ikkje opparbeidast.
- Bygging av naust i vanlege LNF- område vil vanlegvis vere i strid med statleg strandsonopolitikk sidan dei vil vera knytte til fritidsfiske og anna fritidsbruk og ikkje stadbunden næring. Dispensasjon til bygging av nye naust kan derfor ikkje påreknast. Nye naust for rettshavarar kan likevel vurderast som ledd i utbetring av nokre få etablerte hamneområde.
- Fylkesmannen vil ha ein endå strengare praksis for alle nybygg/utviding i sårbare fugle- og planteområde, samt i spesielt rike fornminnemiljø.
- Det kan ikkje påreknast dispensasjon til nye bygg/anlegg i øyområde.
- Fylkesmannen vil ikkje gje dispensasjon til om-

bygging og omdisponering av naust til hytter/fritidsbustad.

- Gjenreising av stormtekne eller nedbrente naust og hytter vil normalt tillatast etter nærmare vurdering, evt. som flytting til alternativ tomt.
- Alle fysiske tiltak for naust og båtstøer som kulturminne krev løyve frå FM og samråd med Rogaland fylkeskommune.

Retningslinjer for naust:

- Ved bygging i etablert naustmiljø/hamner (kap. 5.3.11), skal utforminga i utgangspunktet vere lik tradisjonell byggestil på etablerte naust.
- Naust skal nyttast til oppbevaring av utstyr, ikkje til opphald, jfr. også PBL.
- Takteking skal vera teglpanner eller brotheller av skifer.
- Liggande utvendig kledning, for å gje eit visuelt lågt inntrykk. Kledning i gavlvegg kan vera ståande. Farge: Grå, mørk grøn, brun, djup raud eller «jordfarge».
- Kraftige vassbord / vindskier i tre.
- Ytre synlege grunnmur/langvegger i stein, eventuelt med forblending av stein.
- Eitt eventuelt vindu i gavlvegg skal vere lite, rektangulært og på høgkant.
- Det skal ikkje vera innlagt vatn eller kloakkavløp frå naustet.



FIGUR 68. Naust- og hyttmiljø på Rott. Foto:A. Steinnes

Retningslinjer for hytter:

Det er ein relativt stor bygningsmasse av hytter, med ulik storleik, utsjånad, geografisk fordeling og alder. Hyttene gir uttrykk for ein kulturhistorisk utvikling med omsyn til bygningshistorikk og fritidskultur lang kysten. Ved søknad om omfattande rehabilitering eller utviding skal ein i kvart einskild tilfelle søke å ivareta bygget sitt tidstypiske kulturuttrykk. Rammene for å imøtekomme meir moderne krav til komfort blir dermed svært avgrensa. Det er eksklusivt å ha hytte i verneområdet, men det fører til at ein ikkje kan bygge store hytter. Slike ønskje må evt. realiserast i andre område.

- Bebygd areal etter oppføring av eventuelt påbygg/tilbygg skal som hovudregel ikkje vera større enn samla 60 m². Med «bebygd areal» meiner ein her samla areal i horisontalprojeksjon for både sjølv bygningen og alle andre opne eller lukka bygningsdelar direkte knytt til hovudbygget (t.d. garasje, terrasse, buer, overbygg, halvtak mm). Denne arealnorma er ei vidareføring av forvaltningspraksis frå 1977, i samråd med tilsynsutvalet for Jærstrendene.
- Ved riving av hytte for nybygg (erstatningshytte) skal ein ta utgangspunkt i opprinnelig storleik, utsjånad (tidstypisk kulturuttrykk) og landskapstilpassing. Eventuelle endra plassering og utsjånad skal kunne tillast dersom

dette er til fordel for landskapsbilde eller andre verneverdiar.

- Ved påbygg eller gjenoppbygging skal bygget framstå lågast råd i terrenget.
- Vedlikehald bør gjennomførast i tråd med bygningens eksteriør og byggeperiode.
- Dører, vindu og listverk skal i størst mogeleg grad haldast som på bygningen elles.
- Ved påbygging skal takvinkel og taktekke, gavl og raft vera i tråd med bygningen elles.
- Unngå kontrastfarging, eventuelt mest mogeleg avdempa, av bygningsdelar som listverk, vindu, vindskier/vatnbord.
- Ved utskifting av kledningsbord skal det nyttast høvla eller uhøvla bord i samsvar med det opprinnelege.
- I størst mogeleg grad skal opprinneleg ståande/liggande kledning vidareførast som før. Liggande kledning skal ikkje erstattast av ståande kledning.
- Ved fargeskifte bør ein unngå sterke og kontrastrike fargar som vesentleg skil seg frå nærliggande bygnadsmiljø.
- Dispensasjon til bygging av terrasse, levegg eller skiljevegg utandørs, kan normalt ikkje påreknast.
- Hytter og hyttetomt skal ikkje gjerdest inn utan etter løyve frå forvaltningsstyresmakta. Eventuelle gjerde skal vera låge, med dempa naturfarge.

5.3.11 Hamner, moloar, båtstøer, båtopplag

Fylkesmannen ser positivt på vedlikehald og utbetring av eksisterande hamner og moloanlegg, der tiltaka har som føremål å vedlikehalde tradisjonell kystkultur og få til betre landskapstilpassing for anlegga. Gamle båtstøer som kulturminne krev spesiell merksemd. Nye anlegg vil normalt ikkje bli tillate, heller ikkje tilfeldige deponering av stein og anna masse på anlegga.

Aktuelle verneregjar, alle verneformer:
§3-A1, A2, B7, B8, C1, C2, C8, D1, §5-1

Bakgrunn for vernereglane: Det er ønskeleg å ivareta ein aktiv kystkultur med fiske og båtliv, med utgangspunkt i etablerte hamner og båtstøer. Jærstrendene inneheld ei rekke store og små anlegg i så måte. Dei største hamnene og dei mange moloane kom som følgje av dyrkingsaktiviteten før og like etter 1977-vernet, til markert skilnad frå dei ofte særse gamle og små båtstøene som minner frå den gamle kystkulturen. I tillegg ser ein stadvis aukande bruk av flytebrygger, til dømes i Randaberg. Alle desse gamle og nyare anlegga set eit vesentleg preg på landskapet, nokre godt tilpassa, medan andre er skjemmaende og privatiserande. Det er derfor naudsynt med reglar som hindrar nye uheldige tiltak, samstundes som ein opnar for reoperasjonar, utbetring og vidare bruk av dei eksisterande anlegga.

Forvaltningspraksis:

- Forvaltningsstyresmakta vil sjå positivt på ei utbetring av dei større hamnene på Reve, Madland og Kvasseheim. Det kan vere tale om endeleg ferdigstilling eller utbetring av stormskader på sjølve anlegga, men og opprydding i tilknytta areal, og eventuell naustbygging, tilkomstveg og parkering. Nye bygg og anlegg vil krevje ein samla disposisjonsplan, jamfør utviklinga av Sele hamn, og skal også handsamast etter Plan- og bygningslova. Eit slikt tiltak må utgjere ei heving av landskapskvaliteten, og ikkje omfatta endringar som fører til auka trafikk til skade for sårbart fugleliv i fugle-fredingsområda.
- For dei mindre moloanlegga kan det vere aktuelt med ferdigstilling, utbetring av stormskader og opprydding i tilknytta areal. Dette kan skje etter nærmare avklaring med forvaltningsstyresmakta. Løyve til større og mindre utbetring (endring av form/storleik/båt-kapasitet) av moloanlegg kan ikkje påreknast.
- I nokre hamner fører stormsjø til oppfylling av tare og sand. Dette kan utan vidare gravast opp, men evt. lagring/deponering av desse massane

skal normalt skje utanfor verneområdet. Annan bruk av massane (strandsonedeponering) må skje etter særskilt samråd med fylkesmannen.

- Fylkesmannen vil ha ei streng handheving i høve til tilfeldig og ulovleg deponering av åkerstein, dyrkingsstein, anna materiale og avfall i hamne- og båtstø-områda. Dette er eit avgrensa, men særse skjemmaende problem i nokre område.
- Alle tiltak som kan endre den ytre utforming på båtstøer som også er faste kulturminne må dispensasjonshandsamast, jfr. liste over fornminne og nyare kulturminne i revidert verneplan (Fylkesmannen i Rogaland 1995). Fylkesmannen vil sjå positivt på naudsynte vedlikehaldstiltak, i nært samråd med kulturstyresmaktene.
- Obrestad hamn er særskilt freda av Riksantikvaren, som kulturminne frå nyare tid. Alle tiltak der krev også handsaming etter kulturminnelova.
- Dispensasjon til utlegging av flytebrygger kan ikkje påreknast.
- Opplag av mange fritidsbåtar, ofte av meir tilfeldige brukarar utan bruksrettar til stranda, kan nokre stader sette skjemmaende preg på landskapet, verka privatiserande og til skade for sjeldsynt planteliv. Opplag/lagring krev dokumentert bruksrett til strandsona. Vinteropplag/langvarig opplag skal skje utanfor verneområdet, med mindre det ligg føre særskilt løyve frå fylkesmannen.

5.3.12 Andre bygningar, anlegg og faste innretningar

Det vil vere ein streng praksis i høve til nye bygg, anlegg og innretningar, spesielt i biotopvernområda og naturminne.

Aktuelle verneregjar for alle verneformer: §3-A1, B1, B2, B7, C1, C2, C8, D1, D3, D4, §4-4, 5 og 9, §5-1, §6

Bakgrunn for vernereglane: Det er svært mange og ulike typar bygg, anlegg og såkalla faste innretningar langs strendene, i tillegg til naust og hytter, og hamner og moloar (sjå eige kapittel). Døme på dette kan vere brygger, forsvarsanlegg, landbruksinnretningar og bygg, kraftliner og avlaupsrøyr, skilt, bruer og lagerbygg. For å unngå uønska landskapsendringar er det viktig å kunne styre lokalisering og utforming av slike.

Forvaltningspraksis:

I utgangspunktet er alle tiltak og inngrep som vesentleg kan endra eller innverka på landskapets art eller karakter forbode. Det kan etter søknad gjevast dispensasjon til fysiske tiltak, inngrep og

bygging av innretningar som er naudsynte i samband med landbruk, fiske, verksemda til forsvaret, kystverket, Telenor og allmenne friluftsiinteresser. Søknader vil bli strengt vurdert.

- Fylkesmannen vil sjå positivt på tiltak som vil fjerna eller erstatta eksisterande skjemmaende innretningar og føra til mindre dominerande landskapsverknader. Ein kan normalt rekna med å få dispensasjon til dette, likeså naudsynte mindre endringar på eksisterande bygg og anlegg. Nye innretningar/inngrep bør samlokalisert (til dømes skilting).
- Fylkesmannen vil vera meir restriktiv til å gje dispensasjon i område med spesialvern enn i område med berre landskapsvern. Dette gjeld særleg for tiltak som kan auka eller endra grad av forstyrring og slitasje på fugleliv og sårbar vegetasjon.
- Fylkesmannen er innstilt på å gje dispensasjonar med vilkår til oppføring av naudsynte tilbygg, innretningar og gjennomføring av ombyggingar knytt til eksisterande driftsbygningar i landbruket. Derimot kan dispensasjon ikkje påreknast til etablering av nye frittstående og permanente anlegg og bygg ute i ope landskap. Miljøvernavdelinga legg opp til ei nær samordning med landbruksstyresmaktene og handsaming etter PBL når det gjeld slike spørsmål.
- Fylkesmannen er innstilt på å gje dispensasjon til tiltak som tener vidareføring av kystfiske og kystkulturen. I første rekke knytt til eksisterande hamner og fyranlegg, så lenge dette tener landskapspreg og kulturminnevern. Bygningar og fysiske anlegg som vert rekna for kulturminne, (jamfør vedlegg til revidert verneplan) bør haldast vedlike ut frå dei særeigne verdiane desse representerer og tilfører landskapet. Alle typar endringar skal leggjast fram for forvaltningsstyresmakt og kulturminneforvaltninga. Rehabilitering og endringar skal gjerast på ein måte som held vedlike eller styrkar bygget sin historiske og landskapsmessige verdi. Typiske døme i så måte er dei store kvite og landskapsdominerande fyranlegga som utgjør særprege element.
- Drift, vedlikehald og fornying av anlegg knytt til Kystverket og Forsvaret kan skje utan vidare, så lenge dette ikkje kjem i konflikt med verneverdiane. Dispensasjon kan vidare påreknast også til nye naudsynte tiltak og utbetringar som inneber utvidingar eller flytting, så lenge dette kan tilpassast landskapet og andre verneverdiar. Dette gjeld også for teleanlegg og avlaupsanlegg.
- Ved fornying av kraftliner, som inneber fare for

konflikt med verneverdiane, skal tiltakshavar i forkant gjere greie for avbøtande tiltak. Ved oppgradering av linjenett vil saka bli handsama etter den generelle dispensasjonsregelen §6, der målet er å kunne foreta evt. naudsynte justeringar av linjetraséen. Endring i teknologien etter vernet i 1977 tilseier at fylkesmannen normalt vil krevje jordkabling.

- Aktuelle tiltak knytt til friluftsiinteresser er gjort greie for i del-kapittel 5.7.2.

5.3.13 Reiseliv og andre næringer

Fylkesmannen tek sikte på å følgje opp nasjonale og fylkeskommunale planar for reiseliv og alternativ næringsutvikling så langt som verneføremålet tillet. Kommunale planar og næringstiltak som tek sikte på foredling av vernekvalitetane vil bli prioritert. Nye permanente bygg og anlegg knytt til reiseliv og tilsvarande næringsutvikling vil ikkje bli tillate.


Aktuelle vernereglar: §3-A1, A10, B1, B7, B8, C2, C5, C8, D3, D4, §5-1

Bakgrunn for vernereglane: I samband med lokal høying av revidert verneplan vart det etter måten stor fokus på reiseliv og alternativ landbruksnæringsring. Innspela var fleirsidige, der mange peikte på auka problem og press i høve til landbruksareal og -drift, medan andre meinte at regulert reiseliv og tilsvarande næringsutvikling burde kunne utviklast i delar av verneområdet eller nær opptil.

Fylkesdelplan for friluftsliv (RFk. 2004) omfattar også sambruk med reiseliv og landbruk, der planen syner til at reiselivet i høg grad er basert på natur- og kulturverdiane i fylket, og med gardbrukarar som viktig eigarar og forvaltarar av areala.

Regjeringa har i St.prp. nr 65 2002-2003 («Fjellteksten») gjeve signal om at ein vil opne for småskala, miljøtilpassa turistverksemd innanfor verneområdet dersom det ikkje kjem i konflikt med verneføremålet.

Desse nasjonale og regionale føringar for næringsutvikling skal i praksis tilpassast lokale tilhøve. I så måte står Jærstrendene i ei særstilling høve til andre store landskapsvernområde i landet. Verneområdet er særst smalt, intensivt brukt av mange ulike brukarinteresser, og med høg tetthet av sjeldsynte og sårbare verneverdiar. Bygningar, anlegg og camping vil påverka det opne landskapet. Parkeringsplassar og anna tilrettelegging styrer i stor grad ferdelsmønster. Det er derfor naudsynt å strengt regulere dette for å unngå mogleg kon-



FIGUR 69. Stortareskogen har særs rikt marint liv. Foto: R. Svendsen

flikt i høve til leveområde for fugl og planter, samt innmark og husdyrhald.

Til no har det vore ei etter måten moderat mengde reiselivsetableringar, i hovudsak som campingplassar. Fleire av desse har likevel ei plassering som svekkar landskapsverdiene langs Jærkysten, og med negativ påverknad for sårbare plante- og fugleverdiar.

Forvaltningspraksis:

Fylkesmannen tek sikte på å følgje opp Fylkesdelplan for Jærkysten, Fylkesdelplanen «FINK» og nasjonale føringar for reiseliv og alternativ næringsutvikling, så langt dette er tilrådeleg i høve verneføremålet. Ein vil medverke til fruktbart samarbeid om idéskapning og virkemiddelbruk blant lokale initiativtakar, kommune og regionale styresmakter og organisasjonar. Lokale prosjekt og nærings tiltak som bygg på og tek naudsynte omsyn til verne kvalitetane vil bli prioritert. Differensiert sone-forvaltning vil leggest til grunn i vurderingane (jfr. kap. 4).

- Nye permanente bygg og anlegg knytt til reiseliv og tilsvarande næringsutvikling vil ikkje

bli tillate. Døme på dette kan vere vegar, rasteplassar og anna omfattande tilrettelegging, utleiehytter, camping og campingplassar, parkerings-plassar, eller salgsbuer, service- og aktivitetsanlegg. Lokalisering av tyngre kommersielle tiltak må skje utanfor verneområdet, og slik at området sitt potensiale for anna verdiskaping vert best mogleg nytta og samordna.

- Friluftsliv og reiseliv har mange felles trekk når det gjeld verknader på verneverdiar og utfordringar for forvaltninga. Det er den **samla** tiltak-, aktivitets- og ferdselsmengde (summen av friluftsliv og reiseliv) og fordelinga av denne som er avgjerande for balansen mellom bruk og verneomsyn i området. Dersom aktiviteten og slitasjen som følgje av auka reiseliv/tilrettelegging vert for stor, vil dette primært handterast ved hjelp av nært samarbeid med aktuelle aktørar, førebyggjande informasjon og kanaliseringstiltak, men om naudsynt ved ferdselsregulering etter §3-A16.
- Fylkesmannen vil ha ei restriktiv haldning til omdisponering av eksisterande bygningar til føremål reiseliv/gardsturisme. Løyve til omdisponering av landbruksbygg kan ikkje påreknast.



FIGUR 70. Dei grunne sjøområda er livsviktige for sjøfugl som havelle, spesielt vinterstid. Foto:R.S Karlsen

- Fylkesmannen er innstilt på å finna fleksible løysingar ved dokumentert behov for tilbygg på driftsbygningar og nye innretningar knytt til alternativ landbruksdrift. Slike tiltak bør lokaliserast utanfor verna område.
- Alternativ bruk av eksisterande dyrka mark kan i nokre tilfelle verta aktuelt for kortare eller lengre tid, men krev også avklaring i høve til anna lovverk, t.d. jordvernomsyn. Omdisponering av areal til golfanlegg kan ikkje påreknast.
- Når det gjeld naudsynte tiltak knytt til pågåande fiske i elv og sjø er fylkesmannen innstilt på å finna fleksible løysingar. Fiskeretta tiltak utover naust skal normalt lokaliserast til eksisterande hamneanlegg. Fylkesmannen vil ikkje gje løyve til større landings-, mottak-, distribusjons- eller produksjonsanlegg for fisk, jfr. eksisterande anlegg i Sirevåg, Ølberg eller Tananger.

5.3.14 Taretråling og sjøfiske

Taretråling er forbode i ein sone vest av Reve hamn – Orreosen, elles fritt i høve til verneforskrifta. Sjøfiske er ikkje regulert av forskrifta.

Aktuelle vernereglar: §3-A18

Bakgrunn for vernereglane:

Etter langvarig og omfattande sakshandsaming, jfr. MD's framlegg til Kronprinsreg. res. 12.12.2003, s. 18 - 21, vart det innført forbod mot taretråling i landskaps-vernområde i sjø ut til 20 m djup, mellom Reve hamn i nord og Orre-elva i sør. Sona inneheld store og sårbare sanddynesystem, plantefreding og fuglefreding (Ramsar-status), rik tareskog og undersjøisk kvartærgeologisk landskap. Gjennom trålings-forbodet tek ein sikte på å skjerma desse verdiane, samt å la over- og undersjøisk landskap få ei mest mogleg naturleg dynamisk utvikling, med referanseverdi.

Forvaltningspraksis:

- Fylkesmannen vil praktisera vernereglane restriktivt, og vil ikkje gje dispensasjon til taretråling i den aktuelle sona. Elles er all taretråling tillate etter verneforskrifta, men regulert etter *Forskrift om hausting av tang og tare*, jamfør *Forvaltningsplan for tang og tare* (Fiskeridirektoratet 2005).
- Sjøfiske er ikkje regulert av verneforskrifta og kan halde fram uavhengig av denne.

5.3.15 Forsvarsinteresser

Militær operativ verksemd er normalt tillate, med unnatak av øvingar med lågtflyging i fuglefredingsområda. Bygging av nye bygningar, tilbygg og innretningar for forsvaret krev eigen dispensasjon.

Aktuelle vernereglar:

Alle verneformer: §3-A1, B1, B2, B6-e, C1, C2, D1, D3, §4-1, §4-2, §4-8, §4-5, §5-1

Andre relevante reglar i høve til forsvaret er gjort greie for i mellom anna kap. 5.3.3 (motorisert ferdslé) og kap. 5.3.12 (anlegg).

Bakgrunn for vernereglane:

Militær aktivitet og øvingar kan føre til skade på naturverdiar og landskap eller uroing av sårbart dyreliv. Delar av denne aktiviteten og tilknytta anlegg er derfor nærmare regulert.

Forvaltningspraksis:

Sjå også aktuelle punkt knytt til forsvarsaktivitet under kap. 5.3.3 (motorisert ferdslé) og kap. 5.3.12 (anlegg).

Det generelle forbodet mot lågtflyging i fuglefredingsområda (§3-B6-e) gjeld også forsvaret, med unnatak for flyging til Sola lufthamn og dei føremåla som er nemnt §4-1 (jfr. kap. 5.6.3). Elles er militær flyging tillatt i samsvar med føringane i NOU 2001:15 Forsvarets områder for lavtflyging. Det er gjeve generelt unnatak for militær operativ verksemd og naudsynt motorisert ferdslé. Militære øvingar med motorisert ferdslé, parkering og lågtflyging kan fortsetta som før i dei fast etablerte anlegga og øvingsområda til forsvaret. I andre område vil fylkesmannen ha ei restriktiv haldning, vurdert nøye frå sak til sak.

- Bygging av nye bygningar, tilbygg og innretningar for forsvaret krev dispensasjon frå vernereglane. Dette gjeld også i dei fast etablerte anlegga og øvingsområda. Fylkesmannen er her innstilt på fleksible løysingar.

Håstein - Rott med omkringliggende øyar og sjøområde er fuglefredingsområde med tidsavgrensa ferdsléforbod. Del-området Rott/Flatholmen inngår i militært skyte- og bombefelt. Av omsyn til fuglelivet og verdien av området som hekkeområde, bør forsvaret unngå uroande og skadegjerande aktivitet i hekkeperioden, i tida 15. april - 31. juli.

5.3.16 Grunnvassprospektering

Aktuelle vernereglar, alle verneformer:

§3-A1, B1, B2, B7, C1, C2, C8, D1, D3, §6

Bakgrunn for vernereglane:

Noregs geologiske undersøkingar peiker på at strandsona kan romme viktige, nyttbare grunnvassressursar, og at vernet derfor ikkje må innebere eit totalforbod mot grunnvassprospektering. Fylkesmannen syner til at dette evt. må skje på ein måte som ikkje inneber skade på naturminne, plante- eller fugleliv (til dømes ved reduksjon av grunnvassnivå).

Forvaltningspraksis:

I Miljøverndepartementet sitt framlegg til vernevedtak heiter det at søknad om grunnvassprospektering må handsamast ut frå den generelle dispensasjonsheimelen §6. Fylkesmannen vil legge denne føringa til grunn ved eventuelle framtidig søknadshandsaming.

5.3.17 Jakt og fangst av vilt

All jakt og fangst (på alle dyreartar), samt øvingskyting, er forbode heile året i fuglefredingsområda, elles tillate etter viltlova på anna areal.

Aktuelle vernereglar:

Fuglefredingsområde: §3B-1, 3

Andre verneformer: Ingen regulering

Bakgrunn for vernereglane:

Fuglelivet i fuglefredingsområda har internasjonal verdi (Ramsar-område), med til dels store samlingar av fugl på sjø og land heile året gjennom. Heilårleg jaktforbod og bruk av skytevåpen er derfor naudsynt for å ivareta desse verdiane.

Forvaltningspraksis:

- All bruk av skytevåpen er forbode heile året i fuglefredningsområda. Områda kan heller ikkje nyttast som øvingsområde for leirdueskyting eller anna skyteøvingar.
- Felling av skadegjerande fuglevilt i fuglefredingsområda krev søknad og dispensasjons-handsaming. Der dette utgjør eit vesentleg problem, er fylkesmannen innstilt på å finna fleksible løysingar og gje naudsynt dispensasjon til skadefelling på land, eventuelt bidra med avbøtande tiltak.
- Jakt, fangst og skadefelling er ikkje regulert i vernereglane for område med berre landskapsvern, botaniske fredingar eller naturminne. Dette vert forvalta etter gjeldande viltlov med forskrifter på vanleg måte.
- Felling av sel som gjer skade på ståande fiskeriskap kan likeeins gjennomførast etter reglane forvalta av Fiskeridirektoratet Region Sør, i samråd med Fylkesmannen. All anna jakt på sel er forbode heile året i heile området.

5.3.18 Ferdsl med hest

På den vegetasjonslause stranda mellom sjøen og sanddynene er ferdsl med hest tillate etter vernereglane, likeså på godkjente trasear gjennom sanddyneareal til stranda. Dette gjeld ikkje hestekjøretøy (sulky). Ferdsl med hest er ikkje tillate i anna sanddynemark eller i plantefredingar, heller ikkje som unødig forstyrning i fuglefredingar. Arrangement med hest vil normalt ikkje bli tillate. Elles regulerer Friluftsløva ferdsl med hest i låglandet.

Aktuelle vernereglar:

Berre landskapsvern: §3-A12, A16, A17, §4-6

Landskapsvern med plantefreding: §3-C6, §4-6 og 8, §4-6

Bakgrunn for vernereglane: Ferdsl med hest vil lett føra til skadegjerande slitasje i sanddyneområde og i høve til sjeldsynt planteliv langs indre del av sandstrendene. I fuglefredingsområde vil omfattande bruk av hest innebere unødig uroing i trekk- og vinterperioden. I tillegg kan ferdsl med hest virke skremmande for mange strandbrukarar på dei mest besøkte trendene. Elles vert bruk av hest på Jærstrendene regulert etter Friluftsløva (§§ 1, 2, 4, 11, 15) – sjå avsnitt nedanfor.

Forvaltningspraksis:

Fylkesmannen ynskjer minst mogleg ferdsl med hest i heile verneområdet, og vil oppmoda om at ferdsl med hest skjer andre stader enn Jærstrendene.

- Med unntak av plantefredingsområda er ferdsl med hest tillate på den vegetasjonslause stranda mellom sjøen og sanddynene, likeså på vegar opparbeida for biltrafikk, på utpeika parkeringsområde og på tilkomsttrasear utpeika i forvaltningsplan (jfr. forvaltningssone-kart). Det er elles viktig å vere klar over gjeldande reglar i friluftsløva – sjå nedanfor.
- I planteferdningsområda er bruk av hest spesielt forbode overalt.
- I offentleg sikra friluftsområde vil bruk av hest kunne komme i konflikt med andre friluftsløvsinteresser, jamfør friluftsløva § 11 om god ferdslskultur. I statleg sikra friluftsområde vil fylkesmannen følgje utviklinga nøye, og om naudsynt stoppe/avgrense slik aktivitet, i nært samråd med Jæren friluftsløvsråd.
- I fuglefredingsområde vil Fylkesmannen følgje utviklinga nøye i høve til fuglane sitt behov for kvile og matsøk under trekkperiodane. Unødig forstyrning ved jevnleg ferdsl med hest er forbode.
- Arrangement med hest (t.d. ridestemne, kon-



FIGUR 71. «... men ennå finst her lerke på Jæren»

Foto: J.K. Ness

kurransar og organisert opplering) vil normalt ikkje bli tillate.

- Fylkesmannen har gjennom revidert verneplan og forvaltningsplan ikkje bestemt noko som reduserer eller fjernar eigar av privat veg sin rett etter friluftsløva til å forby ferdsl med hest. Dei tilkomsttrasèane til strandflata som vert utpeika i forvaltningssonene (jamfør verneregel §3-A17), vil i dei fleste tilfelle vera private, der eigar etter friluftsløva kan forby bruk av hest.

Ferdsl med hest og tilhøvet til friluftsløva

Friluftsløva har ulike reglar for ferdsl med ridehest og ferdsl med hestekjøretøy.

Ridehest

Grunneigar kan ferdast med ridehest i eiga utmark (men ikkje i verna sanddyneutmark). For andre enn grunneigar er det generelt ikkje tillate å ri på utmark i låglandet. Derimot er det ein allemannsrett å ri på veg eller sti i utmarka, så lenge dette ikkje fører til nemneleg skade på stien/vegen (§ 11). Dersom riding medfører konflikt i høve til andre aktivitetar, terrengskader og andre miljøverdiar kan kommunen (med stadfesting frå FM) forby riding på nærmare gitte strekningar (§§ 2 eller 15)

Hestekjøretøy

Friluftsløva §4 tillet heller ikkje allmenn ferdsl med hestekjøretøy i utmark, heller ikkje på strandflata. Derimot er det lov på offentleg og privat veg, med mindre grunneigar på fritt grunnlag nektar dette.

5.4 Allmenne brukarinteresser

Innleiing

Det er ei rekke offentleg sikra friluftsområde innafor verneområdet. Desse er forvalta av Jæren friluftsråd i samråd med fylkesmannen og Direktoratet for naturforvaltning. Jærstrendene utgjør det mest besøkte friluftsområde i fylket og eit av dei viktigaste i landet, med omkring 300 000 besøkande i året.

I eiga plan-utgreiing til forvaltningsplanen (FM 2005) vert det gjort greie for dei mange ulike brukargruppene og deira ønskje; vidare dei aktuelle private og offentlege aktørar i verneområdet, sentrale planar og føringar, og handlingsprogram for tilretteleggings- og informasjonstiltak i planperioden. Resultata frå undersøkinga er teken til følgje i denne forvaltningsplanen.

Ålmenta sin bruk er regulert på fleire måtar i vernereglane, mellom anna reglar om bygging, etablering og drift av fysiske anlegg, motorferdsel, parkering og ulike ferdseksformer. Overordna målsetting er å gje ålmenta tilgang til store natur- og kulturopplevingar, gjennom eit enkelt friluftsliv. Samtidig skal ein unngå og avdempa konflikter i høve til verneverdiane, landbruks- og andre bruksinteresser.

5.4.1 Retningslinjer og rammer for friluftsliv

Det er ei rekke overordna regionale og nasjonale planar og føringar for friluftsliv som også skal leggjast til grunn for forvaltninga av Jærstrendene.

Framlegg til kronprinsregenten sin resolusjon av 12.12.2003

I framlegget (s. 17) klargjer Miljøverndepartementet at vernereglane skal sikra utøving av tradisjonelt friluftsliv på ein måte som tek omsyn til verneverdiar og næringsbruk. Det er derfor behov for regulering av mellom anna aktivitetar som vasskuter, bølgesurfing og brettseiling. Det skal ikkje gjerast skilnad mellom organisert og uorganisert ferdslø utover det som verne-reglane bestemmer.

Eksisterande og nærmare godkjende parkeringsareal skal kunne fysisk utbetrast, avgrensast og merkast. Ulovleg parkering skal kunne stengast.

Friluftsløva og allemannsretten

Friluftsløva regulerer ferdslø i innmark og utmark,

og gjeld også langs Jærstrendene. Allemannsretten er eit svært verdifullt og grunnleggande prinsipp ved friluftsløva, som sikrar den frie ferdslø i utmark, men som også inneber plikter for den som ferdast langs strendene, både i høve til sårbare naturverdiar, landbruks- og grunneigarinteresser og andre friluftsløfolk. Allemannsrettens rettar og plikter vil vere retningsgivande for forvaltninga.

Nasjonale retningslinjer frå ein rekke **stortingsmeldingar** er lagt til grunn, m.a.: St.m. 29/1996-97 «Regional planlegging og arealpolitikk», St. meld. 8/1998-99 «Om handlingsplan for funksjonshemma», St. meld. 15/1999-2000 «Reiselivsnæringer», St. meld. 42/2000-01 «Biologisk mangfald», St. meld. 39/2000-01 «Friluftsliv – Ein veg til høgare livskvalitet», St. meld. 39/2001-02 «Oppvekst og levekår for barn og unge», St. meld. 25/2002-2003 om «Regjeringas miljøvernpolitikk», og St. meld. 16/2002-2003 «Resept for et sunnere Norge».

Regionalt har **Fylkesdelplan for Jærkysten** (RFk. 1996) overordna mål om mellom anna vern om natur- og kulturlandskap, og satsing på friluftsliv, idrett, rekreasjon og tilknytta reiselivsnæring i Jærkystkommunane. Viktige element i planen er framlegg om samanhengande og langsgåande «Nordsjøturveg» og «ringturar» med sykkelstandard og som basis for reiselivsutvikling, sikring av parkeringsareal, informasjon og anna tilrettelegging for friluftsliv.

Likelså peiker **Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern** («FINK», RFk. 2004) på ei rekke mål, utfordringar og strategiar i høve til mellom anna motivering, helse og livskvalitet sikring av areal, arealbruk og integrert tilrettelegging for friluftsliv. Handlingsprogrammet i planen gjer detaljert greie for satsing og ansvarsdeling innafor alle desse tema. Vidare inneheld planen detaljert oversikt over sikra og tilrådd sikra friluftsliv- og naturvernområde, mange av dei innafor eller opp mot Jærstrendene. Fleire av desse igjen er gitt status som såkalla «partnerskaps-område», der det skal satsast på tilrettelegging, natur- og kulturopplevingar, og næringsutvikling.

Prinsippet om universell tilrettelegging i friluftsløområda skal leggjast til grunn så langt som råd, gjennom føringane i m.a. Fylkesdelplan for universell tilrettelegging (RFk. 2007).

All tilrettelegging, merking, oppsetting av skilt og anna uteinformasjon skal klarerast og skje i nært samarbeid med både grunneigar (jfr. friluftsløva) og forvaltningsstyresmakta.

Skilnaden mellom turvegar og turstiar vert definert ved opparbeidingsgrad, jfr. retningslinjer i DN-handbok 27 (2006).

Inndeling i ferdelskategoriar

DN-handbok 27 (2006) rår til at verneområde vert inndelt i 5 ferdelskategoriar (grad av formidling/informasjon og fysisk tilrettelegging); med utgangspunkt i verneverdiar og verneføremål, formidlingspotensiale og dagens brukspress, og haldningar og ønskje frå grunneigarar og lokalsamfunn. Denne inndelinga vert brukt i kvar av forvaltningssonene for Jærstrendene (jfr. *Forvaltningsplan del 2*).

5.4.2 Bygg, anlegg, skilt/merking, andre innretningar for friluftsliv

Gjennom differensiert soneforvaltning vil det kunne gjennomførast naudsynte friluftsrretta tiltak, i første rekke knytt til etablerte hovedinngangsområde. I biotopvern og naturminne vil det vere restriktiv praksis i så måte.

Retningslinjene i kap. 5.3.12 *Andre bygningar, anlegg og faste innretningar* (knytt til grunneigar/rettseigarar) gjeld så langt det passar også for ålmenne friluftsliv, til dømes på statlig/kommunalt sikra friluftsområde. Følgjande tekst er utfyllande i høve til friluftsanlegg. Sjå også *Forvaltningsplan del 2* om sonering og ferdelskategoriar.

Aktuelle vernereglar:

Alle verneformer: §3-A1, B7 og 8, C1, 2 og 8, D1, §4-4, §5-1

Bakgrunn for vernereglane: Fylkesmannen har over mange år registrert omfattande og varierte ønskje om bygg- og tilretteleggingstiltak knytt til både det ålmenne friluftslivet og «smalare» friluftsgroper. Mange av desse tiltaka er viktige for både å gjere strendene tilgjengelige, auka opplevingsverdien, skjerma verneverdiar og redusera brukarkonfliktar, men vil ofte kunne få karakter av «bit for bit»-utvikling. For å sikre ei slik differensiert og heilskapleg utvikling, og unngå skjemma landskapsverknader er oppføring av bygningar, anlegg og andre faste innretningar (også sports- og idrettsanlegg) generelt forbode.

Forvaltningspraksis: Ein rekke tiltak kan vere aktuelle; til dømes betre parkeringsplassar, informasjons- og aktivitetssenter, skilt og anna merking, avfallsanlegg og toalett, gjerdekylv og bruer, turvegar og -stiar. Fylkesmannen vil i utgangspunktet praktisera reglane restriktivt, men med tilnærming



FIGUR 72. I samarbeid med Jæren friluftsråd er det opparbeida parkeringsplassar og nye skilt ein rekke stader langs strendene. Foto:P.K. Austbø

gjennom prinsippet om differensiert soneforvaltning (kap. 3.2 og kap. 4), og tidlegare innspel og avklaringar frå Fylkesmannen i samband med kommuneplanar og fylkesdelplanar.

Kap. 7 (*Tilrettelegging og informasjon*) gir meir detaljerte føringar for tema.

- Dispensasjon til aktuelle tiltak og aktivitet for ålment friluftsliv er i første rekke aktuelt innfor sonekategoriane B og C (jfr. kap. 4), og då med følgjande prioriteringar:
 - Offentleg sikra friluftsområde, ved tilkomst/parkeringplassar.
 - Utvalde område for *universell tilrettelegging*.
 - Tiltak som fremjar ferdelsmønster kyst – innland, ikkje gjennomgåande i verneområdet. Gjerne knytt til gardsturisme/reiseliv.
 - Private initiativ som i vesentleg grad tener ålment friluftsliv og verneverdiar.
- Dispensasjonar kan påreknast til tiltak som samstundes klart tener verneføremålet (skjerma sårbare fugle-, plante- og kulturverdiar), som er haldnings- og kunnskapsretta (inkl. skilting/merking), og til tiltak som reduserer konfliktar i høve til andre bruksinteresser og landbruk spesielt. Fylkesmannen legg opp til eit nært samarbeid med grunneigarar, kommunane og Jæren friluftsråd.
- Nye og permanente tiltak utanfor sikra friluftsområde, vil normalt ikkje bli tillate.
- I biotopfredingane, naturminna og andre Sone A-område vil det vere restriktiv praksis mot alle fysiske og kanalisierende tiltak som kan medføre auka bruk, slitasje eller forstyrring.
- Dispensasjon til servicebygg og anlegg for spesielle aktivitetsgroper og organisasjonar kan ikkje påreknast, heller ikkje tiltak av kommersiell eller privatisierende karakter.



FIGUR 73. Frilufthuset på Orre er ein sentral plass for formidling og friluftsliv. Jæren friluftsråd har også her ein viktig rolle. Foto:A. Steinnes

- Informasjons- og aktivitetssenter (kystkultur, fyrhistorie, museumsbygg m.m) må normalt samlokalisert til eksisterende anlegg som fyr og hamner. Ved dispensasjonshandsaming vil det bli krevt ei samordna kommunal/interkommunal prioritering for slike anlegg.

5.4.3 Camping og telting

Oppsetting av campingvogner og liknande er ikkje tillate. Telting kan skje etter friluftslova, men ikkje i biotopvernområda, naturminna eller på sanddynemark og sandstrender i landskapsvernområdet.

Aktuelle vernereglar:

Landskapsvern: §3-A1, A10 (sanddyneområde), A13

Biotopvern og naturminne: §3-B5, B7, C5, C8, D4

Bakgrunn for vernereglane: Plante- og vegetasjonsdekket i sanddyneområda er sårbart og utsett for slitasje og erosjon. Fuglefredningsområda er sårbare for uroing under hekking og trekk. Plantefredningsområda er leveområde for mange sjeldne og sårbare artar. Likeså er dei indre delane av sandstrendene særst sårbare for slitasje. For å unngå erosjon, skade og forstyrring er camping og telting ikkje tillate i desse områda.

Med camping meiner ein oppsetting av større telt eller plassering av campingvogn/bubil. Telting vil her omfatta oppsetting og bruk av mindre telt, vandretelt og liknande.

Forvaltningspraksis: Vernereglane skrenker inn reglane i friluftslova med omsyn til telting i sanddyner/sandstrend, og i område med spesialvern. Telting har til no vore eit avgrensa problem, men Fylkesmannen vil dempa eit aukande press på verneverdiane. Ein ønskjer også å ivareta mange friluftslivbrukarar sitt ønske om færrest mogleg «forstyrrende» aktivitetar i det opne landskapet (FM 2005). Samstundes er det viktig å kunne imøtekomme dei mange enkeltpersonar og brukargrupper som ønskjer å oppleve natur- og kulturverdiane ved sandstrendene gjennom eit enkelt friluftsliv med telting. Døme på dette kan vere skuleklassar, ymse foreningar og lag, sykkelturistar, «tematur»-grupper og anna reiseliv. Sjå elles kap. 5.4.9 *Arrangement og tilstellingar*.

- I berre landskapsverna sanddyner/sandstrender vil kortvarig telting kunne skje på nærmare utpeika areal for «større arrangement og tilstellingar», jfr. kap. 5.4.9.

- Camping i form av campingvogner, bubil og liknande vil ikkje bli tillate, utan etter nærmare



FIGUR 74. Ballspel bør foregå på den vegetasjonsfrie stranda for å spare dei nye dynene. Foto: A. Steinnes

reglar på godkjende parkeringsplassar (kortvarig opphald).

- Teltning vil i det heile ikkje bli tillate innafor naturminne på Reve og Orre, eller i biotopvernområda.
- På anna areal gjeld reglane i friluftslova (§ 9), der det heiter at rasting eller teltning ikkje er tillate på innmark (m.a. gjødsla beite og dyrka mark) utan løyve frå eigar eller brukar. I utmark (utanom sanddynemark) må ikkje telt settas opp nærmare enn 150 m frå hus eller hytte, og ikkje lenger enn 2 døgn om gangen utan etter samtykke frå eigar/brukshavar.

5.4.4 Sykling

Sykling er nærmare regulert i sanddynemark og plantefredingsområde.

Aktuelle vernereglar:

Landskapsvern aleine: §3-A11 (sanddyneområde), §4-6

Biotopvern og naturminne: §3-B7, B8, C1, C6, C8, D3

Bakgrunn for vernereglane:

Plante- og vegetasjonsdekket i sanddyneområda er sårbart og utsett for slitasje og erosjon. Plantefredingsområda er leveområde for sjeldne og sårbare planteartar.

For å unngå skader er ferdsel med sykkel derfor nærmare regulert.

Forvaltningspraksis: Fylkesmannen vil unngå sykling utanfor opparbeida område, og vil praktisera reglane restriktivt, også i høve til ønske om ny opparbeiding av sykkelveggar eller opprustning av turstiar til sykkelstandar. Med dette som utgangspunkt legg Fylkesmannen vidare opp til eit samarbeid med Rogaland fylkeskommune og aktuelle



FIGUR 75. Strendene er det viktigaste friluftsområde i fylket for mange tusen besøkande i året. Foto: A. Steinnes

sykkelprosjekt (kap. 7). Det er overordna mål å få meir av dagsbesøk med bil over på bruk av sykkel. Det er i så måte ønskeleg med god og spesiell tilrettelegging for syklistar ved parkeringsplassar, med merking og skilt i baklandet, og samordna nett-informasjonstiltak.

- Sykling kan utan vidare skje på godkjende parkeringsplassar, opparbeida vegar og opparbeida turveggar, men ikkje turstiar (med unnatak for skogsti Jernbaneskogen, Ognå). Friluftslova §2 inneber elles forbod mot sykling i utmark (og innmark) i låglandet.
- I plantevernområda er ferdsel med sykkel spesielt forbode utanom veggar/turvegar.

5.4.5 Ballspel på strandflata

Ballspel som meir tilfeldig friluftaktivitet kan skje fritt på den vegetasjonslause sandstranda, men med dagleg opprydding av utstyr etter bruk. Slik aktivitet skal ikkje fortrenge anna friluftsliv, eller føre til unødig forstyrring av fugleliv. Overalt i sanddyneareal og plantefredingar er aktivitetane forbode.

Aktuelle vernereglar:

Landskapsvern: §3-A13 (sanddyneområde)

Biotopfredingar og naturminne: B7, C7, D3

Bakgrunn for vernereglane:

Plantelivet og vegetasjonsdekket i sanddyneområda er sårbart og erosjonsutsett, særleg i plantefredingane. Ballspel vil kunna føra til skadeleg slitasje og erosjon i slike område, og er derfor nærmare regulert. Likeså golf, men dette har ikkje vore aktuell aktivitet etter verneprosessen i 1995.

Forvaltningspraksis:

Det vert årleg sett opp volleyballnett på hovedstrender som Orre, Bore, Sola og Hellestø.

Fylkesmannen presiserer at brukarane må fjerne utstyret etter bruk. På den vegetasjonslaus sandstrand kan ballspel skje fritt som del av leik og rekreasjons-aktivitet ved bading og anna friluftsliv. Utstyr som nett og stenger skal fjernast umiddelbart etter kvart dagsbruk.

- Ballspel (og golf) vil ikkje bli tillate i sanddyne-områda med unnatak av stranda, men då ikkje fortrenge anna friluftsliv, eller føre til unødig forstyrring av fugleliv.
- Overalt i plantefredingsområda vil forbodet bli strengt handheva.
- Ballspel som del av organisert trenings-, sports- og idrettsaktivitet vert omfatta av forbodet mot «*større arrangement og tilstellingar*» og krev nærmare godkjent område, jamfør kap. 5.4.9.

5.4.6 Hund og bandtvang

I fuglefredingsområda er det heilårleg bandtvang etter vernereglane. Elles har dei fire kommunane egne vedtekter for bandtvang.

Aktuelle vernereglar:

Fuglefredingsområde: §3-B1, B4

Bakgrunn for vernereglane: Lause hundar fører til sterkt auka forstyrring og stressing av fugl, med redusert matsøk og kvile, aukande energiforbruk og større fare for sviktande hekking som resultat. For å hindre dette er det i fuglefredingsområda derfor bandtvang for hund heile året. Gjennom brukarundersøkinga (Fylkesmannen 2005) kom det også fram at mange turgåarar vert uroa og redde av lause hundar langs strendene.

Forvaltningspraksis: Problemet med lause hundar er omfattande, og fylkesmannen vil så langt som råd fylgja opp bandtvangsregelen nøye, også i høve til lausgåande gardshundar.

- Det er gjeve generelt unnatak for gjetarhundar nytta i landbruksdrifta. Unnataket gjeld berre i det avgrensa tidsrommet der hunden er i aktiv bruk og under full kontroll, t.d. ved innsamling av sau.
- Fylkesmannen har tru på at betre informasjon og skilting, i tillegg til aktivt oppsyn gjennom SNO vil føra til auka forståing og respekt for bandtvangen.
- Generelle reglar for ordinær bandtvang i tida f.o.m. 1. april t.o.m. 20. august gjeld også langs Jærstrendene elles (§ 52 i viltlova). Kvar av dei fire kommunane har politi- vedtekter som regulerer bandtvang.
- Sola kommune har opna for prøveordning med «hundeluftingsområde» på Hellestø, i grensa til

Klepp som har andre vedtekter. Desse ulike vedtektene i praktisk talt same turområde er klart vanskeleg å forstå og etterleve for hundeeigar. Hundeluftingsområdet inneber også konflikter i høve verneverdiar (spesielt fugleliv og slitasjemønster) og andre brukara. Fylkesmannen tek sikte på konflikt-demping med skiltingsinformasjon, samt ny vurdering av prøveordninga i samråd med Sola kommune.

5.4.7 Vasskuter, vass-motorsport, seglbrett og bølgesurfing

Vass-motorsport, seglbrett og bølgesurfing er forbode i fuglefredingsområda 01.10 t.o.m. 31. 03. Vasskuter/vassjett er også heilårleg forbode etter anna lovverk.

Aktuelle vernereglar:

Fuglefredingsområde: §3-A16, B1 og B6-d

Bakgrunn for vernereglane: Sjøareal i fuglefredingsområda er viktige for kvile og matsøk for sjøfugl, og er ein avgjerande del av livsmiljøet deira. For å unngå unødig og skade-gjerande uroing av sårbart fugleliv i dei mest sårbare delane av året er det i desse områda generelt forbod mot bruk av vannscooter/vannjet, andre former for vannmotor-sport og bruk av seglbrett og bølgesurfing f.o.m. 1. oktober t.o.m. 31. mars. Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til ikkje-motoriserte, enkle former for friluftsliv. Denne aktiviteten har vore klart aukande; i dag er det til dømes fleire surfer-skular i området, med eit stort antal deltakarar, i første rekke på Bore. Det kan i nokre tilfelle oppstå konflikt i høve til landbruk, andre friluftsgupper og fugleliv spesielt, så som «kiting» ved fuglerike Revtangen. Dei siste 10 åra har det vore ein kraftig auke i bruken av heile verneområdet, både når det gjeld talet på besøkande og ulike typer aktivitetar. Dette har også medført ei auka uroing av sårbart fugleliv i verneområdet. Fylkesmannen ynskjer difor at den auka bruken primært skal skje i dei minst sårbare områda, medan sårbare område som fuglefredningar i størst mogleg grad blir skjerma for aktivitet som kan uroa fuglelivet.

Elles inneber Lov om fritids- og småbåtar i utgangspunktet eit totalforbod mot vannscooter/vannjet langs Jærstrendene.

Forvaltningspraksis:

- Dispensasjon i fuglefredningsområda kan ikkje påreknast i den aktuelle forbodsperioden.
- Bruk av brett med drage (kiting) er å forstå som regulert av nemte reglar.
- I resten av året kan brettseiling og bølgesurfing i utgangspunktet skje i heile verneområdet,

men slik at det ikkje medfører «skade, øydelegging og unødig forstyrring» av fuglelivet (§3-B1, og §3-B6-d). Vi syner i så måte til nyare klagehandsaming i sak om brettsegling i Nordhaselvika fuglefredningsområde i V-Agder (DN og MD vedtak 07.07.08. og 16.12.08). Der vert det slått fast at brettsegling er forbode som «unødig forstyrring» i sårbare periodar av året.

- Fylkesmannen i Rogaland vil følgje det generelle forstyringspresset i fuglefredningane nøye, og om naudsynt vil Fylkesmannen måtte vurdere å be DN fastsette ytterlegare begrensande reglar for slik aktivitet, jfr. §3 – A16.
- Arrangement og tilstellingar krev eigen dispensasjon, sjå nedanfor.
- Samstundes vurderer fylkesmannen aktuell ikkje-motorisert vassport som positive døme på enkle, fysisk fostrande og opplevingsrike friluftslivformer. Vi vil derfor prøve bidra til at desse brukargruppene får betre tilkomst, servicefunksjonar og informasjon knytt til bruk av mindre sårbare område.

5.4.8 Regulering av organisert/uorganisert ferdsl

Reglane skil ikkje mellom organisert eller uorganisert ferdsl. Tradisjonell turferdsl til fots, med avgrensa organiserte grupper, kan skje fritt etter allemannsretten langs stranda. Det er avgrensa ferdslsforbod på nokre øyer. I Ramsar-område langs kysten vil ein om naudsynt vurdere ferdslsrestriksjonar.

Aktuelle vernereglar:

Landskapsvern: §3-A16

Biotopfredingar og naturminne: §3-B1, B6a,b,c, B7, C8, D3

Bakgrunn for vernereglane

For å hindra unødig og skadegjerande forstyrring av fuglelivet i hekketida, under trekk og ved overvintring, er det innført regulering av den frie ferdsl i nokre av av fuglefredings-områdene. Der er og innført heimel til vidare regulering (§3-A16) dersom framtidig ferdsl viser seg å gi uheldige følgjer også for andre verneverdiar som sårbare kulturminne, truga planter og plantesamfunn eller sanddyner.

Forvaltningspraksis:

- Det er det totale omfanget av ferdsl som skal leggst til grunn for konsekvens-vurderingar, ikkje om ferdsla er organisert eller ikkje (sjå også nedanfor).
- Friluftslova og allemannsretten sine rettar og plikter utgjør grunnlaget for den frie ferdsl

langs strendene. Fylkesmannen vil bidra til at allemannsretten sine kvalitetar ikkje vert forringa, og at brukskonfliktar vert minimalisert, til dømes gjennom aktiv tilrettelegging og informasjon i samsvar med retningslinjer i *Forvaltningsplan del 2*.

- Tradisjonell turverksemd til fots med avgrensa tal deltakarar langs stranda kan skje fritt, til dømes 1 -2 skuleklassar, barnehagar, ideelle lag og organisasjonar. Ferdsl og aktivitetar bør skje i vegetasjonslaus strandsone, eller på opparbeida vegar/stiar, for å unngå slitasje og forstyrring på verneverdiar og konflikt i høve til innmark og husdyr.
- Fuglefredingsområda på Vestre Rott (i Sola), i delar av Håstein-gruppa (i Sola) og Raunen (i Hå) har ferdslsforbod på land i tida f.o.m. 15.april t.o.m. 31. juli. Fylkesmannen vil hindra forstyrrende ferdsl i dei aktuelle områda i hekketida, og vil derfor praktisera ferdslsforbode strengt.
- Fuglefredingsområda på fastlandet langs Jærkysten er i tillegg såkalla Ramsar-område, med internasjonal verneverdi. Fylkesmannen er uroa over aukande grad av organisert og kanalisert turplanlegging til desse områda. Fylkesmannen følgje ei slik utvikling nøye; og vil om naudsynt måtte vurdere å be DN fastsette begrensande reglar for ferdsl, jfr. §3 – A16.

5.4.9 Større arrangement og tilstellingar

Mindre grupper kan i hovudsak ferdast fritt etter allemannsretten, helst langs strandflata og langs etablerte vegar og stiar. Større grupper og arrangement krev dispensasjon etter gitte kriterier. Det er peikt ut aktuelle stader i kvar kommune for arrangement og tilstellingar.

Aktuelle vernereglar:

Landskapsvern: §3-A14, §5-3

Biotopvern og naturminne: §3-B1, B7, B8, C1, C2, C5, C7, C8, D3, §5-3

Bakgrunn for vernereglane:

Verneområdet har ei rekke sonar med verdiar som er sårbare for forstyrringar frå menneskeleg aktivitet. Større arrangement og tilstellingar, som kjem i tillegg til vanleg ferdsl, har eit potensial for å auka belastinga (slitasje, forstyrring) for mykje i utsette område. For å unngå dette er det derfor gitt retningslinjer for slike arrangement og tilstellingar. Fylkesmannen opplever etter måten stor interesse for mange ulike slag aktivitetar, til dømes firmaturar, idrettsarrangement, vassport-«skular», speidarleirar, kunst- og kulturtilstellingar, konkurransar, festivalar og liknande.



FIGUR 76. Tungenes fyr er freda som kulturminne og museum. Foto:P.K. Austbø

Forvaltningspraksis:

Vernereglane legg opp til differensiert forvaltning, jfr. kap. 4 - Forvaltningssonar. Føremålet er å skjerma spesielt sårbare og utsette område, og samstundes imøtekomme ønskje for større arrangement og tilstellingar i andre sonar med større slitestyrke. Reglane skil ikkje mellom organisert eller uorganisert aktivitet eller ferdsle, det er omfanget og karakteren av arrangement, tilstelling eller turopplegget som vil vere avgjerande for om tiltaket skal handsamast etter dispensasjonsreglar §3-A13, §5-3.

■ Større arrangement, tilstellingar og turopplegg (til dømes heile skular med fleire hundre deltakarar) krev dispensasjon etter §5-pkt. 3 for å kunne gjennomførast. I vurdering av løyve vil følgjande kriterier bli lagt til grunn:

- Tilknytt parkeringsplass, toalett, renovasjon.
- Kortvarig karakter, og utan varige spor.
- Ikkje motorisert ferdsle, støy eller anna aktivitet som kan redusere verneverdiar, gi ulempe for landbruk eller andre sin turoppleving i vesentleg grad.
- Krav om opprydding og evt. fysisk skjerming av sanddyner.
- Ikkje kommersiell eller privatiserande karakter.
- Strandavhengig aktivitet (t.d. spesielle kunst-

tilstellingar) prioriteras framfor aktivitet som ikkje er direkte avhengig av strandmiljø for å kunne gjennomførast.

■ Det vil ikkje bli gitt dispensasjon i plantefreda område, eller i sårbare kulturminneområde, normalt heller ikkje i fuglefredingsområda dersom unødig forstyrning i viktige delar av året (hekking og trekk).

■ Fylkesmannen vil i første rekke styre arrangement/tilstellingar til følgjande offentleg sikra område, normalt gjennom forenkla handsaming (telefonavtale):

- Hå kommune: 1) Refsnes friluftsområde – austre del. 2) Hå gamle prestegard (kulturarrangement)
- Klepp kommune: 1) Orre friluftsområde ved Friluftshuset. 2) Sele hamn 3) Bore Sør-strandflata.
- Sola kommune: 1) Hellestø ved parkeringsplassen. 2) «Rosenberg-eigedommen» (ved Ølberg). 3) Ølbergstranden/Ølberg camping (utanfor verneområdet). 4) Solastranden.
- Randaberg kommune: 1) Vistesanden (ikkje verna, avtale med JF), 2) Vistnes friluftsområde (ikkje verna, JF), 3) Sandebukta friluftsområde, 4) Tungenes Fyr

Dette i nært samråd med Jæren Frilufsråd/kom-

munar. Vi minner også om friluftslova §10, om naudsynt samtykke frå grunneigar/brukar dersom slik ferdsel/masseopphald inneber at skade eller ulempe «av betydning kan oppstå» (MD rundskriv T-6/97).

5.4.10 Bruk av kulturminne

Alle tiltak ved eldre, automatisk ferda kulturminne krev nærmare avklaring i forkant. Fylkesmannen ser positivt på bruk som opprettheld og synleggjer verdien av nyare kulturminne.

Aktuelle verneregjar, alle verneformer: §3-A2, B7, C8, D3

Bakgrunn for vernereglane:

Kulturminna frå før år 1537 er viktige nasjonale verdiar og kunnskapskjelder, og bidrar til å gje landskapet historisk tidsdjupne og særpreg. Desse kulturminnene er derfor automatisk freda i heile landet, jamfør kulturminnelova. Sjå nettstad www.kulturminnesok.no/. Verneforskrifta for Jærstrendene §3-A2 nemner i tillegg døme på verdifulle nyare kulturminne, som båtnaust, båttstøer, kvernhus, forsvars- og fyranlegg, steingardar og gamle ferdselsveggar, jamfør lister i revidert verneplan (FM 1995). Det er etablert rutinar for samordna sakshandsaming med Rogaland fylkeskommune (kultur) som regional kulturminne-styresmakt.

Forvaltningspraksis:

- Fylkesmannen vil generelt praktisera vernereglane på ein slik måte at faren for ulovlege inngrep i automatisk freda kulturminne ikkje aukar, og legg til grunn ein restriktiv praksis i så måte. Gjennom kanalisert ferdsle og soneplanlegging vil ein også unngå fare for mellom anna slitasje og anna uheldig påverknad på desse kulturminna.
- Alle former for tiltak, inkl. rydding og «vedlikehald», i desse kulturminna må avklarast i forkant, herunder også skilting. Fylkesmannen skal framleis samarbeide aktivt med fylkeskommunen om veltilpassa skilting av eit representativt utval av kulturminner.
- Fylkesmannen er positiv til at kulturminna frå nyare tid framleis vert brukt og vedlikehaldne i samsvar med landskapets art og karakter, gjennom ei form for «vern gjennom bruk», til dømes prosjektet «Ei kjede av fyr». Dette bidrar til å oppretthalda kulturpåverknaden i verneområdet. Normalt vedlikehald av desse kulturminna kan gjennomførast. Hovedprinsippet vil vera å ta vare på kulturverdien og verknaden av desse elementa i landskapet.
- Obrestad hamn, Obrestad fyr og Tungenes fyr



FIGUR 77. Krigsminnene er etterkvart ein akseptert del av kulturminnevernet, freda i verneforskrifta for Jærstrendene. Foto: P. T. Haaland

er særskilt freda av Riksantikvaren i medhald av kulturminnelova. Tiltak i hamna og fyrområda skal godkjennast etter reglane i både naturvernlov og kulturminnelov (Rogaland fylkeskommune).

5.4.11 Rådgevingande utval for Jærstrendene

I §8 i verneforskrifta heiter det at forvaltningsstyresmakta skal oppretta eit rådgevingande utval for forvaltninga. Dette vart gjort i 2005, med følgjande offentlege etatar og organisasjonar representert, jfr. detaljar på nettsida www.fylkesmannen.no/rogaland «Jærstrendene» og under «Aktuelt»:

- Randaberg, Sola, Klepp og Hå kommunar
- Rogaland Fylkeskommune, regionalutvikling
- Jæren friluftsråd
- Universitetet i Stavanger
- Arkeologisk museum
- Stavanger museum
- Naturvernforbundet i Rogaland
- Fiskeridirektoratet Region Sør
- Rogaland heimeverndistrikt
- Rogaland Bondelag

Utvalet vert leia av Fylkesmannen, som og har sekretæransvaret. Utvalet skal representere dei mange og tildels kryssande interessegrupper, skape betre innsikt og forståing seg imellom, fungere som informasjons- og kontaktkanal for grunneigarar og andre brukarar, og gi forvaltninga grunngitte råd. Utvalet skal normalt ha eit nøkternt nivå på møteaktivitet, med 1 – 2 møte i året. Alle medlemmene kan be om møte og ta opp saker etter ønskje. Utvalet si funksjonstid er ikkje tidsavgrensa. Kommunale representantar vert utnevnt etter kvart kommunestyreval.



FIGUR 78. Det er brukt store ressursar på økologisk skjøtsel seinare år, her fjerning av rynkerose får sandyner på Sandebukta i Randaberg. Foto: V. Ankerstrand

6 Plan for skjøtsel og landskapspleie

Overordna mål går fram av kap. 3. Aktuelle bevaringsmål og skjøtselstiltak er konkretisert i kvar av dei 37 forvaltningssonane i *Forvaltningsplan del 2*.



FIGUR 79. Døme på landskapsutbetring, her restaurert steintipp i Obrestad hamn, med kunstinstallasjon på toppen. Foto:PK Austbø

6.1 Definisjon skjøtsel

Med skjøtsel meiner ein her dei praktiske tiltaka som vert gjennomførte i regi av forvaltningsstyresmakta, for å ta vare på dei verneverdiane som er definerte i verneføremålet. Slike tiltak kjem i staden for eller i tillegg til eventuell anna bruk av område.

1. Økologisk skjøtsel skal oppretthalda og/eller utvikle ein ønska natur- eller kulturmarkstilstand. Døme på tiltak er beite, slått, skog- og krattrydding, fjerning framande planteartar, og biotop-restaurering (t.d. auka vassnivå eller utbetring av vegetasjonsslitasje).
2. Kulturminneskjøtsel tek sikte på vedlikehald og restaurering av fornminne og nyare kulturminne (til dømes naust, steingardar), i nært samråd med kulturstyresmakter og grunneigarar. Sjå ny nettstad www.kulturminnesok.no/.
3. Landskapsutbetring er skjøtselstiltak som tek sikte på å restaurere eller vedlikehald dei landskapstypene og elementa som gir verneområdet karakter. Døme er fjerning av avfall, gamle deponi, slitasje i vegetasjonsdekke og skjemmaende bygg/anlegg.

6.2 Heimelsgrunnlag til skjøtsel

Ny lov om naturmangfald § 47 gir heimel til *skjøtsel av verneområde*:

- Forvaltningsstyrmakta kan gjennomføre skjøtsel og grensemerking av verneområdet.
- Med skjøtsel meiner ein tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er formålet med vernet, herunder tiltak for å kanalisere ferdsle, fjerning av vegetasjon eller framande treslag og restaurering etter naturinngrep.
- Skjøtselstiltak som inneber hausting av naturlege ressursar eller ein vesentleg endring i naturtilstanden slik den var da vernearbeidet tok til.
- Ein skal, om mogleg, inngå avtale med grunneigar om at denne utfører nærmare bestemte skjøtselstiltak. Forvaltningsstyrmakta kan og inngå avtale med interesserte organisasjonar eller andre om å utføre slike skjøtselstiltak.
- Om skjøtselstiltak rører ved privat eigendom eller rettar i verneområdet, skal eigar eller retts-havar så vidt mogleg varslast på førehand.
- Økonomiske fordelar ved gjennomføring av skjøtselstiltak tilfell grunneigar eller retthavar.

6.3 Mål for skjøtsel

Det store mangfaldet i natur- og kulturverdiar skal skjøttast gjennom prinsippet om differensiert forvaltning, slik at variasjonen av dynamiske landskapsformer, suksesjonstrinn, artsdiversitet, biotop- og habitat-funksjonar, samt mangfaldet i brukstradisjonar, kulturminne og kulturmiljø, vert teken vare på. Dette inneber å akseptere naturlege geomorfologiske endringar innafor dei ulike del-systema/ kysttypene, dersom det ikkje er særskild god grunnar for å gjennomføre oppretting eller sikring, t.d. av dyrka mark, bygningar, irreversible reduksjon av opplevingskvalitetar.

Innafor kva forvaltningszone er det eit mål å oppretthalde og om naudsynt restaurere semi-naturleg landskap, økosystem og tilhøyrande artsrikdom. Habitat-suksesjonar skal i utgangspunktet skje gjennom naturlege prosessar, men skjøtselen skal likevel stogga til dømes tilgroing, slik at dei store kulturmarksverdiene blir ivaretekne.

Inngrep som inneber uheldig oppstyking (fragmentering) av biotopane/landskapet skal unngås og så langt som råd utbetrast.

Det skal definerast etterprøvbare bevaringsmål for natur- og kulturmarkstypar, samt tilstandsindikatorar for sjeldsynte plante-, insekts- og fugleartar.

I planperioden skal ekspansjonen av svartelisteartar stogga og så langt som råd reverserast, som ledd i mål om restaurering av verdifulle natur- og kulturmarkstypar og sikring av levedyktige bestandar av trua artar.

Spreiing av problematisk ugras til landbruksareal skal handterast gjennom dialog og naudsynt samarbeid om skjøtsel, med grunneigarar og lokal rådgivingsteneste for landbruk.

Informasjon og gjennomføring av skjøtsel skal ha som mål å involvera og motivera grunneigarar og aktivt landbruk, samt auka opplevingskvalitetar om haldningar blant friluftsbukarar av området.

Det skal utviklast ein meir systematisk planleggings- og skjøtelsesmodell. Dette inneber utvikling av rutinar for finansierings- og søknadsprosedyre, utveksling av årsplanar og samkjørt feltarbeid med andre aktørar, kompetanseheving for faste kontraktørar, evaluerings- og rapporteringsordningar.

6.4 utfordringar og truslar – status og strategiar

Utfordringane er mange og særskild samansette, i første rekke grunna den store variasjonen i verneverdiar og bevaringsmål, det at området langt på veg er eit kulturlandskap i privat eige og aktiv landbruksdrift, og samstundes eit av dei mest besøkte friluftsområde i landet. For forvaltningsstyrmakta vil det vere ein heilt avgjerande utfordring og føresetnad for god skjøtsel å få til eit godt praktisk samarbeid med i første rekke grunneigarar og landbruksinteressene, og Jæren friluftsråd, men også kommunar og kulturminnestyresmakter (AmS/UiS og FK). Nedanfor nemnast berre dei viktigaste utfordringane sett frå vernestyrmakta.

Hav-erosjon sanddynekyst

På slutten av 1980-talet var det fleire år med mykje stormflo og store erosjonsskader i front-dynene. Dette, saman med diskusjonar om effekten av taretråling, aktualiserte moglege tiltak for å beskytte og restaurere sanddynene. Det vart gjennomført forsøk med kunstig «tare-skog», marehalmplanting, fysiske konstruksjonar og tilkøyring av massar. I ettertid har mykje av skadene blitt naturleg reparert, til trass for enkeltstormar og stedvis store ska-

der. Så langt synes det å vere relativt stabil balanse mellom erosjon og akkumulasjon. På lengre sikt kan eventuelle klimaendringar med auka stormfrekvens, springflo og forventa havnivåstigning (ca 26 cm innan 2050, 75 cm innan 2100, kjelde *Norsk inst. for klimaforskning nr. 2 2007*) føre til radikale endringar til det verre i denne balansen.

Strategi

1. Overvaking: vidareført tidsserie fly-vertikalfoto-grafering med måling av dynefrontar.
2. Overvaking: 3-D-modellering av dynefronthøgdar og masseberekningar
3. La naturlege prosessar med erosjon/akkumulasjon halde fram, med mindre fare for skade på innaforliggande innmark, anlegg o.l - i så fall vurdere akutte reperasjonstiltak.

Søppel/avfall/vrak

Det er ulike typar avfall langs strendene:

- Store mengde såkalla «herrelaust strandsøppel» driv årvisst i land frå kyststraumen og inneber eit stort estetisk problem. I 2006 fekk fylkesmannen, i godt samarbeid med organisasjonar, enkelte kommunar og grunneigarar, fjerna 1000 sekkar. I offentleg sikra friluftareal vert dette nøye følgt opp av interkommunale Jæren friluftsråd, saman med store mengde «strandbrukarsøppel» under badesesongen. I resten av området (utanom friareala) har fylkesmannen avtalar med nokre organisasjonar om fjerning, nokre grunneigarar ryddar på eigen mark, men mykje ligg att frå år til år.
- **Metallavfall** - større mengder landbruksavfall (maskinar, tønner, gjerder osv.), og piggrå-restar etter 2. verskrig, ligg framleis i verneområdet. Fylkesmannen har hatt fleire omgangar med opprydding, men mykje gjenstår. Stadvis ligg det vrakrester. Dette må fjernast etterkvart som det vert broten sundt (ikkje lenger kulturverdi).

Strategi

1. Kommunane har eit sjølvstendig overordna ansvar, uavhengig av vern, for å hindre og få fjerna forbruksavfall, søppel og anna avfall på utfartsstader og andre offentlege stader, jfr. §§ 28, 33a, 34 og 37 i forureiningslova. Ansvaret for opprydding ligg til den som eig avfallet, om naudsynt gjennom kommunalt pålegg etter lova. I tilfelle ukjent forureinar er det ei utfordring å få til effektivt samarbeid mellom grunneigarar, kommunar og fylkesmann.
2. Vidareføring av samarbeid JF, kommunar, grunneigarar, organisasjonar/frivillige.

Eldre steinfyllingar/deponi

Fylkesmannen har registrert alle gamle og aktive stein- og massefyllingar (FM- 2003). Mange av desse tilsaman 100 tippene er tidlegare godkjente deponeringsstader, tildømes som moloar. No er all deponering forbode, jfr. ny verneforskrift. Ei rekke av deponia er også nytta til blanda avfall. Mange av deponia burde hatt betre landskapsutforming eller vore fjerna på grunn av konflikt med fornminne, plante/dyreliv og landskap. Dette vil ofte vere svært ressurskrevjande. Hå kommune/FM har rydda og landskapstilpassa stor steintipp i Obrestad hamn. Grunneigar på Vik fjernar steintipp i fuglefredningsområde 2008/2009.

Strategi

1. Fjerning eller utbetring av tippar etter prioritering i FM-rapport (FM 2003), i samarbeid med kommunar og interesserte grunneigarar.
2. Stoppe all vidare deponering av massar gjennom oppsyn.

Landbruk

Det ligg ei hovudutfordring i å oppnå ein god balanse mellom rasjonelt og moderne landbruk, og samstundes meir tradisjonell og ekstensiv skjøtsel av naturtypar og kulturlandskap. Utfordringa er grovt sett to-sidig: Tradisjonelt beite og skjøtsel av ugjødsla utmark (nedre strandsone, bakdyneeng, naturbeiteeng, kysthei) minkar i den smale vernesona. Areala vert avgjerda mot meir intensiv innanforliggande dyrka mark og gjødsla beite, med påfølgjande tilgroing og ugrasproblem - eit stort og aukande problem (høymol, landdøyda, tistelartar). Gamal planteskog får etterkvart eit «forfallspreg», og medfører frøspreiing inn i ope areal, i tillegg til å redusere grunnvassnivå og forsura jordsmonn.

På den annan side inneber den intensive tilgrensande arealbruken eit stort press på desse arealtypene. Nydyrking er forbode, men svært omfattande husdyrgjødsling er i dag truleg den største utfordringa frå landsida for planteverdiane og landskapsbilde. I hovudsak skjer dette på godkjent gjødsla innmarksbeite og dyrka mark, men mange stader er presset stort også på anna mark. På nokre få areal (planterik sandmark) er overbeite og tilleggsføring eit problem. Omfattande kanalar og grøfter medfører senka grunnvasstand, med store følgjer for planteliv (t.d. orkide-enger) og næringsområde for fugl.

Samla sett inneber utfordringa å få til samarbeid om praktisk tradisjonelt og ekstensivt landbruk som også kan ha økonomisk interesse for den einskilde gardbrukar og moderne landbruksdrift i utvikling.

Strategi

1. Praktisk samarbeid med grunneigarar og rådgivingsteneste for landbruk om tradisjonell bruk (til dømes gjerding, beite, hogst) og ugrasbekjemping.
2. Effektiv økonomisk virkemiddelbruk (tilskotsmidlar), må stå sentralt.
3. Oppfølging av kartfesta ikkje-gjødsla/gjødsla areal - oppsyn, grunneigardialog.
4. Informasjonstiltak om aktuell skjøtsel og tilskotsmiddel, jfr. handlingsdel.

Verdifulle natur- og kulturmarkstypar.

Mange av natur- og kulturmarkstypene i Jærstrendene er nasjonalt eineståande, med ei rekke krevjande planteartar og –samfunn, og tilhøyrande dyre- og insektsliv.

I verneforskrifta §3 A-5 og C-1 er det lista opp freda einskildartar og plantesamfunn. Det er ei sentral utfordring å få til langsiktig presis skjøtsel av desse. Ikkje minst gjeld dette biotopar og einskildartar som er avhengig av tradisjonelt ekstensivt landbruk. Begrensa kunnskap om forvaltning av sjeldsynte og krevjande artar og naturtypar inneber betydeleg utfordring for definering av presise bevaringsmål og målretta forvaltning.

Det synest som om det viktigaste tiltaket for å oppretthalda insektfaunaen er å syte for at den naturlege vegetasjonen får utvikla seg naturleg, unngå sprøytemiddel og hindra at viktige område vert drenert ut. I ein del tilfelle kan det vera god forvaltning å reetablere eit tidlegare høgare grunnvassnivå. Dette vil i tillegg gi gunstig effekt på planteartar som orkideartar.

Strategi

1. Oppfølging ny kartlegging av aktuelle natur- og kulturmarkstypar (Lundberg 2010)
2. Definering av bevaringsmål og målretta skjøtelsesmetodikk/plan i alle forvaltningssonar. Følgje opp utviklinga av nasjonale retningslinjer og metode for rett skjøstel av naturtypar og artar.
3. Nær dialog og praktisk samarbeid med grunneigarar og andre aktørar.

Eldre og nyare kulturminne

Fylkesmannen i samarbeid med arkeolog K. Kallhovd gjennomførte på 1990-talet ein statusgjennomgang for desse. Revidert verneplan (FM 1995) gir ein oversikt over eldre og nyare kulturminne. Sjå også ny nettstad www.kulturminnesok.no/.

Mange av dei er skada av landbruksdrift eller ligg under massedeponeringar, og kan berre restaurerast gjennom omfattande tiltak i regi av kul-

turstyresmaktene. Kulturminnevernet er generelt skeptisk til restaurering av automatisk freda kulturminne, dels grunna i erfaringar med unødig hardhendt restaurering, og dels fordi all form for restaurering vil vera eit inngrep i kulturminnet (og den historiske utviklinga av dette). Dette kan skade eller forstyrre spor som har kunnskapsverdi. All restaurering av slike kulturminne krev dispensasjon frå kulturminnelova.

Mange gardbrukarar gjer stor innsats med vedlikehald av dei mange karakteristiske steingardane. Langs kysten finst og mange anlegg frå 2. verdskrigen. Også desse er verna gjennom verneforskrifta, samstundes som kommunar som Hå og Sola prioriterer anlegga høgt i eigne kulturminneplanar. Praktisk forvaltningsansvar for desse minna er likevel lite avklart mellom kommunar/FM/FK.

Jæren Kystlag er ein aktiv aktør for informasjon og restaurering av kulturminne i området. Mellom anna ny-reising av seglingsmerke på Reve var i deira regi. Jæren frilufsråd og kommunar er aktive med omsyn til vedlikehald og restaurering av fyranlegga.

Strategi

1. Utarbeide tiltaksplan (prioritering, metode, kostnader) for restaurering av fornminne, m.a. ved utbetring/fjerning av steintippar. Nært samarbeid med kommunar/FK/AmS.
2. Avklare ansvar for praktisk oppfølging av krigskulturminne
3. Informasjonsinnhenting, formidling og haldningsskapande arbeid knytt til kulturminna og brukstradisjonar.
4. Aktiv bruk av tilgjengelige kulturminne-tilskotsmiddel.

Slitasje i vegetasjon og fragmentering av biotopar

Spesielt sanddynekysten utgjør ein av de mest særprega, sjeldne, trua og sårbare landskapstypar i Noreg og Nord-Europa. Sanddynesystema er under sterkt press frå natur- og kulturpåverknad både frå sjø- og landside. Verneområdet har fleire hundre tusen friluftsbesøk i året. Dette medfører betydeleg uregulert fotferdsel-slitasje i markdekke, spesielt på sandmark. Fylkesmannen har røynsle for at slitasjen mange stader medfører direkte fare for skade eller fjerning av nasjonalt truga einskildartar. I frontdynene vil slitasje kunne utvikle seg til store åpne erosjonssår, med sandflukt som resultat. Ulovleg køyring og parkering på utmarksareal er framleis problem i nokre område, også bruk av hest og terrengsykkel.

Dei mange freda kulturminna er også utsette for slitasje og skade, ved uvetting bruk og ferdsle, men

også direkte hærverk (for eksempel steinfjerning). Det er gjennomført ein rekke utbetnings- og kanaliseringstiltak: opparbeiding av stiar gjennom sanddyner, ledegjerder, stenging eller avgrensing av køyretrasear og uønska p-areal, utbetring av sanddynesår, planting av marehalm, og skiltinformasjon.

Strategi

1. Vidareføring av overvaking (flyfoto, oppsyn) av slitasjeomfang.
2. Vidareføring av kanaliseringstiltak, skadeutbetring og informasjon, i samarbeid med grunneigarar og JF.
3. Streng handheving av fysiske tiltak som medfører oppstyking eller anna verdireduksjon av naturtypeareal/habitat.
4. Skaffe oversikt og plan over moglege og kostnadseffektive biotoprestaureringar.

Spreiing av framande planteartar («Svartelisteartar»)

Framande artar er artar som ikkje har eit naturleg opphav i området og som gjerne har vorte innførte til området ved menneskeleg hjelp. Einskilde framande artar vil etablera seg og kan ofte konkurrera ut artar som førekjem naturleg. Særleg skadelege artar er ført opp på ei nasjonal svarteliste (Gederaas, Salvesen og Viken 2007) (Artsdatabanken 2007).

Framande artar/organismar er globalt sett ein av dei største trugsmåla mot biologisk mangfald og økosystemfunksjonar, samstundes som dei kan føre til store miljømessige og økonomiske problem, til dømes for landbruk (Miljøverndep. 2007).



FIGUR 80. Rynkerosa er vakker, men fortrenger andre planteartar i sanddynene, ein såkalla innført «svartelisteart». Foto:P.K. Austbø

«Svarteliste-artar» på Jærstrendene er i første rekke planteartar som endrar livsvilkåra for andre stadeigne artar og såleis virker negativt inn på det biologiske mangfaldet. I verste fall fører dette til at stadeigne artar vert utrydda eller at næringsinteresser vert skada. Dette er ein av dei høgast prioriterte skjøtselsutfordringane.

Også villmink er rekna som ein «svartelisteart», som spesielt i fugleområda kan vere eit stort problem under hekking. Gjennom SNO er utført omfattande kartlegging i ytre sone, der det no truleg berre er Rott som har villmink i øygarden. Langs Jærstrendene vil jakt/fellefangst vere eit aktuelt tiltak i fuglefredningane.

Strategi

Innhente ny kunnskap om mest effektiv og miljøvennleg skjøtselsmetode for dei einskilde artane; utprøving føregår mellom anna i regi av DN.

Prioritert fjerning av alle ny-etableringar, deretter avgrensing og fjerne gamle.

Utvikle samarbeid med aktørar (grunneigarar/bygdaservice) som kan ta på seg oppdrag og oppfølging over tid.

FIGUR 81. Lupin er ein annan «svartelisteart», her frå Bore der SNO i ettertid har dreve omfattande rydding. Foto:P.K. Austbø



Karplanter på nasjonal svarteliste, førebels status Jærstrendene:

Art	Risikogruppe	Status Jærstrendene
Rynkerose	Høg	Stor utbreiing langs heile verneområdet. Mange nyetableringar. I tillegg til direkte spreiiing frå hagar/hytter spreier arten seg langs havstrand på grunn av dei flytande nypene. Denne spreiiings-måten er truleg mest alvorleg og fører m.a. til etableringar i sanddyneområde. Spreier seg her vidare vegetativt, blir her heilt dominerande og trenger unna all annan sanddynevegetasjon, ein trua naturtype med mange raudlisteartar. Vanskeleg mekanisk bekjemping
Hagelupin	Høg	Førebels ikkje stort problem, men kan auka over tid, jfr sand/jærlupin under. Vanskeleg mekanisk bekjemping
Vasspest	Høg	Ny-etablert i Bjårvatnet og Grudavatnet (Ramsar), som begge renn ut til Jærstrendene. Stor fare for vidare spreiiing til fleire verneområde innafør «Jærstredene våtmarksystem». Vanskeleg mekanisk bekjemping

Førebels ikkje på nasjonal svarteliste:

Art	Risikogruppe	Status Jærstrendene
Jærlupin/ sandlupin	Høg	To nærståande artar opphavleg sådd på jernbaneskråningar. Lenge på Jæren og spreidd seg sterkt , særleg dei siste 20 åra, trass i ein stor innsats frå fylkesmannen for å hindra spreiiing. Dominerer store deler av sanddynene på Hellestø-Bybergstranda og har større eller mindre koloniar i alle sanddyneområda. Truar derfor store internasjonale naturverdiar, sterkt trua naturtypar og ei rekkje raudlisteartar, fleire kritisk trua. Den farlegaste svartelistearten i fylket på kort sikt. Vanskeleg mekanisk bekjemping
Sitkagran	Høg	Er planta på store areal ved og i viktige verneområde, m.a. Jærstrendene. Stor spreieevne med lette, vindspreidde frø og stor spireevne, også i trua naturtypar som sanddyner, naturbeitemark og kystlynghei. Fortrenger så godt som alle andre karplanter og endrar miljøet fullstendig. Er vanskeleg å kontrollera med beiting. Utgjer eit stort og aukande trugsmål, er derfor truleg på litt lengre sikt den farlegaste svartelistearten i Rogaland. Enklare mekanisk bekjemping.
Buskfuru/ bergfuru	Høg	Liknande historie, økologi, og spreiiings- økologi som sitkagran, men omfang og problem ikkje like omfattande. Enklare mekanisk bekjemping.
Kvitgran	Høg	Liknande historie, økologi, og spreiiingsøkologi som sitkagran, men omfang og problem ikkje like omfattande. Enklare mekanisk bekjemping.
Tindved	Høg	Fremmend art i Rogaland. Fuglespreidd frå hagar/hytter og leplantingar. Spreier seg sterkt vegetativt i sanddyneområde, blir her heilt dominerande, trenger unna all annan sanddynevegetasjon, trua naturtypar med mange raudlisteartar. Vanskeleg mekanisk bekjemping.

6.5 Generelle prinsipp for skjøtsel

- Det skal opparbeidast ein egen praktisk rettleiing for målretta skjøtsel av viktige vegetasjonstypar og planteartar. Denne skal bygge på nasjonale (DN) og internasjonale (mellom anna Sverige) forskning i tilsvarande natur- og kulturmarkstypar, tilpassa status, verdier og bevaringsmål på Jærstrendene.
- Arbeidet med konkrete etterprøvbare bevaringsmål skal halde fram, med utgangspunkt i eit overordna mål om å ta vare på eit robust, representativt utval av verneverdiane.
- Forvaltningsstyresmakta skal gjennom fleksibel og rask sakshandsaming, og tilgjengelege økonomiske verkemiddel, spesielt imøtekomme grunneigarar som vil oppretthalde tradisjonell arealbruk og tilhøyrande verneverdiar.
- God og fleirsidig informasjon i forkant og under gjennomføring av skjøtselstiltak; for å auke forståing for naudsynte tiltak (t.d skoghogst, brenning, inngjerding o.l).
- Økologisk skjøtsel skal vere tilstrekkeleg kunnskapsbasert, med overvaking i forkant og evaluering over tid i etterkant. Kjennskap til biotop-krav, -funksjonar og – strukturar skal stå sentralt, likeså den tradisjonelle bruken av kulturmarkstypar.
- Skjøtsel av naturleg/semi-naturleg vegetasjon skal så langt som råd vere økologisk betinga. Dette inneber at naturleg tilhøyrande artar og vegetasjonstypar skal kunne gjennomgå naturlege suksjesjonsstadier utan inngrep/skjøtsel, under føresetnad om at dette ikkje direkte truar sjeldsynte artar/plantesamfunn, eller medfører vesentlege følgjer for landbruk, landskapsbilde/ opplevingsverdier.
- Før tiltak vert gjennomført skal det alltid vurderast om desse er omfatta av skjøtelsheimelen § 47 i Naturmangfaldloven.
- Bruk av kjemikalier/sprøytemiddel skal så langt som råd unngås, begrensast, og ikkje nyttast rutinemessig og omfattande. Trusselbilde og alternativ mekanisk fjerning skal vurderast i kvart tilfelle.
- Alle skjøtselstiltak skal skje i samråd og gjerne praktisk samarbeid med aktuelle grunneigar. Dersom det vert nytta kjøp av praktiske tenestar

skal grunneigar få tilbod først, såvidt gjeldande anbudsreglar gir rom for dette.

- Ungdom, skular, lag og lokalsamfunn som vil ta del i praktisk skjøtsel skal ha høg prioritet.
- Økologisk skjøtsel skal gjennomførast på ein måte som ikkje er i konflikt med kulturminneverdiane, og omvendt. Skjøtsel eller restaurering av kulturminne skal legge avgjerande vekt på lokale brukstradisjonar og fagleg rettleiing frå kulturminnestyresmakter.
- Informasjonstiltak mot grunneigarar og publikum skal følgje alle større skjøtselstiltak.

6.6 Prioriteringar

Følgjande tematiske prioriteringar for skjøtsel byggjer på verneføremålet og overordna føringar i DN-notat 2007-1:

1. Dei 9 plantefredingsområda, herunder spesiell oppfølging av dei freda plantesamfunna (§ 3-pkt. C1): Kulturbetinga engvegetasjon, kystlynghei-vegetasjon, fattig tuvemyr, sandstrandvegetasjon, driftvoll, strandberg og strand- og strandsumpvegetasjon.
2. Natur- og kulturmarksbiotopar med skjøtelsavhengige nasjonalt truga artar/raudlisteartar, mellom anna artane nemnt i § 3 pkt. A5. Sanddyneområde med spesielt rikt insektsliv har høgaste prioritet.
3. Dei 8 fuglefreda biotopane, 6 med internasjonal Ramsar-status.
4. Dei såkalte referanseområda (FM 1995) Oгна, Brusand, Reve, Børaunen
5. Rike kulturminneområde med skjøtsel/restaurerings-behov
6. Areal med akutte landbruksbehov og interesse for lokalt skjøtelsamarbeid
7. Hovedinnfallsportar og viktige «opplevingslandskap»/landskapsrom, i første rekke slitasprega areal.
8. Kulturmark og naturprega habitat med restaureringspotensiale.
9. Offentleg sikra natur- og friluftareal med restaureringspotensiale.

Andre prioritering:

- Tiltak som bidreg til utvikling av praktiske, varige samarbeidsmodellar (grunneigarlag/JF/fylkeskommune/kommunar/SNO)
- Tiltak som inneber høg grad av kostnadseffektivitet (kost/nytteeffekt)
- Tiltak som inneber «spleiselag»/god samordning av økonomiske verkemiddel.

6.7 Ressursbehov

Det er utfordrande å kostnadsberekne dei mange aktuelle skjøtselstiltaka innafor ein planperiode på 10 år. Ressursbehovet vil kunne variere sterkt, avhengig av type tiltak og samarbeidsløysningar. Til dømes er dugnadsinnsats med strandrydding ved hjelp av skuleklassar og organisasjonar lite kostnadskrevjande, likeså arbeid i regi av lokalt SNO-personell, medan fjerning av massetippar er ofte er særskilt kostbart..

Fylkesmannen vil i 2010 lage ein eigen handlingsplan for handtering av såkalla svarteliste-arter.

Som ein del av denne inngår også ein nærmare analyse av omfang, praktisk gjennomføring og kostnader knytt til fjerning av slike langs Jærstrendene.

Kostnadstala nedanfor er derfor førbelse og grove estimat basert på fylkesmannen sine røynsle frå siste års eigen skjøtsel, oppjusterte tal frå Norderhaug m.fl. (1999), og berekningstal frå forsøksringar. I tillegg kjem JF sine årlege kostnader med forvaltning av dei mange friluftareala.

Tiltak	Omfang	Eigongskostnad	Årleg oppfølging
1) Uønska planteskog	Samla: Randab. 175 daa Sola 314 daa Klepp 376 daa Hå 315 daa	Fjerning av 50 % på 10 år: 2 millionar	Etterrydding: 150 000
2) Andre svartelisteartar	Eigen handlingsplan 2010	Ca. 1,5 million	Etterrydding: 100 000
3) Sjøppel	Unntatt JF-areal	150 000	30 000
4) Metallavfall	Jfr. kartlegging	150 000	
5) Massetippar Anbud/overslag pr. tipp	20 kat.1-tippar (jfr. FM-rapport)	Stor variasjon: min. 30 000 til millionbeløp pr. tipp	
6) Skjøtsel naturtypar/ arter	GIS/naturbase-analyse	Ca. 500 000	100 000
7) K-minne-restaurering	Utarbeide prioritert liste	Usikkert, samråd FK/ AmS-UiS	Min. 50 000
8) Slitasjeutbetring	Kartlegg areal	300 000	20 000

1) I hovudsak gran- og buskfuru. Tiltak: varierende uttakstidspunkt, full fjerning eller tilpassa skjøtsel. Avhengig av grunneigar-ønske, og vurdering av verdi for fugleliv, planteliv og lokalklima.

Noko skog vil og kunne gi inntekt. Krev nærmara analyse.

2) R. rugosa, lupin, tinnved, andre svartelisteartar.

5) Fjerning av dei største føresett vidare marknadsbruk av steinen.

6) Målretta skjøtsel jfr. bevaringmål og skjøtelsiltak i forvaltningssonene

7) Utbetre skader, fjerne skog og sjøppel, info-tiltak . I nær samråd med kulturminnetyresmaktene.

8) Jfr. framlegg til tiltak i forvaltningssonene.

Aktuelle tilskotsordningar:

Det årvisse forvaltningsbudsjettet (for alle verneområde i Rogaland) gir berre i begrensa grad økonomi til det store skjøtelsbehovet langs Jærstrendene. Det er absolutt naudsynt å auke budsjettet, og samtidig utvikle felles finansierings-løysingar med andre aktørar og tilskotsordningar.

Spesielt Jæren friluftsråd bidreg med betydelege

årlege personal- og økonomiressursar; gjennom årlege tilskot frå kommunar, fylkeskommune og fylkesmann.

Kommunar med meir omfattande miljø- og forvaltningsoppgåver (t.d skjøtsel og tilrettelegging) kan årlege søke FM om såkalla skjønnsmiddel. (www.dirnat.no/skjonnsmidler).

Andre aktuelle tilskotsordningar for prioriterte tiltak:

Tiltakstema	Ordning	Målgruppe	Sakshandsamar
- Biologisk mangfald - Kulturmark - Landskap	- Spesielle miljøtiltak i landbruket (SMIL) - MD tilskot natur-, vilt-, fiske- og fri-luftsformål.	Gardbrukarar, lag og org. Kommunar	Kommunane FM - miljø
- Beitedyr/gjerde - Kystlynghei, - - Naturbeitemark - Kulturminne	- Regionalt miljøprogram (sjå nettad- resse FM i Rogaland, landbruk) - AK-tilskot/Produksjonstilskot i jordbru- ket - SMIL-ordninga	Gardbrukarar, lag, org.	Kommunane FM - landbruk
- Særskilte kommu- nale miljøoppgåver	Årlege skjønnsmiddel, jfr. retningsliner (Kommunal- og regionaldep.)	Kommunar	Fylkesmannen
- Freda verne-verdige bygningar	E Tilskotsordning bygg/anlegg	Grunneigarar Kommunar	Rogaland FK- lturavd.
- Kulturlandskap	Årlege tilskot (MD)	Kommunar	FM-Miljø
- Fornminne	Skjøtsel, skilting	Kommunar	FK - kultur

Følgjande satsar kan vere retningsgjevande (mel-
lom anna frå Regionalt miljøprogram 2009):

- Beiting med utegangarsau 100 kr/dyr/år, ek-
stensive kjøttfe 150 kr/dyr (RMP)
- Skjøtsel av kystlynghei og naturbeitemark
max. 150/daa (RMP)
- Sviing av gamal kysthei 200 kr/daa
- Skjøtsel av fuglerike biotopar (t.d. Brusand)
400 kr/daa/år (RMP)
- Tilskot skjøtsel kulturminne 2000 kr/gravfelt,
gardsanlegg, max. 14.000 kr (RMP)
- Sjøppelrydding 600 kr pr. 100 meter strand-
line, avh. av søppelmengd.

I ny naturmangfaldslov er det gjort framlegg om
ein rekke nye økonomiske verkemiddel, som vil
kunne få stor verdi for samarbeid og praktisk
skjøtsel på Jærstrendene.

6.8 Praktiske føringar

Med utgangspunkt i handlingsplan og overordna
prioriteringar for skjøtsel (sjå nedanfor) skal større
skjøtselstiltak ha denne tilnærminga:

1. Identifisere omfang av truslar/uheldig påverk-
nad i høve til bevaringsmål.
2. Beskrive tidlegare/noverande bruk av betydning
for verneverdiane.
3. Dokumentere og definere verdistatus – i dag og
etter skjøtsel (kostnad/nytte-analyse)
4. Kontakt og evt. arbeidsavtale med grunneigar
5. Finansiering, organisering/ansvar og gjennom-
føring av tiltak
6. Resultatevaluering i høve definerte bevarings-
mål og tilstandsvariablar.
7. Formidling og rapportering (Naturbase og Elek-
tronisk feltdagbok).

Sanddyner og sandflukt

Framstillinga nedanfor syner skjematisk utvikling i frontdyner («kvitdyner»).

Stadie 1	Stadie 2	Stadie 3
Mobile dyner,erosjon 99 – 40 % bar sand	Opne/semi-mobile dyner: 50-20 % bar sand	Stabile, plantedekka dyner: 20 -1 % bar sand
		
FIGUR 82. Foto:P.K. Austbø	FIGUR 83. Foto:A. Lundberg	FIGUR 84. Foto: A. Lundberg

Dei ytre sanddynene er dynamiske landskapsformer, prega av meir eller mindre stabilt vegetasjonsdekke eller erosjonsprega, open sandoverflate. På Jærstrendene ønskjer ein i utgangspunktet å la dei naturlege prosessane utvikle seg utan skjøtselstiltak i den aktive sanddynefronten. Innafor dette overordna målet vil Stadie 2-dyner likevel ofte vere å føretrekke sett ut frå eit økologisk utgangspunkt (variasjon i landskapsformer og vegetasjonstypar/artshabitat). Det vil kunne utløyse skjøtselstiltak dersom for eksempel Stadie 3-dyner vert for dominerande, eller motsett Stadie 1–dyner får eit omfang som aukar fare for stor sandflukt, skader på dyrka mark eller tap av sjeldsynte habitat/artar-variasjon.

Sand som bles frå strand og sanddyner til innmark, flyplassområdet eller liknande vil etter samråd med forvaltningsstyresmakta kunne deponerast på strandflater eller nyttast til utbetring av slitasjeprega areal.

Skogskjøtsel

Verneregel §3 pkt. 6 forbyr snauhogst, og planting og såing av tre og buskar, jfr. kap. 5.3.7. Som del av skjøtsel vil det etter samråd med fylkesmannen likevel kunne hoggast etter følgjande retningslinjer:

- Hogst av framande treslag (sitka, kvitgran, buskfuru m.fl.) på mindre hogstfelt (1-2 daa) suksessivt, med naturleg gjenvekst av lauvtreslag, evt, etablering av ope, ugjødsla beite. Alt hogstavfall skal ryddast vekk.
- I nokre tilfelle vil hogst av større hogstmodne bestandar kunne vere aktuelt.
- Hogst av fuglefreda eller plantefreda skog krev nøyare vurdering i forkant.
- All yngre skog i naturleg spreining kan normalt fjernast fullt og heilt.
- Eldre og grovare tre av lokale artar, og daude tre, skal normalt sparast.

6.9 Handlingsplan skjøtsel og utbetring

Fylkesmannen er tiltakshavar for følgjande tiltak, og har såleis ansvar for gjennomføring og oppfølgjande evaluering og rapportering. Dei aller fleste av tiltaka vil bli forsøkt gjennomført i nært samarbeid med grunneigarar og andre sentrale aktørar.

Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidspartnarar
Kartlegging/fjerning/overvaking framande trusselartar (sjå «svarteliste» over), samt villmink-fjerning i fuglefredningane.	1	Trussel mot ein rekke freda og truga artar og naturtypar. Sonebasert (prioritert) kartlegging og fjerning. Fullført 1. kartlegging lupiner, rynkerose m.fl. 2009.
Skjøtsel/skjerming av freda planteartar og –samfunn (§3-A5, C1) og handlingsplanartar (DN 2010)	1	Oppfølging naturtyperegistrering Lundberg 2010. Oppfølging handlingsplaner 2010 for islandsgrønncurle, strandtorn, jærflangre, jærtistel (DN 2010). Samarbeid grunneigarar
Stimulere tradisjonelt ekstensivt landbruk (beite, slått, hogst).	1	Nytte aktuelle tilskotsmiddel. Oppsøkande grunneigarinformasjon. Yte hjelp til søknader.
Svarthalespove Biotopfremmande tiltak Predatorkontroll	1	Jfr. handlingsplan Stavanger museum/DN 2010.
Slitasjeutbetring	1	Spesielt i sanddyner, trua artar og naturtypar har prioritet. Kanaliseringstiltak. Nokre stader sandfangning.
Restaurering/vedlikehald eldre og nyare kulturminne , inkl. krigsminne.	1	Utarbeide prioriteringsliste med FK-kultur/ AmS/kommunar/lag.
Tilbakeføre offentleg sikra areal til natur(beite)mark	1	Restaurering av gamle p-plassar, dyrka/gjødsla/skogkledd areal.
Skjøtselsplanar for fuglefredningane jfr. Ramsar-krav.	1	I samsvar med retningslinjer og krav knytt til Ramsarstatus «Jæren våtmarksystem».
Skjøtselsplanar planteliv a) 8 plantefredningsområde b) større areal med høgt/sjeldsynt artsinnhald	1	Basert på naturtype- og artskartlegging 2010, samt FM-registrering år 2000-2003.
Fjerne/restaurere steintippar i prioriterte sonar	2	Jfr. steintipprapport (FM-2003) og soneskjema (plandel II).
Aktivisere lokale friluftsbukarar og organisasjonar til skjøtsel og artsobservasjonar	2	I større grad engasjere lokalt naturinteresserte til rydding, skjøtsel og bruk av nettbasen artsobservasjonar.
Fjerning strandsøppel	2	Årleg fjerning av søppel frå sjøen. Samarbeid grunneigarar, kommunar, JF, organisasjonar.
Fjerning større metallavfall (vrak, gammalt krigsavfall, landbruksrestar)	2	Gjennomført Randaberg; oppfølging sørover. Samarbeid kommunar, gårdbrukarar, Bygdaservice.
Praktisk rettleiar om skjøtsel på FM-nett.	2	FM-nett-basert, konkrete prosjekt/internasjonale røynsle – planlegging/metode, gjennomføring, kostnader, resultatvaluering (ift. resultatmål)
Fjerning betonglekar Sele	3	Betydeleg kostnad.
Skjøtselsplan for Rott – Håstein	3	Ta initiativ til samarbeid om skjøtselsplan for oppretthalding av landbruk, kulturlandskap og tradisjonell kysthei.

7 Tilrettelegging og informasjon

Innleiing

I eigen planutgreiing til forvaltningsplanen (FM 2008) blir det meir detaljert gjort greie for følgjande tema knytt til tilrettelegging og formidling.

- Rammevilkår, aktuelle prosjekt og utgreiingar
- Mål, prinsipp, utfordringar og strategiar
- Samarbeid, aktørar, ulike brukargrupper
- Tilrettelegging og formidling
- Handlingsprogram - tilrettelegging og formidling (sjå dette nedanfor)
- Formidlingsprinsipp – idégrunnlag

Nedanfor følgjer eit samandrag av dette.

7.1 Overordna rammevilkår

Fylkesmannen i Rogaland som forvaltningsstyresmakt etter verneforskrifta vil legge til grunn lovverk, føringar og omforente retningslinjer på ei rekke felt:

Verneforskrift for Jærstrendene og for kulturmiljøfredingar

Verneformålet for Jærstrendene er definert i verneforskrifta § 2, og gir den juridiske ramma for Fylkesmannens forvaltning av verneverdiane. Parallelt ligg det føre egne forskrifter etter lov om kulturminne, for freding av Obrestad hamn (1998) og Obrestad fyr (2000); forvalta av Rogaland fylkeskommune.

Stortingsmeldingar, nasjonale føringar

En rekke stortingsmeldingar gir mål, retningslinjer og bindande føringar for friluftslivsatsing også for forvaltningsstyresmakta, blant andre:

- Stortingsmelding 29/1996-97 «Regional planlegging og arealpolitikk»
- St. meld. 8/1998-99 «Om handlingsplan for funksjonshemmede»
- St. meld. 15/1999-2000 «Reiselivsnæringer»
- St. meld. 39/2000-01 «Friluftsliv – En vei til høyere livskvalitet»
- St. meld. 16/2002-2003 «Resept for et sunnere Norge»

DN-handbok 17, 2008: Områdevern og forvaltning
DN-handbok 27 2006: Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv.

Handbøkene (www.dirnat.no Håndbøker) gir vik-

tige prinsipp og praktiske råd for informasjon og tilrettelegging i naturvernområde, til dømes naturvennlig tilrettelegging, ferdselskategoriar og kanalisering av ferdsle som aktive virkemiddel, målretta informasjonsarbeid. Retningslinene er vidareført under kapitla om strategi og prinsipp.

Fylkesdelplan for Jærkysten 1996, Rogaland fylkeskommune

Fylkesdelplanen lister opp ein rekke overordna mål for Jærkysten:

- Jærkysten skal gi befolkninga på Jæren og tilreisande gode høve til friluftsliv.
- Bevare dei biologiske ressursane i sjø og i natur- og kulturlandskapet på land.
- Sikre estetiske og kulturelle kvalitetar i landskapet.
- Sikre et livskraftig landbruk med grunnlag i Jærnaturens bereevne.
- Bevare prioriterte stadbundne fysiske kulturminne.
- Utnytte ressursane på land og sjø til friluftsliv, idrett, rekreasjon og næring for befolkninga i kystkommunane og i regionen.

Regionalt utviklingsprogram (RUP), Rogaland fylkeskommune

RUP er eit handlingsprogram forankra i målsettingane og strategiane som framgår av *Fylkesplan for Rogaland for 2006 – 2009*, samt *Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK)*, og *Strategisk kulturplan*, og fleire. RUP prioriterer strategiar og satsingsfelt og styrer bruken av fylkeskommunens økonomiske midlar til regional utvikling.

Fylkesdelplan for reiselivet i Rogaland 1998 – 2001, Rogaland fylkeskommune

Reiselivsplanens hovemålsetting er bl.a. « å legge forholdene til rette for at reiselivsnæringen skal vidareutvikles og arbeidsplassar skapes. Det er mangfaldet av lett tilgjengelige natur- og kulturopplevingar som er særpreget ved fylkets reise-mål». Frå strategiar og tiltak kan nemnast:

- Betre utnytting av reiseliv langs Jærkysten og andre særprega kystområde i fylket med kopling av natur- og kulturopplevingar (stikkord: bruk av fyra).
- Vidare utvikling av opplevingsvegar som Nordsjøvegen og Ryfylkevegen
- Vidare utvikling av sykkelkulturisme i hele fylket.

Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK) 2004, Rogaland Fylkeskommune
Planen tek opp i seg tidlegare del-planar. Den har ein rekke mål, strategiar og programtiltak retta mot motivering, helse og livskvalitet, sikring av areal, arealbruk og integrert tilrettelegging for friluftsliv (herunder «partnerskapsområde»).

Fylkesdelplan for universell utforming, Rogaland fylkeskommune 2007

Bakgrunnen for utarbeiding av ein *Fylkesdelplan for universell utforming*

ligg i *Fylkesplan for Rogaland 2006 - 2009*, som føresett at universell utforming skal vere eit overordna prinsipp i all planlegging og tilrettelegging.

7.2 Aktuelle prosjekt og utgreiingar

Parkeringsplassar Jærkysten. Fylkesmannen i Rogaland 1995

Rapporten er basert på eit samarbeidsprosjekt med Rogaland fylkeskommune og Jæren friluftsråd. Ho gjer greie for bl.a. eksisterande og planlagde parkeringsplassar og retningslinjer for avgrensing, utforming, informasjon m.m.

Prosjektet «En kjede av fyr»

Kommunar og samarbeidspartnarar i Rogaland har tatt initiativ til samarbeid om et felles utstillingsprosjekt knytt til 10 fyranlegg. Av desse ligg Tungenes fyr, Obrestad fyr og «Friluftsfyret Kvasheim» på Jærstrendene. «En kjede av fyr» inngår i Nortrail-samarbeidet www.northseatrail.org. Prosjektet inneber forskning, utstillingar, kunstsamarbeid og ei utvikling av fyra i næringssamanheng. Tungenes fyr blei i nov. 2008 åpna som eit av fire fyr i Noreg under «Kystverkets etatsmuseum», med oppretting av ein museums-stilling.

FM i Rogaland 1998 Jærstrendene Ivo - Fugl og ferdseil. Del1: Litteraturstudie.

Ein omfattande litteraturstudie av tilhøvet mellom ferdseil og fugl, med særlig vekt på rekreasjon.

Jærstrendene landskapsvernområde. Friluftsliv – Brukerundersøking, Fylkesmannen i Rogaland 2005

I ei omfattande brukarundersøking (FM 2005) blant friluftslivbrukarar på strendene kom det fram ein rekke utfordringar og ønske. Vidare undersøkingar skal følgje mål og retningslinjer i handbok TE 1243 frå Direktoratet for naturforvaltning 2008.

Sørum, T., 2000: Forvaltningen av Jærstrendene landskapsvernområde. Miljøkonsekvenser av friluftsliv og reiseliv

Hovedoppgåva i geografi er basert på intervjuv med tilsette hjå FM, FK og kummune. Oppgåve konkluderer med brei semje om verneverdiane, verneformålet og prinsippet differensiert forvaltning, men sentral usemje om kva grad friluftsliv/reiseliv fører til vesentlege miljøproblem.

Turveg og tursti langs Jærkysten, 1998, Rogaland Fk. og Jæren Friluftsråd

Rapporten gjer greie for Nordsjøturvegen og Nordsjøturstien. Nordsjøturvegen som samanhengande tur- og sykkelveg frå Tungenes til Egersund, mens Nordsjøturstien går nærmast kysten og med minimal opparbeiding.

Nordsjøsykkelruta – The North Sea Cycle Route og NorTrail

Prosjekt (www.northsea-cycle.com) og (www.northseatrail.org) innafor INTERREG-IIC programmet. Rogaland fylkeskommune er sentral utviklingsaktør, med tilrettelegging for sykling langs Jærkysten som oppgåve (sykkelparkering, merking og skilting, kart m.m). Vidareføres i 2009 gjennom «CoastAlive».

Nordsjøvegen/Nasjonale Turistveg

«Nordsjøvegen» er ei stifting mellom kommunar og bedrifter langs vegane mellom Kristiansand og Haugesund. Det vert samarbeida om ulike marknadsføringstiltak. Delar av strekket har fått status og tilrettelegging som «Nasjonale turistveg» (initiativ Statens Vegvesen). Prosjekt-område langs Jærkysten er Kvasheim og Orre.

Kulturminneløypa i Kulturminneåret 2009

Nasjonale og digitale satsing i Kulturminneåret 2009. Hå kommune har laga løype Kvasheim – Ognå (loype.kulturminnearet2009.no)

7.3 Mål, prinsipp, utfordringar og strategiar

7.3.1 Mål for tilrettelegging og formidling

- Få folk ut på strendene i tråd med det enkle friluftsliv, på ein måte og på stadar som verneverdiar og tradisjonelle bruksinteresser tåler på lang sikt.
- Maksimalisere folks opplevingar, haldningar til Jærstrendene sine natur- og kulturverdiar, herunder sikre «stillhet og ro» som sentralt brukarønske (FM 2006).

- Gjennom positiv informasjon om vernet og landbruksinteresser skape varig ansvarskjenne og forståing for begge delar blant dei mange friluftsbukarane.
- Utstillingar og aktivitetar på Jæren friluftsråd sine friluftssenter på Orre og Kvasheim skal utviklast til fullgode formidlingssenter for verneområdet.
- Vedlikehalde og skjerme sårbare sonar med høg verneverdi og låg tålegrense.
- Påverke folk med positivt til omsynsfull bruk av Jærestrendene, herunder forståing og respekt for landbruksdrift og privat areal.
- Synleggjere at Jærestrendene er eit kulturlandskap, og knytte band historisk bruk.
- Skape ein betre gjensidig forståing omkring balansen bruk – vern.
- Skape eit praktisk samarbeid mellom ulike brukargrupper og aktørar.

7.3.2 Viktige prinsipp

Rekreasjonsbruk og reiselivsutvikling av Jærestrendene skal skje under merkelappen «Det enkle friluftsliv»; det vil seie eit friluftsliv for alle i dagleglivet, helsefremjande og i harmoni med naturen (St.meld. nr. 39 (2000-2001)). På Jærestrendene vil fylkesmannen legge vekt på følgjande prinsipp:

- Allemannsretten skal haldast i hevd.
- Det skal vere rom for eit breitt spekter av aktivitetar, frå spaserturen til nyare former friluftsliv, men ikkje overstige akseptable grenser for forstyring av dyre- og fugleliv, for skade på vegetasjon og jordsmonn.
- Det skal leggjast vekt på positiv vinkling i all informasjon og formidling mot besøkande til strendene, heller enn forbodsreglar (utover det klart naudsynte). Turgåarene skal såleis føle seg velkomne, får enkel hjelp til naturvennleg friluftsbuk, og positiv respekt for verneverdiar, landbruk og private areal.
- Tiltak skal ha ingen eller minst mogleg ulempe for grunneigarar, landbruk, eller andre brukargrupper.
- Fysisk aktivitet framfor avansert teknisk utstyr eller omfattande tilrettelegging.
- Langsgåande ferdselsmønster gjennom sårbare sonar skal avgrensast.
- Målgruppene barn og ungdom, funksjonshemma, barnefamiliar og skular skal vere grunnleggjande premiss i planlegging og utføring av dei einskilde tiltak. Prinsippet om «*Universell tilrettelegging*» skal tilstrebast.
- Etablering av informasjonscenter/besøkscenter/kultursenter skal berre skje samordna og i prioritert offentleg regi, og så langt som råd samlokalisert.

- Minimal, men tilstrekkelig tilrettelegging, prioritert til dei mest brukte strendene.
- Opparbeidingsgrad og materialbruk skal tilpassast lokale tilhøve og landskap, og ivareta ein fleksibilitet ift. endra bruksmønster og behov (dvs reversible tiltak).
- Ved formidling og tilrettelegging skal buss- eller sykkeltransport prioriterast.
- Aktivitetar og tiltak som kan virke konfliktskapande eller avgrensande på den frie ferdsle, eller som ikkje er direkte avhengig av strandlokalisering, skal normalt måtte skje utanfor verneområdet.

For Fylkesmannen som forvaltningsstyresmakt vil verneformålet i utgangspunktet måtte vega tyngst i dei tilfella der det måtte oppstå motstridande interesser eller fare for reduserte verneverdiar.

7.3.3 Utfordringar

Følgjande hovudutfordringar er definerte, jfr. kap. 3.3:

Stort brukspress på det opne landskapspreget, artar og deira livsmiljø, eldre og nyare kulturverdiar, og opplevingskvalitetar.

Store publikumsforventningar til opplevingar, tilrettelegging og skjøtsel utgjør en krevjande balanse mot verneverdiar, landbruk og andre grunneigarinteresser.

- Det vil ut frå dette vere ein sentral utfordring å tilfredsstille friluftsbukarane sine forventningar til allemannsrettens frie ferdsle, arrangement o.l., i ein god balanse med ivaretaking av dei store og til dels sårbare natur- og kulturverdiar.
- Mange ulike brukarinteresser inneber konfliktpotensiale, for eksempel i høve til plasskrevjande nye friluftslivformer, arrangement og tilstellingar av privatiserande eller forstyrrende karakter, hundehald, riding osv (FM 2005).
- Verneområdet utgjør eit av landets eldste kulturlandskap. Det er eit klart statleg mål at dette landskapet framleis skal kunne nyttast som mangfaldig rekreasjonsområde. Samstundes må forvaltningsstyresmakta handtere mange gode ønskje, prosjekt og elles gode føremål: Nye stiar, turveggar og «strand-matter», skilt, hytter og «buer», ulike driftsanlegg, nye kulturbbygg, parkeringsplassar, renovasjonsanlegg, idrettsutstyr, nye friluftsliv «bedrifter»/strandskular («kaiting», brettsegling, bølgesurfing),

kunstutstillingar og «installasjonar». Samla sett over tid kan desse og mange fleire tiltak gi ein klart uønska «urbanisert» karakter (jfr. FM 2005) som må handterast i forkant av utviklinga.

- I samband med lokal høyring av revidert verneplan i 1995 peikte mange høringsuttalar frå landbruket og private grunneigarar på friluftslivet som eit vedvarande konfliktområde, i tilhøve til privat eigedomsrett, husdyrhald, dyrka mark og hytteliv. Dette krev oppfølging gjennom kanaliseringstiltak og informasjon.
- Det er ei rekke offentlege aktørar i området, i første rekke dei 4 kommunar, Jæren Friluftsråd og Rogaland fylkeskommune. Store delar er i privat eige, med ca 500 grunneigarar. Undersøkingar. Dette medfører store krav til dialog, informasjon og differensiert forvaltning praksis.

7.3.4 Strategiar

Følgjande er ei utdjuping av aktuelle strategiar i kap. 4 Soneinndeling:

- Inndeling i forvaltningssonar (delplan 2) er ein grunnleggande strategi for ein mest mogleg mål- og behovsretta differensiert forvaltning, også i høve til tilretteleggingstiltak og formidling.
- Bevisstgjerjing og ansvarleggjering av den ein-skilde brukar ved hjelp av ulike typar informasjon og formidling. Konfliktdepande informasjon i høve til landbruk og verneverdiar skal prioriterast.
- Del-område av verdi for natur og friluftsliv skal søkas sikra ved offentleg innkjøp .
- Effektiv og naturtilpassa tilrettelegging for ferdsle i form av stiar, sanitærløysingar, parkeringsløysingar, skilting, merking m.m. Dette for å beskytte/avskjerme sårbare område, lette tilkomst for både besøkande og redningsteneste, avgrense brukskonfliktar, og auke kunnskap og opplevingskvalitetane.
- Lokalisering og kapasitet av parkeringsplassar skal nyttast som målretta kanaliseringstiltak.
- Samordna skiltingstrategi einskapleg, positivt retta informasjon.
- FM vil tilpasse kart og sonebeskrivingar til offentlege web-innsynsløysingar.
- Heller enn å auke talet på besøkande skal virkemiddel rettast inn mot kunnskaps- og opplevingskvalitet, samt reiselivspotensial knytt til foredling av verneverdiane, jamfør «Visitor Management» (FM 2008) og «Naturlos»-turar.

7.4 Samarbeid, aktørar, ulike brukargrupper

Dette kapittelet vil kort ta for seg den store breidda av brukargrupper og aktørar på Jærstrendene, og deira overlappende og varierende rollar og interesser. Dette er utdjupa i brukarundersøking frå FM-2006.

7.4.1 Rådgjevande utval for Jærstrendene landskapsvernområde

Eit rådgjevande utval blei oppretta i 2005, med følgjande offentlege etatar og organisasjonar representerte (jfr. www.fylkesmannen.no/rogaland «Jærstrendene» / «Aktuelt»). Sjå deltakarar og mandat under kap. 5.4.11.

7.4.2 Grunneigarar

Dei fleste av dei nærare 500 grunneigarane langs kysten er gardbrukarar, der drifta bygg på lange tradisjonar. Stranda har vore nytta dels intensivt som dyrka mark og som beite. Frå stranda har det vore dreve taresanking, fangst av sjøfugl og strandfugl, og fangst av krabbe og hummar samt småfiske. Det meste av denne fiskarbondenæringa har gått ut dei siste par generasjonane, men synlige kulturminne finst overalt. Det vil vere viktig å samarbeide med grunneigarane som formidlarar av kunnskap om gamal og dagens bruk av strendene. Vidare vil det vere viktig å få utvikla samarbeid om konfliktdepande og kanaliseringstiltak iht. dei mange friluftsliv brukarane (skilting, stiar, gjerdeklyv, merking). Grunneigarane som drive aktivt jordbruk vil framleis spille ei sentral aktørrolle i bruk og forvaltning. Likeså er det mange hytteeigarar med ønske og behov for «privatlivets fred».

7.4.3 Rogaland fylkeskommune

Som kompetanse- og forvaltningsorgan, og økonomisk bidragsytar, for kulturminne og friluftsliv er fylkeskommunen blant dei fremste i landet. Fylkeskommunen har i tillegg ein viktig rolle som premissgjevar, myndeorgan og bidragsytar gjennom fylkesdelplanar, sakshandsaming etter Plan- og bygningslova, ulike tilskotsordningar og næringsutvikling/reiseliv.

7.4.4 Jæren friluftsråd

Interkommunale Jæren friluftsråd er ein sentral aktør, i første rekke med forvaltningsansvar for de mange sikra friluftsområda langs kysten. Gjennom m.a. planlegging, sikring og opparbeiding av nye område, informasjon, praktisk drift og skjøtsel har friluftsrådet ein avgjerande rolle for Jærstrendene

sin store verdi for friluftsliv. Friluftsrådet har også eit stort arbeid med utvikling og drift av besøks-sentra som Orre natur- og friluftshus, «Friluftsfyret Kvasshheim», samt Ølberg camping.

7.4.5 Randaberg, Sola, Klepp og Hå kommunar

Kommunane har kvar for seg stor aktivitet gjennom mange ulike informasjons- og tilretteleggings-tiltak, arrangement, kontakt med grunneigarar og andre brukargrupper, som styresmakt etter Plan- og bygningslova, administrative samordningsfunksjonar, og som initiativtakar og bidragsytar.

7.4.6 Arkeologisk museum - Universitetet i Stavanger, og Stavanger Museum

Disse to institusjonane er viktige nasjonale kompetanseorgan og vitenskaplege institusjonar. Arkeologisk museum har ansvar for dei mange automatisk freda kulturminna og landskapshistoria; Stavanger museum for fugleliv og nasjonal ringmerkingssj- sjon på Reve.

7.4.7 Andre foreningar og lag

Fylkesmannen, Jæren friluftsråd og kommunane har årlig praktisk samarbeid med ei rekke bedrifts- lag, skular, private og offentlege organisasjonar og institusjonar som samla gjer ein stor innsats med for til dømes søppelrydding, skogrydding og bygg-vedlikehald, ofte som gratisarbeid eller med små tilskot. Den praktiske organiseringa kan tid- vis vere krevjande, men Fylkesmannen ser dette samarbeidet som eit viktig ledd i det haldnings- skapande arbeidet og for å skape breiast mogleg involvering i forvaltninga.

Stavanger Turistforening ved «Naturlos»-program- met gjennomfører ei rekke godt besøkte og årvis- se tema-turar. Natur- og kulturformidling gjennom lokale guidar, haldningsskapande målsetningar, og glede og motivering for nærfriluftsliv står sentralt i programmet (Thomsen 2006).

Jæren kystlag (forening under «Forbundet Kys- ten») er ein frivillig, lokalt viktig bidragsytar for kystkulturhistoria langs Jærkysten, stifta i 1998. Dei har som hovudmål å bevare og skape interesse for gamle båtar, bygningar og kystkultur generelt. Laget driv dugnadsarbeid på fyr, står for arrange- ment, vedlikehaldsarbeid på båtar og motorar, og dokumentasjon av kysthistorie. Laget har gjenreist seilingsmerke på Revtangen, og har planar om ak- tivitetssenter i Obrestad havn.

Elles er det ein rikhaldig «flora» av andre aktive organisasjonar og forbund, mellom andre **Natur-**

vernforbundet i Rogaland, Norsk botanisk foren- ing Rogaland, Fortidsminneforeningen i Rogaland, historie og ættesogelag, samt fleire brettssport- foreningar.

Spesielt **Norsk Ornitologisk forening Rogaland** har betydelig aktivitet og er mangeårig bidragsytar i overvaking av fugleverdiane.

7.4.8 Friluftslivsbrukarar generelt

Den smale kyststripa er utan tvil det mest popu- lære turområdet i Rogaland, anslagsvis med mel- lom 300.000 – 400.000 besøk i året. Strendene vert brukte heile året, med toppsesong mai – august. Det er viktig for forvaltningsstyresmakta å opp- retthalde opplevingskvalitetane for dei mange besøkande, med naudsynte tiltak for å unngå konfliktar mellom ulik friluftsbuk og landbruk.

7.4.9 Undervisning

Einskilde nærliggande skular har spesialutvikla un- dervisningsopplegg, der strendene blir brukt som uteklasserom, både innan naturfag og kroppsø- ving. Det store talet klassebesøk haust og spesielt vår har for dei fleste likevel ikkje noko pedagogisk formål utover turopplevinga, og medfører stadvis fysisk slitasje på naturen og ulempe for grunnei- garar. Jærstrendenes varierte natur- og kulturrik- dom har utan tvil eit stort potensiale for å utvikle undervisningsopplegg innan fleire fag.

7.4.10 Arrangement, utstillingar og andre strandaktivitetar

Jærstrendene blir i stor og aukande grad nytta som attraktiv arena for ulike arrangement, offentlege og private. Ei rekke ulike kunstutstillingar og -in- stallasjonar trekker store besøkstal. Døme på dette er Anthony Gormleys «Another Place» i 1998-99 (anslagsvis 500.000 besøkande til Solastranda), den årvisse Dragefestivalen på Hellestø, samt «Kul- turåret 2008» har hatt større arrangement, bl.a. på Orrestranden, Hå gamle prestegard og Tungenes. I tillegg kjem bryllupsfeiring, sportsarrangement, kommersielle surfe-«skular» og arrangement, og diverse typar «firmaturar» og «russefestar», for å nemne nokre få. I tillegg kjem ei rekke spesial- grupper som ornitologar, botanikarar, studentar og forskarar på årlige besøk.

7.4.11 Reiselivsanlegg, kulturanlegg

Ei rekke større og mindre reiselivsanlegg grenser inn mot verneområdet. Døme på slike er Nær- landsparken, Brusand Camping, Varden Camping, Oгна Camping og Kvalbein Gård i Hå; vidare fleire campingplassar i Klepp, Ølberg Camping og Sola strandhotell i Sola. Alle anlegga har opplevings-



FIGUR 85. Ny terskel over Fuglestadåna til statlig friluftsområde på Brusand. Foto: P.K. Austbø

kvalitetar som eit vesentlig driftsgrunnlag, og med betydelig potensial for ei «foredling» av desse.

Kulturanlegg og besøkssentra som Hå gamle prestegard, 4 fyranlegg og Orre natur- og friluftshus spiller ein svært viktig rolle for formidling, med høge besøkstall. Desse er nærare gjort greie for i kap. 7.6.2.

7.5 Tilrettelegging og formidling

7.5.1 Naturvennlig tilrettelegging

I kap.7.2 og 7.3 vert det gjort greie for dei mål, prinsipp og strategiar som fylkesmannen legg til grunn for tilrettelegging og formidling. I tillegg viser ein spesielt til aktuelle retningslinjer og handlingsprogram i fylkesdelplanen FINK (Rogaland fylkeskommune 2004).

I Friluftsmeldingen (St. m. 39, 2000-2001) vert det presisert at friluftsliv i hovudsak omfattar ikkje-

konkurransprega, ikkje-motoriserte fritidsaktivitetar som føregår på allment tilgjengelige, naturprega område. Fylkesmannen legg dette og andre retningslinjer i handbøkene 27 - 2006 og 17 - 2008 (Direktoratet for naturforvaltning) til grunn for tilretteleggingstiltak langs Jærstrendene. Vi syner i så måte spesielt til prinsippet om differensiert forvaltning og bruk av ferdselskategoriar i kvar av dei 37 forvaltningssonene (jfr. *Forvaltningsplan del 2*).

Status tilrettelegging

Jæren friluftsråd har gjennom mange år hatt ansvaret for og gjennomført det meste av tilretteleggingstiltak i dei offentleg sikra friluftareala. I tillegg kjem ei rekke tiltak utført av Fylkesmannen, Rogaland fylkeskommune, dei einiskilde kommunar og grunneigarar. Samarbeidet og samordning av økonomiske virkemiddel (også landbruksmidlar) er rimelig godt og effektivt. I eiga planutgreiing (FM 2008) er det utførleg gjort greie for døme på gjennomførte tiltak og aktuelle retningslinjer (sjå også DN-handbok 2006-27. Nedanfor følgjer kort oppsummering av status og konkrete føringar.

7.5.2 Turveg, stiar

Arbeidet med turveg og turstiar skal prøve å balansere omsynet til dei besøkande, omsynet til grunneigarane og ikkje minst verneverdiar.

Beskyttelse av bakken

Ulike typar landskap krev ulik grad av tilrettelegging. Så langt som råd skal det nyttast stadstilpassa, naturvennlig materialbruk. Det skal ikkje malast på stein/berg. Oppgrusing med «kvitstein» eller asfaltering vil ikkje bli tillate. Frå offentlege parkeringsplassar i store utfartsområde til sandstrender er prinsippet oppgrust turveg, eller svillesti kortaste veg til strandflata. I utvalde prøveområde prøver JF ut løysningar for rullestolbruk til sandstrand (universell tilrettelegging). Tidligare omfattande bruk av halm/bark i stiar kan framleis vere aktuelt stadvis, men er normalt for vedlikehaldskrevjande. Svillestiar er etablert i 7 av de mest besøkte strendene.

Fysisk inngjerding av stiar, kanalisering, konflikt-dempande tiltak

Døme på dette er gjerdeklyv, låge tre-gjerde, utlegging av tre-greiner i uønska tråkk eller skilt/merkepinnar. Dette er effektive tiltak som fylkesmannen tar sikte på å vidareføre i nært samarbeid med grunneigarar, friluftsråd og kommunar.

Samanhengande stiar og løyper

Samarbeidsprosjektet *Kongeveggen i Hå* resulterte i retningslinjer og gradert planlegging av turveg/turstiar på strekket Håtangen – Kvalbein. Fylkesmannen vil legge desse føringane til grunn vidare langs strekket.

Kongeveggboka (Thomsen 1996) gjer greie for ei rekke turforslag med opplevingskvalitetar og natur- og kulturhistorie langs kysten i Hå. Tilsvarande gir årboka *På tur langs Jærkysten* (Thomsen 2004) ein samla oversikt over turtraséar/turveg ut til og langs Jærkysten frå nord til sør. Tilrettelegging og formidlingstiltak som aukar ferdslgjennom sårbar sonar er ikkje forenleg med prinsippet om ei differensiert forvaltning.

Fylkeskommunen har langt på vei gjennomført skiltmerking av Nordsjøturvegen.

Nordsjøturstien går parallelt med Nordsjøturvegen, med minimal opparbeiding. Fylkesmannen vil legge til grunn at Nordsjøturvegen (sykkelvegen) ikkje skal ny-opparbeidast inne i verneområdet, men at den evt. kan gå langs vernegrensa eller i eksisterande opparbeida vegar (t.d. Kongeveggen i Hå). Tilsvarande vil samanhengende Nordsjøturstien gjennom verneområdet ikkje kunne på-



FIGUR 86. Universell tilrettelegging med rullestol-duk, Hellestø. Foto: Jæren friluftsråd

reknast, men enkel merking, steinrydding, skilting og slitasedempande tilrettelegging etter nærme- re samråd. Restriksjonsnivå vil vere spesielt høgt i biotopvernområda og naturminna.

«Solaturen» er ei merket fotløype med postar, tilrettelagt av Sola kommune på strekket Rege- stranda – Byberg. Merking på stein og berg må utbetrast og unngåast.

«Geografisk partnerskapsområde Viste – Vistnes – Tunge» er eit samarbeidsprosjekt v/Randaberg kommune, for tilrettelegging, bevaring, motivering og formidling av natur- og kulturverdiar på det aktuelle strekket. Merking og skilting i 2009/2010.

Større og mindre rundløyper

Slike løyper er i mindre grad utvikla. Ein kan sjå for seg tiltak i «partnerskapsområde» (RFk. 2004) til dømes *Friluftsfyret Kvassheim* i Hå og *Tungenes-Randabergfjellet i Randaberg*, eller knytt til gardsturisme (t.d. *Kvalbein Gård*). Fylkesmannen vil vektlegge initiativ til slike rundløyper i forvaltninga, også som ledd i gardsturisme.

Merking av løyper

Merking av løyper skal av omsyn til allemannsretten og turopplevinga vere lette å fjerne og utført i minimal grad, med gjenkjenneleg og einsarta karakter (til dømes fargeval for merkepinnar). Nye merkingar/utvidingar må avklarast i forkant, og vere i samsvar med ferdskategoriane i forvaltningssonane. Det skal ikkje malast/merkast på berg/stein.



FIGUR 87. Godt tilrettelagte parkeringsplassar er avgjerande for friluftsbuena, og for å skjermje verneverdiane, her frå Refsnes. Foto:P.K. Austbø



FIGUR 88. Informasjonsskilt (skilttype 3 og «Nordsjøsykkkelruta», Orre natur- og friluftshus. Foto:P.K. Austbø

7.5.3 Parkeringsplassar - bil, sykkel

Status og retningslinjer

Lokaliseringa av parkeringsplassar styrer i all hovudsak ferdselsmønsteret langs strendene. Det eksisterer over 64 større og mindre parkeringsplassar langs Jærkysten, 35 av parkeringsplassane ligg i verneområdet. Sjå kartoversikt over meir regulerte parkeringsplassar på *Informasjonsplakat* (nettutgåve: FM i Rogaland). Spørjeundersøkingar (FM 2005) syner at parkeringskapasitet ikkje vert vurdert som noko stort problem på heilårleg basis. Derimot fører parkeringskaos på toppdagar om sommaren til vanskelig tilgjengeleg for ambulan- sar og politi, i tillegg til stor ulempe for nyttekjøring i landbruksamheng.

Revidert verneplan (FM1995) tilrår at talet på parkeringsplassar innfor verneområdet vert redusert frå 35 til 21, ved stenging av ulovleg parkering eller flytting av vernegrensa. Langt på veg samsvarer desse føringane med Fylkesdelplan for Jærkysten (RFk. 1996) og Fylkesdelplanen FINK (RFk. 2004).

Fylkesmannen vil følgje opp desse planane og rapporten «Parkeringsplassar Jærkysten» (FM 1995), gjennom følgjande konklusjonar:

- Det er normalt tilstrekkelig parkeringsareal.
- Solabukta (inkl. Regestranda), Orre og Bore er dei mest besøkte strendene, og utgjer hovedsatsingsområde (ferdselskategori 1) for gode p-løysningar.
- Som hovudregel er det eit kommunalt/interkommunalt ansvar å sørge for tilfredstillande p-løysingar i viktige utfartsområde, utan å gå på bekostning av naturverna areal.
- Kapasiteten skal ikkje ta høgde for å dekke

maksimalbehovet på toppdagar om sommaren, men gje tilstrekkelig heilårleg kapasitet.

- Parkeringsplassar skal prioriterast der det tradisjonelt er størst utfart og der dette er tilrådeleg for verneverdiane. Eksisterande uønska/ulovlige parkeringsplassar vert stengde og landskapet tilbakeførast. Tilsvarande redusert kapasitet skal søkas kompensert i egna område.
- Parkeringsplassane må framstå som areal til parkering. Element (utforming, tilrettelegging, skilting) bør vere gjenkjennelige frå parkeringsplass til parkeringsplass.
- Parkeringsplassane er for det meste av tida utan bilar og bør derfor avgrensast og utformast på best mogleg måte. Informasjon om, og skilting til, parkering bør skje etter ein samla plan.
- Parkeringsplassane skal ikkje gi plass til camping og bu-bilar for overnatting, heller ikkje parkering for grupper eller arrangement som over fleire dagar avgrensar allmenne parkeringsmuligheter i vesentlig grad. Det er eit mål å få kanalisert bu-bilane til andre parkeringsplassar og reiselivsbygg.
- Ein samla parkeringsplanlegging skal ta sikte på å gjere Jærkysten tilgjengelig for ønska allmenn friluftsbuena, men samstundes slik at gang-, sykkel- og kollektivtransport vert favorisert på bekostning av veksten i motorisert ferdsle.
- Eksisterande p-areal som blir nedlagt skal tilbakeføres til natur.

Fylkesmannen er så langt godt nøgd med dei siste års ferdigstilling av parkeringsplassar ved Friluftsfyret Kvasheim, Nærland, Refsnes, Orre, Bore sør, Elvenes, Buasanden, Sele havn og Rege, utført av Jæren friluftsråd.

Sykkelparkering

Som tiltak innfor prosjektet The North Sea Cycle Route har Fylkeskommunen i 2005/2006 fått utviklet og tilrettelagt parkeringsstativ (med bagasje-oppbevaringsboksar) for sykklar ved fleire innfallspor langs kysten. Stativa har fått prioritert plassering på parkeringsplassane. Arkitektonisk utforming og farge er spesielt utviklet for Jærstrendene, og gir tydelig signal om offentleg prioritering av sykkeltransport til og frå strendene (Scheldrup/Dimmen 2006: «Skilt i landskap»).

7.6 Formidlingstiltak

Fylkesmannen vil legge til grunn handbøkene frå Direktoratet for naturforvaltning (2008 og 2006) for sitt arbeid med formidling. Sjå elles planutgreiing *Tilrettelegging og formidling* (FM 2008) for grundigare presentasjon.

7.6.1 Merker og skilt/tavler

Rogaland fylkeskommune er nå ansvarleg for skilting av utvalde fornminne. Skilt er satt opp på Tungenes, Grøderøysa (Randaberg), Sele-«Stjødno» (Klepp), Regestranda, Hå gamle prestegard og Kvasshheim (www.fornminner.no og www.rogfk.no - Arbeidsområde/kultur).

Fylkesmannen har etter revidert vern i 2003 merka vernegrensa med nærmare 1000 juridiske grensemerke. Samstundes er det satt opp eit stort tal standard-«verneskilt» som syner kva verneform som gjeld i dei ulike del-områda, i tillegg til skilt som angir regelverk (bandtvang, forbodsskilt motorisert osv.). Desse er koordinatfesta, tekst- og fotodokumentert, og er under kontinuerlig vedlikehald.

I fylkesmannens undersøking i 1999 blei alle skilt kartfesta, fotograferte og grupperte. Til saman var det 372 skilt (forutan verneskilt). På bakgrunn av denne «skiltjungelen», blei det i 2005 teke initiativ til å utvikle ein felles mål for samlokalisering, materialbruk og utforming av skilt (Scheldrup/Dimmen 2006: *Skilt i landskap*). Fylkesmannens tek sikte på å fullføre slik skilting på 24 lokalitetar (6 i Randaberg, 5 i Sola, 4 i Klepp, 9 i Hå).

Elles gjeld følgjande generelle føringar for skilting/merking:

- Oppsetting av nye skilt/merke er dispensasjonsregulert i verneforskrifta, men om naudsynt kan dispensasjon normalt påreknast, jfr. kap. 5.4.2.
- Grafisk nasjonal profil (DN-handbok 2006-27) skal nyttast.
- Skilting og merking skal vere i samsvar med

ferdselskategoriane i dei einsskilte forvaltningssonar (*Forvaltningsplanen del 2*).

- Skilt skal i størst mogleg grad samlokalisert til innfallsporane/p-plassane, ha ei utforming i tråd med «universell tilrettelegging», og med gjennomtenkt plassering.
- Skiltinnhald skal informere publikum om rettar, plikter, omsyn og høve til oppleving på ein måte som verker positivt motiverande, vekker undring og høve for spennande «møte-situasjonar» under turen. Gjennom positiv oppmoding kan ein lettare skape forståing og ansvarskjensle, enn ved forbod aleine.
- Forutan lovpålagt vernegrensemerking skal all oppsetting av skilt og merke godkjennast av grunneigar i forkant. Skilting i tilknytting til offentleg veg (jfr. skiltforskrift av 01.06.2006) må godkjennast av vegstyresmakta i forkant.

7.6.2 Besøksenter i og ved verneområdet

Orre natur- og friluftshus, Hå gamle prestegard, Tungenes fyr og kultursenter, og Obrestad fyr har i mange år hatt viktige funksjonar for allment friluftsliv og formidling av lokal kultur og natur langs Jærkysten. Nyare prosjekt som til dømes «En kjede av fyr» og «Friluftsfyret Kvasshheim» har spennande og store utviklingsmuligheter.

Orre natur- og friluftshus:

«Friluftshuset» ligg innfor offentleg sikra friluftsområde, og er eigd og forvalta av Jæren friluftsråd. Årleg er det ca 40 000 besøk. Her er eigen utstilling om dei ulike typane strender som finst langs Jærkysten, med hovudfokus på sandstrender. Denne kunne ved hjelp av omvisning og tilpassa skuleopplegg nå ut til langt fleire, med mellom anna aktivitetar retta mot barnefamiljar, både innfor bygget og ikkje minst som «opplevingssti» utandørs. Det er også laga arbeidsskisse for ein utvida friluftsliv-utstilling i same lokale. Fylkesmannen vil prioritere utvikling av denne i nært samarbeid med Jæren friluftsråd.

Hå gamle prestegard

Prestegarden (Hå kommune) har i mange år vore eit regionalt utfartsmål som kunst- og kulturinstitusjon i eit tradisjonsrikt og verna anlegg. Prestegarden har årleg omkring 40 000 besøkande. Ved tunet er det et fornminneområde med spor etter 8.200 år gamal busetnad, med ein eigen utstilling.

Obrestad fyr

Oberstad fyr er freda etter kulturminnelova. Eigar er Hå kommune. Fyret inngår i prosjektet «En kjede av fyr» (www.fyr.no/publik8.html). Utstillingsplanar er nå primært flytt til Kvasshheim (sjå

nedanfor), men Fylkesmannen er open for koordinerte formidlingstiltak også på Obrestad, dersom kommunen måtte ønske dette.

Friluftsfyret Kvasseheim

Kvasseheim fyr er eigd av Staten v/Direktoratet for naturforvaltning. Fyrområde forvalta av Jæren friluftsråd, med pågåande utvikling av «Friluftsfyret Kvasseheim» som regionalt besøks- og formidlings-senter for friluftsliv, kulturminne og kulturlandskap, naturverdiar, og sjøbruks- og redningshistorie. Planane inneheld også undervisningstiltak og overnattingshøve. Området er også «partnerskapsområde» i FINK- fylkesdelplanen. Fylkesmannen ser positivt på satsinga, og vil bidra økonomisk og faglig så langt som råd. Omsynet til fuglefredingsområdet og dei usedvanlig rike fornminne-områda krev spesielle omsyn i all uteaktivitet.

Tungenes fyr og sjøbruksmuseum

Tungenes fyr er freda etter kulturminnelova og forvalta av Randaberg kommune. Foruten eige fyrmuseum med eigen kunstsamling finst også sjøbruksmuseum. Fyret inngår i prosjektet «En kjede av fyr» (www.tungenesfyr.no). På sikt vil fylkesmannen truleg kunne bidra til ein permanent Jærstrand-utstilling med fokus på bergstrender, som ein av de tre hovedlandskapstypene. Tungenes fyr vart i nov. 2008 åpna som eit «Kystverkets etatsmuseum».

Feistein fyr

Fyret ligg 2 km ut i havet vest av Sele, og er tilgjengeleg for overnatting/arrangement i sommar-sesongen. Fyret er eigd av Kystfartsverket, men leies av Klepp kommune (www.klepp.kommune.no) til ideelle bruksformål og spesielle grupper. Fyret inngår i prosjektet «En kjede av fyr» (www.fyr.no/publik8.html)

Interkommunale **Jærmuseet** har eit overordna faglig ansvar for formidling og utstillingar på Jæren.

7.6.3 «Nett»-formidling

Fylkesmannen tek sikte på å vidareutvikle nettbaserte innsynsløysingar for tematisk innlegging av tekst, bilde, kart, referansar, tilbakemeldingar m.m. Fylkesmannens eksisterande nettsider om Jærstrendene (FM Jærstrendene) er pr. dags dato i utvikling, med kart, informasjonsplakat, rapporter m.m. Likeså gir *Naturbase* og nettportalen «*Temakart-Rogaland*» innsyn til ei rekke tema (kulturminne, landskap, friluftsliv, vernestatus mm). Delar av denne informasjonmengda bør kunne tilpassast interaktiv bruk for skular og publikum på aktuelle besøksentra.

7.6.4 Faktaarklopplevingsark

For utvalde sonar og tema vil det kunne lagast enkle og populariserte faktaark om opplevingskvalitetar og til dømes turløyper. Desse kan lagast fleispråkleg, undervisningsretta, eller spesielt for barn /barnefamiliar. Målet vil kunne vere å auke turopplevingar, stimulere nysgjerrigheiten og kunnskapsønskje, svare på vanlege spørsmål, og ivareta landbruks- og verneomsyn.

7.6.5 Naturlosturar

Naturretteleing har vært brukt i mange år i amerikanske, australske, ny-zealandske nasjonalparkar. Under namnet «naturlosing» har slike turar vore ein integrert og populær del av verksemda til Stavanger Turistforening dei siste 15 åra. Ei rekke av dei årleg turane vert lagt til Jærstrendene. Fylkesmannen tek sikte på vidare støtte til ordninga, tilpassa ferdselskategoriane i forvaltningssonane. Det burde også ligge godt til rette for ei fast ordning med naturlosturar ut frå «naturhusa» og besøksentra. På kvar stad bør det utviklast fleire standardturar med ferdige, kvalitetssikra og lett reviderbare «permar» med ruteopplegg, fakta og formidlings-hjelpemiddel (bilde, kart).

7.6.6 Skule – undervisningsopplegg

I 1990 blei det utvikla eige undervisningsopplegg for Orrestranda. På 1990-tallet blei det laga eigne arbeidsoppgåver knytt til utstillinga, for barne- og ungdomstrinnet. Utstillinga på natur- og friluftshuset er også pedagogisk innretta med tanke på skulebruk (sjå nettsider FM i Rogaland, Miljø, Jærstrendene, Informasjonsplakat). Dette målet var også bakgrunn for offentleg sikring av «Roseberghytta» og omkringliggende areal ved Ølberg i Sola («Ølberg naturskule»), men der manglande ressursar og driftsmodell ikkje har vore tilstades til nå. Det knytter seg i så måte spennande muligheter til pågåande tilrettelegging ved «Friluftsfyret Kvasseheim». Med Jærstrendene som arbeidsområde har fleire skular i regionen nytta seg av nasjonal undervisningsdatabase om miljølære (www.miljolare.no).

Det er på sikt eit klart mål for Fylkesmannen å utvikle det store potensiale for undervisning, med nærleik til dei aller fleste av skulane på Jæren. Dette i nært samarbeid med Jæren friluftsråd, offentlege skuleetatar i kommunar og fylke, og einskilde skular (praktisk-pedagogiske opplegg). Ein viktig del av dette vil kunne vere å arrangere kurs og «vandreturar» for lærarar.

7.6.7 Kulturløyper

Rogaland fylkeskommune har gjennom sin Hand-

lingsplan for skjøtsel og tilrettelegging av kulturminne utarbeida prosjektet *Kulturminneløype*, med skilting av utvalde kulturminne og løypebrosjyrar. Blant kulturminna langs Jærstrendene i kulturløypa – «Rogaland 500-500» er fleire strandgravfelt på Hå gamle prestegard, Sele, Reve, Hårr, Grødaland og Kvasheim, nausttufter på Solastranden, i Obrestad Hamn og på Øyren ved Hårr.

7.6.8 Brosjyrer, hefte og bøker

Det finst ei rekke brosjyrar, hefter og bøker om ulike tema, både nyare og eldre, som i større eller mindre grad dekker Jærstrendene (FM 2008). Fylkesmannen tek i første omgang sikte på å utvikle

ei forenkla og popularisert «felt»-brosjyre/hefte (fleirspråklig) med utgangspunkt eksisterande informasjonsbrosjyren (FM 2003).

7.6.9 Foredrag og markvandring

Fylkesmannen gjennomfører 3 -5 årlege foredrag om ulike tema, som regel kombinert med markvandring. Førespurnader kjem frå norske og utanlandske skular og høgare utdanningsinstitusjonar, offentleg forvaltning, større arrangement, konferansar, kurs-grupper og liknande. Aktiviteten utgjer ein «smal», men viktig formidlingskanal som Fylkesmannen vil vidareføre og koordinere med liknande tiltak, som m.a. *Naturlosing* og *Faktaark*.

7.7 Handlingsprogram tilrettelegging og formidling

Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidspartnarar
Konfliktdemping landbruk/friluftsliv	1	Fortløpande avdekke spesielle konfliktområde. Iverksette skilting, merking, gjerdeklyv. Orientering til aktuelle skular. Samarbeid grunneigarar, JF, kommunar. Kostnad ca 50 000
Informasjonstavler ■ Verneområde-skilt ■ Kulturminneskilt	1	Jamfør skiltingsstrategi. FM-infoskilt. Samarbeid JF. Kostnad ca 300 000 Samarbeid RFK/AmS/ kommunar om skilting av minst 1 nytt forminne i kvar kommune, jfr. FINK-Handlingsplan. Samordna med FM-strategi.
Opprydding hovedinnfallsportar ■ skilt-«foreining» ■ renovasjon	1	Opprydding og samordning av ulike skilt ved p-plassar Utbetring søppel-renovasjon (m.a. fjerne konteinrar)
Verneskiit/grensemerke	1	Vedlikehalde ca. 1000 grensemerke/skiit vha SNO. Kostnad: interne/SNO-ressurs
Offentleg sikring av nye natur- og friluftareal	1	Fortløpande oppfølging av aktuelle areal. Vektlegge naturvennlig og «universell» tilrettelegging jfr. Fylkesdelplan 2006 og differensiert forvaltning. Samarbeid JF og RFK.
Nettbasert dialog - teneste	1	Utvikle løysing for lettvin og rask dialog om spørsmål, tilbake-meldingar, befaringar m.m.
Utstilling Friluftsfyret Kvasheim	1	Bidra til utstilling og formidlings-modell/undervisning på fyr-anlegget. Samarbeid JF. Kostnad min. 700 000
«Partnerskapsområde»	1	Bidra til utvikling, t.d. «Frisk i Friluft»-prosjekt «Viste-Tungenes». Nært samarbeid FK- NSCR/kulturinst./ Jærmuseet/kommunar. Bidra til differensiert tilbod jfr. «universell tilrettelegging».
Regulert parkering ■ Skiltingsplanar ■ Nyetableringar ■ Stenging av ulovlege/Utbetring av eksisterande	1	Skiltingsplanar heimla i vegtrafikk-lova for å sikre tilkomst ved utrykning, avgrense ulemper for landbruk, lette tilgjenge for ålmenta og sykklar. Vurdere å ta eks. p-plassar ut av verneområdet (grensejustering) Samarbeid grunneigarar, lensmenn, kommunar, JF
Info-brosjyre/hefte	1	Forenkla utgåve av infoplakaten og utstillingen på Orre friluftshus. Fleirspråklig. Kostnad: kr 70 000

Tabellen fortsetter på neste side.

Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidspartnarar
Utstilling friluftsliv Orre	2	Vidareutvikle tema friluftsliv som del av utstilling Orre friluftshus. Føresettt samarbeid JF/FK
Utvikle lokale kontaktfora	2	Felles synfaringar og konkrete prosjekt (tilrettelegging, formidling, skjøtsel). Dokumentasjon tradisjonell bruk. Grunneigarlag, Jæren kystlag, kommunar. Kostnad: uavklart
Formidling på besøkssenter: «Friluftsfyret Kvasseheim» Orre Tungenes	2	Utvikle samarbeidsmodell for formidling friluftsliv/forvaltning, besøksleiing/reiseliv, undervisning, aktivitetsdagar, naturlosing og evt. reiselivsamarbeid/ gardsturisme. Samarbeid med: JF, Jæren kystlag, «En kjede av fyr», reiselivet.
Nettpresentasjon Jærstrendene	2	1) Nett-film/CD.Samarbeid med NRK- Rogaland. 2) Billedgalleri med digital kart-link. Samarbeid JF/Stav. Turistforening. 3) Presentasjon verneverdiar på Nord-sjøsykkelruta-nett (RFk.). Kostnad: min 80 000
Skuleretta tiltak	2	Utvikle praktisk undervisnings-opplegg og feltutstyr, med utgangspunkt i senter på Orre, Kvasseheim, Tungenes (og Ølberg).Samarbeid JF, Stav. Turistforening, RFk, kommunar og «kulturell skulesekk»
Turløyper/sløyfer til/frå bakland	2	Bidrag til tilrettelegging austover frå kysten (unngå konflikt sårbare verdiar). Samarbeid med LA/gardsturisme/kommunar
Faktaark/faktapermar	2	Fleispråklige. Til bruk ved natur- losing og undervisning på besøkssenter:Tungenes, Orre, Kvasseheim. Kostnad: 25 000
Natur- og kulturstiar	2	Stimerking i felt, med utarbeiding av tilhøyrande infoark. I første rekke Orre, Kvasseheim, Tungenes. Inkl. differensiert tilbod («universell tilrettelegging»). Kostnad: 50 000
Alternativ transport	2	Stimulere til auka bruk av sykkel/buss som alternativ til biltransport. Infomateriell/nett om tilrettelagde ruter, innfallsportar, opplevingsruter, «universell tilrettelegging». Samarbeid RFk og busselskap (toppdagar sommar).
Natur- og kulturformidling lokalt næringsliv/ reiseliv.	3	Samarbeid campingplassar, hotell, gårdsturisme m. fl.
Prosjektstilling undervisning/formidling	3	Bidra til vidareføring og utvikling av deltidstilling JF/Dalane fr.råd. Utvikling undervisnings- og formidlings-tiltak. Utvikle og implementere varige samordningsmodellar ift. FK, FM-Utdanning/ Helse, JF, SNO, kommunar («En kjede av fyr»), Kystkulturlag, STF-Naturlos. Aktuelle formidlingsstadar: Orre/Tungenes/Kvasseheim-Ølberg.
Revidert brukarundersøking re-kreasjon	3	Gjenta brukarundersøkinga frå 2004 etter ca. 10 år. Kostnad: kr 50 000
Bok-verk Jærstrendene	3	Natur og kulturhistorie, historisk vern og forvaltning. Kostnad: uavklart

Samla kostnader for dei mange tiltaka vil vere etter måten store, men mykje arbeid vil kunne gjerast ved interne FM-ressursar, og ved hjelp av lokalt SNO og andre samarbeidspartnarar som JF, FK og lokale lag og organisasjonar (jfr. også tilskotsordningar i kap. 6.7).



FIGUR 89. Jærstrendene med Ramsar-område er «Europaveg 1» for trekkfuglar som desse vaderane.
Foto: R. Mangersnes

8 Overvaking og forskning

Med **overvaking** meiner ein her *systematisk inn-samling av data*, for å kunne påvise eventuelle endringar *over tid* (DN-handbok 17, revidert 2008).

Forskning består i ein *vitenskapleg analyse* av slike data, med sikte på å produsere ny kunnskap. Føremålet med overvaking og forskning er å auke kunnskapen om verneverdiane, og på dette grunnlaget sette inn forvaltningstiltak for å sikre natur- og kulturverdiar (verneføremålet). Tilnærminga kan to-delast:

1. **Miljøtilstand:** Gjenteke observasjonar for å kartlegge status og trendar for tildømes fugle- og planteliv, arealbruk og sanddynekyst, for betre å forstå og følgje utviklinga over tid.
2. **Påverknad og moglege truslar:** Observasjonar/kontroll får å finne ut om bevaringsmål nås, evt. for å iverksette nye tiltak for måloppnåing.

8.1 Mål for overvaking og forskning

Innafor planperioden (10 år) skal det oppnås fulldekkande tilstandsoversikt og overvakingsstrategi

for dei mange ulike natur- og kulturmarksbiotopane/habitat, herunder raudlisteartar. Lokale bruks- og skjøtselstradisjonar inngår i dette.

I samarbeid med kulturstyresmaktene skal det oppnås ein fullgod oversikt og overvakingsstrategi for fornminne, nyare kulturminne og kulturminnemiljø.

Bevaringsmåla i dei 37 forvaltningssonene (jfr. *Forvaltningsplan del 2*). skal reviderast i samsvar med utvikling av nye nasjonale standardar (kjem i 2010). Tilsvarande skal samla bruk og påverknad overvakast som grunnlag for etterprøvbare forvaltningsmål (t.d. for landbruk og friluftsliv).

Overvaking og dokumentasjon skal synleggjere og legitimere behov for naudsynte forvaltningstiltak. Resultata skal formidlast ved tett dialog og praktisk forvaltningsamarbeid med grunneigarar, kommunar, JF, FK og relevante fagmiljø/organisasjonar.

8.2 Utfordringar

Det ligg føre store mengder data og kunnskap om natur- og kulturverdiar, inklusiv brukstradisjonar. Til dømes er det minst 80 år med fugleregistreringar, gjort av Stavanger Museum (nasjonal ringmerkingssentral), ei rekke høgt kompetente privatpersonar, NOF-Rogaland, NINA's overvakingsprogram, FM- og SNO-registreringar, og andre. Det er ei stor utfordring å hente inn, kvalitetsikre og nyttiggjere det viktigaste av dette materialet til overvaking og forskning. Botaniske undersøkingar gjennom minst 50 år (t.d. Herikstad 1956) utgjer særskilt viktig referansegrunnlag for overvaking av økosystema.

Innsamling av ny kunnskap om verneverdiane på Jærstrendene pågår kontinuerlig. Det gjenstår mykje arbeid med til dømes vidare tematisk innsamling, oppdatering av eldre data, betre geografisk stadfesting, systematisering av kunnskapen i databasar, og ikkje minst samordning av desse databasane (inkl. funksjonelle web-innsynsløysingar – jfr. «Naturbase»).

Biotop- og habitat-funksjonane er ikkje systematisk kartlagt eller overvaka på Jærstrendene. Rundt 85 % av artane på den norske raudlista er trua av habitatendringar. Truleg er prosenten høg også for dei mange sjeldne artane på Jærstrendene, men kunnskapen om utbreiing, økologiske funksjonar og artskrav for dei nasjonalt sjeldsynte biotopane (herunder habitat) er begrensa. Fuglelivet er under sterkt forstyringspress, noko som krev avbøtande tiltak, om naudsynt restriksjonar.

Av dette følgjer eit klart behov for forskning om optimal skjøtsel og bruk i spesielt dei tradisjonelt semi-naturlege biotopane. I første rekke vil innsamling av lokal erfaringskunnskap vere viktig, men også innhenting av betydeleg referanselitteratur frå utlandet.

DN arbeider med utvikling av ein felles standard for «målstyrt overvaking», som skal sette rammer for overvakingsprosedyre i alle verneområde. Dette er avgjerande for å sikre vitenskapleg kvalitet og regionalt og nasjonalt/internasjonalt samanlikningsgrunnlag. Det er ei sentral utfordring å følgje opp dette arbeidet gjennom definering av bevaringsmåla for forvaltningssonene på Jærstrendene, slik at konkrete tiltak i området både kan fungere som innspel til den nasjonale standard-utviklinga, og samstundes tilpassast denne undervegs. Utvikling av gode tilstandsvariablar vil vere eit viktig hjelpemiddel for å vurdere grad av mål-opnåing.

8.3 Status, prioriteringar, strategiar

- Dei mange verneverdiane er utførleg gjort greie for i revidert verneplan (FM 1995), samt i et omfattande underlagsmateriale frå både før og etter vernetidspunkt i 1977. Til dømes er fuglelivet kartlagt systematisk av Stavanger Museum tilbake til 1937, med ringmerkingssentral ved Revtangen. Vinterbestanden av vassfugl blir årleg overvaka gjennom NINA's sjøfuglprogram (vinterfugltellingar). Nasjonalt overvakingsprogram for sjøfugl (SEAPO) er under etablering i 2008 i ytre kyst. Hekkepopulasjon for sjøfugl vert registert kvart 3. år (FM 2008).
- Sanddynekysten er flyfotografert og analysert kvart 10. år sidan 1977. Flybilde frå 1937 gjev særskilt interessant referansegrunnlag Sola – Bore (www.norgebilder.no/ - Metadata 1937). Seinare års orthofotografering gir stor grad av oppløysing for landskap og arealbruk.
- Det er lite systematisk dokumentasjon på bestandsutvikling av pattedyr, med unntak av sel.
- Insektsfaunaen er kartlagt meir sporadisk frå 1950-talet til i dag (Nilsen 1988 & 1997; Løvbrekke 2007); spesielt sanddynekysten er aktuell. Ny NINA-rapport (2009) syner at sanddynekyst har nær 10 % av alle artar på «Rødlista», dei fleste av desse er insekter. Brusand/Ogna inngår i undersøkingane.
- Spesielt innafor plante- og insektsliv aukar kunnskapen år for år. I 2008/2009 blir det gjennomført systematisk kartlegging av naturtypar med tilhøyrande raudlisteartar (Lundberg 2010, DN-13-2007 rev.). Konsulent J.B. Jordal har i 2008 tilrettelagt eldre og nyare data til en FM-raudlistedatabase. Her framgår det at verneområdet har 100 kjende raudlisteartar, plantefredingane har 50. Saman med Ramsar-reservata i «Jæren våtmarksystem» har Jæren dermed nokre av dei viktigaste verneområda i landet for raudlisteartar. I 2009 starta det nasjonale *Artsprosjektet*; ei offentleg storsatsing på auka kartlegging og kunnskap om einskildartar i norsk natur. Jærstrendene inngår naturleg i denne kunnskapsovervakinga.
- Det er oppretta samarbeid med Havforskningsinstituttet, som årleg gjennomfører tareskogs-overvaking utanfor Reve-Orrer-kysten. Det er gjennomført ein rekke relevante utgreiingar om tareskogen (jfr. også FM 2006).



FIGUR 90. Krinakrabbe inngår i den særs rike taesko-gen utanfor Orre. Foto: Rudolf Svendsen



FIGUR 91. Sandnattlys – ein nær trua art, vekst to stadar på Jærstrendene. Foto:A. Lundberg

- Det føregår omfattande stasjonsovervaking av vasskvalitet for elver/bekkar/vatn. FM har laga utkast til overvaksingsplan for Figgjovassdraget og tilgrensande marine område (FM 2008).
- Kulturminnestyresmaktene (Rogaland fylkeskommune og Arkeologisk museum - UiS) har omfattande kunnskap om landskapshistoria i postglasial tid (siste 12.000 år), herunder dei mange eldre og nyare kulturminna. Krigsminna saknar ei grundig kartlegging og forvaltningsstrategi.
- Arealbruk knytt til landbruket, hytter og andre bruk og anlegg, inngrep og deponi, bygg og anlegg, slitasje og omfang av friluftsbuk og aktivitetar er godt kartlagt.
- Fylkesmannen vil i første rekke ha fokus og ressursbruk retta mot dei mangesidige bevaringsmåla for landskapstypar og kulturlandskap med kulturminne, overleving av truga biologisk mangfald (planter og sopp, dyreliv, insekt) og deira biotopar. Bevaringsmåla er nærmare konkretiserte for kvar av forvaltningssonene – *Forvaltningsplan del 2*.
- Truga eller potensielt truga verneverdiar skal ha høgst prioritet for forskning og overvaking; og vidare i første rekke der truslane kan fjernast/reduserast ved forvaltningstiltak.
- Tilstand og endringar for biotopar (herunder habitat) skal stå sentralt i overvaking og forskning.
- Fylkesmannen i Rogaland fekk i år 2000 utarbeida eit eige program for miljøovervaking av

Jærstrendene (FM 2000). I programmet legg ein opp til «minimumsløysingar» på fagleg for-svarleg grunnlag, til ved dømes bruk av flyfoto, fastruter, indikatorartar og fåtall representative biotopar/transekt. Fylkesmannen vil nytte dette inntil det ligg føre nye retningslinjer for nasjonal overvaking.

- Kontinuerlig overvaking av alle typar bruk og natur- og kulturkvalitetar er unødig omfattande. Prinsippet om differensiert forvaltning skal leg-gast til grunn. Dette inneber overvaking av eit utval av areal og verdiar, slik at heilskapen blir representativt dekkja, med tilpassa syklisitet og grad. Til dømes vil referanseområda Børaunen, Reve, Brusand og Ogna stå sentralt (FM 1995).
- Overvakinga skal vere prosessorientert. Fylkesmannen tek sikte på å utvikle et tverrsektorielt overvaksings-samarbeid med lokale, regionale og nasjonale fagmiljø, ikkje minst innafor landbruk og friluftsliv.
- Kunnskapen og resultatata frå overvaking/forsking skal kunna nyttast i rapportering til overordna styresmakter og informasjon til kommunar, grunneigarar og andre brukarar.
- I tilsvarende kystområde i spesielt Sverige, Danmark og England er det utført mange overvaksings- og forskingsprosjekt, med klar overføringsverdi til Jærstrendene. Det skal derfor utførast litteratursøk i forkant av oppstart av meir kostnadskevjannde prosjekt.
- Rapportering skal vere lokalt tilpassa, men samstundes metodisk oppfylle internasjonale rapporteringskrav.

8.4 Handlingprogram for overvaking og forskning

Følgjande framlegg til handlingsprogram skal reviderast kvart femte år som følgje av nye nasjonale retningslinjer og endringar i økonomiske ressursar. Det føregår mykje og variert overvaking og forskingsrelatert datainnsamling. Nedanfor er i hovudsak berre aktuelle tiltak for forvaltningstyresmakta og nærmaste samarbeidspartnarar. Tiltak retta mot artar vil gjennomgåande vere koordinert med det nyoppstarta nasjonale *Artsprosjektet*. *Artsdatabanken* (sjå nettadresse) har elles viktige faktaartiklar, mellom anna om miljøtilhøve og raudlisteartar i sandområder.

Tiltak	Prioritering	Merknader. Aktuelle samarbeidspartnarar
Landskap		
Overvaking og datamodellering sanddynekyst	1	Prosjekt 2009: Flyfoto med datamodellering: endringar kystline, dyne-høgder og –morfologi, massevolum, dekningsgrad vegetasjon, soneringar og suksesjonsutvikling.
Overvaking fysiske og tekniske inngrep	1	Revidere oversikt alle bygg og anlegg, vegar og tra-sear, deponeringar - jfr. FM 2003.
Overvaking undersjøisk landskap og marint mangfald	2	Jfr. merknad over. Jfr. DN 2005-2. Samarbeid Havforskningsinstituttet (pågåande årleg overvaking under-sjøisk landskap/tare)
Fysisk tilstand geologiske natur-minne	2	Overvake slitasjeskader, haverosjon.
Overvaking endra arealbruk	2	I første rekke dyrka/gjødsla beite/utmarksbeite/tilgro-ing Jfr. NIJOS «gardskart» og kartfesta arealbruk sonekart Forv.plan del 2
Langtidsendringar sanddynekyst	3	Samanfatting av omfattande sand- dynekystmålingar frå 1984 (FM)
Dyre- og planteliv		
Overvaking vinterbestand vassfugl	1	Jfr. retningslinjer Ramsar- «Jæren våtmarksystem» Vidareføring vintertellingar (NINA) Fokusartar/indikatorartar i Emerald network - Jær-strendene: Islom, Gulneblom, Storlom, Smålom, Horndykkar
Hekkebestand fugl ■ Langs Jæren-kyst ■ Sjøfugl Håstein – Rott - Kjør	1	Jfr. retningslinjer Ramsar- «Jæren våtmarksystem». Gjenta hekkebestandtelling (FM 2001) – utvalde artar og viktigaste del-strekningar (FM 2000). Samarbeid NOF, Stav. Mus. Vidareføre sjøfugltellingar kvart 3. år
Overvaking fugleliv - forstyrning	1	Registrere friluftslivaktiviet/ forstyrningseffekt i utvalde fugle-fredningsområde, med påfølgjande avbøtande tiltak.
Overvaking vadefugl - samarbeid med Stavanger Museum/ NOF	2	Samanfatting av historisk rådata, analyse trendar, utvikling indikator-parameter. Jfr. retningslinjer Ramsar- «Jæren våtmarksystem».
Overvaking Svarthalespove	1	Jfr utkast handlingsplan 2009

Vegetasjon - Supplerande registreringar/kartfesting <ul style="list-style-type: none"> ■ Naturtypar/freda plantesamfunn ■ Raudlisteartar ■ Kryptogamar 	1	Jfr. naturtype-kartlegging og raudliste-arter (Lundberg 2010). Prioritert oppfølging handlingsplaner (DN 2010) for islandsgrønnekurle, strandtorn, jærflangre, jærtistel. Ny kartlegging kryptogamar (mose, lav, sopp) er påkrevende.
Suksesjonsutvikling sanddyner <ul style="list-style-type: none"> ■ Vegetasjonsutvikling ■ Morfologi, abiotiske faktorar 	2	Trendanalysar etter samanfattning av eldre referanseregistreringar (Herikstad 1956, med fleire)
Overvaking trua/freda planteartar og plantesamfunn	1	Jfr. forskrift § 3 A-5 og §3 C-Utbreiing, biotopkrav/truslar, forskning målretta skjøtsel. Prioritert oppfølging handlingsplaner 2009 for islandsgrønnekurle, strandtorn, jærflangre, jærtistel.
Nøkkel-biotopar/habitat og transekt av strand – bakland	1	Inngående økologisk overvaking og forskning i representativt utval av biotopar/transekt: Utbreiing, dynamikk/regenerering og utvikling, basis i tilstandsindikatorar). Topografi, abiotiske parameter i sandbiotopar (pH, næring, grunnvassnivå m.m)
Overvaking framande artar («svar-teliste-artar»)	1	Kartlegging av utbreiing, jfr. kap. 6 Skjøtsel. Gjennomført 1 kartlegging lupiner, rynkerose m.fl. 2009. Jfr. DN-prosjekt bekjemping. Jfr. røynsle metode/kostnader utland (Skandinavia/Engeland)
Forskning målstyrt skjøtsel av vegetasjon i referansesonar	2	Utvikle indikatorparameter, støtte i litteratur-studie (Danmark/ Sverige/Engeland) Samarbeid grunneigarar, SNO
Beiteforsøk i utvalde naturtypar/ kulturmark	2	Samarbeid grunneigarar, forsøksringar i landbruket, Særheim forskningsstasjon: 1) optimalt beitetrykk bevaringsmål. 2) fjerning framande planter
Virvellause dyr <ul style="list-style-type: none"> ■ Supplerande registreringar ■ Sandmark/strand 	2	Supplerande registreringar, forskning/litt.studie habitatkrav og truslar for raudlisteartar. Oppfølging av NINA-rapport 2009 Samarbeid Norsk entomologisk foreining (lokale ressurspersonar)
Overvaking tareskog	2	Jfr. FM 2006, DN 2005, NIVA 2006. Pågåande dialog Hav-forskningsinstituttet.
Overvaking havert og steinkobbe ytre skjergard	2	Vidareføre tellingar i regi av Havforskningsinstituttet, jfr. Emerald Network - Jærstrendene
Kulturminne		
Overvaking av tilstand registrerte eldre og nyare kulturminne skade,	1	Jamfør statuskartlegging fornminne FM 1995, RFK 2004. Samarbeid FK-kultur/AmS Restaureringsbehov, slitasje, bruksgrad, tilgroing
Supplerande kartlegging av brukskulturminne frå nyare tid	3	Jfr. verneforskrifta § 3 pkt. A-2. Jfr. turhandboka «Kon-gevegen i Hå» (Thomsen 1996)

FIGUR 92.
 Islom - ein
 sjeldsynt,
 sky og
 sårbar fugl
 vinterstid
 og under
 trekk. Foto:
 Ø. Birkeland



Friluftsliv/reiseliv		
Forstyrning ferdsl - fugl	1	Jfr. FM 1998 – studieområde: Børaunen, Kolnes, Solastrand, Revtangen, Skeie, Refsnes – Håtangen, Kvassheimbukta. Samarbeid brettseiling/surfar-org., SNO, NOF
Effektmåling kanalisering og informasjon i høve til: Slitasje vegetasjon og kulturminne Forstyrning fugleliv Trua artar Forsøpling i friluftsområde (JF)	1	Pågåande kartlegging av slitasjemønster (stimønster), status/stadfesting av verneverdiar. Samarbeid FK-kultur/AM, brettseiling/surfar-org., JF, SNO. Jfr. FM 1998 - litteraturstudie
Antal besøk i utvalde sonar	2	Vha «tråkkputer», bil-tal, besøks-senter. Samarbeid RFk og JF
Preferanseundersøking friluftsbukarar/reiseliv	3	Ny spørjeundersøking strandbrukarar, jfr. FM-2005-rapport.
Generelt		
Felles nasjonal standard for overvaking (prosedyre-manual)	1	Delta i DN sitt arbeid med nasjonal utprøving, gjennom konkrete prosjekt på Jærstrendene.
Forsking- og overvakingstrategi	1	Jfr. krav Ramsar Jæren våtmarksystem) og Bern-konvensjonen (Emerald Network - kandidat Jæren Ivo). Fugle-fredingsområda har Ramsar-status. Jærstrendene er tilrådd EN-område (sjå aktuelle artar og naturtypar i DN 2007-1)
Raudlistedatabase for Jærstrendene (Rogaland)	2	Eldre og nyare registreringar til pågåande oppbygging av database. Stort behov for revisjon gamle funn. Tilpassing web-basert ny nasjonal «Naturbase».

8.5 Kostnader

Sjølv om forvaltningstyresmakta legg til grunn ein «minimums-standard» for overvaking/forsking, vil gjennomføring av programmet innebere eit etter måten stort finansieringsbehov. I planperioden over 10 år er totalkostnad for kjøp av eksterne fagtenestar grovt berekna til min. 900 000 kr

(2008, lågt ambisjonsnivå). Her inngår ikkje faste kostnader for deltakande offentleg personell hjå FM, SNO, evt. JF, FK, kommunalt tilsette. Meir realistiske kostnadsoverslag vil bli utarbeida når nasjonal standard for overvaking ligg føre.

9 Oppsyn på Jærstrendene

9.1 Praktiske oppsynsoppgåver – statens naturoppsyn



Statens Naturoppsyn er oppretta med heimel i naturoppsynslova av 1996 for å ivareta nasjonale miljøverdiar og å førebygge miljøkriminalitet. Statens Naturoppsyn er organisert med ein sentraladministrasjon i Trondheim. For sør-fylket inklusiv Jæren er det førebels ei lokal SNO-stilling.

FIGUR 93.

Lokalt SNO har to hovedoppgåver:

1. Ansvar for kontroll etter følgjande lovverktema: friluftsliv, naturvern, kulturminne, motorferdsle, vilt, lakse- og innlandsfiske og forureining.
2. Rettleiing og informasjon på brei basis, dvs. dialog med grunneigarar, kommunar, organisasjonar, publikum generelt.

På bestilling frå fylkesmannen driv lokalt SNO også praktisk skjøtsel, registrering og dokumentasjon. Dette skjer gjennom årleg rutine for «bestillingsdialog» mellom forvaltningsstyresmakt og SNO. Aktuelle tema i denne bestillingsdialogen er:

Rettleiing og informasjon

- Driva førebyggjande arbeid som rådgjeving og informasjon
- Samarbeida med forvaltningsstyresmakta om informasjon
- Ha god kontakt med brukarar, grunneigarar, friluftsråd, lokalsamfunnet m.v.
- Kunnskapsformidling og undervisning har stort potensiale i området, og vil ha klar fokus i bestillingsdialogen, så langt ressursane tilseier det.

Oppsyn og kontroll

- Kontrollera at verneforskrifta vert overhaldne.
- Kontrollera at eventuelle dispensasjonar vert gjennomført etter fastsette vilkår.
- Driva kontroll etter anna miljølovverk.
- Rapportera om ulovlege tilhøve til politi og forvaltningsstyresmakt.

Praktiske forvaltningsoppgåver

- Oppsetting og vedlikehald av grensemerke, grenseskilt og informasjonstavler

- Skjøtsel (økologisk/restaurering).
- Tilsyn og vedlikehald av tilretteleggingstiltak og overvaking av slitasjesituasjonen
- Dokumentere natur og kulturminneverdiar, og områdebruk, med spesiell fokus på sårbare/trua artar, til dømes hekkebestand svarthalespove.
- Halde oversikt over utviklingstrendar.

SNO vil årleg rapportere gjennomført tilsyn til forvaltningsstyresmakta og evt. andre samarbeidspartar.

9.2 Prioriteringar for oppsyn på jærstrendene

- Kategori A-forvaltningssonar (jfr. *Forvaltningsplan del 2*, biotopvern, naturminne) – oppsyn, kjøtsel, grunneigardialog
- Fokus vesentlege regelbrot: motorisert ferdslе, fyllingar/avfall/massetak, ulovleg gjødsling, unødig forstyrring fugleliv, bandtvang.
- Dialog, informasjon og formidling til grunneigarar
- Informasjon/formidling på besøkssenter (samarbeid JF og kommunar)

9.3 Brot på verneforskrifta

Brot på vernereglar er underlagt offentleg påtale. Alle lovbrøt skal som i utgangspunktet bli meldt til politiet, uavhengig av om det er privatpersonar, grunneigarar, organisasjonar, kommunar eller andre offentlege etatar som har brote regelverket. SNO kunne bistå med dokumentasjon. Der det er tale om ulovlege inngrep der natur- og kulturtilstanden (verneføremålet) kan opprettast, bør det i meldinga fremjast krav om istandsetting, jfr. straffeprosesslova § 3.

Låg-Jæren er ein av ei mest areal-pressa og befolkningsrike regionar i landet, med stort behov for rekreasjonsområde som Jærstrendene. Saman med Jærstrendene, innanforliggende Ramsar-område «Jæren våtmarksystem», nasjonale laksevasdrag, og dei usedvanleg rike kulturminnefunna, inneber dette eit sterkt behov for auka tilsynsressursar i regionen. Dette kjem også klart til uttrykk i framlegg til Kronprinsregentens resolusjon 12.12.2003 (s. 23-25).

Referansar

- Anundsen, K. & Sollie, I. H. 1987: Forslag til vern av kvartærgeologiske områder og forekomster i Rogaland.
- Artsdatabanken 2008: Norsk Raudliste. www.artsdatabanken.no
- Bang-Andersen, A. & Thomsen, H. 1993: Spor etter mennesker og natur på Hå i steinalderen. Hå kommune/AM -UiS
- Direktoratet for naturforvaltning, 2001 - 16: Friluftsområder - offentlig sikring og forvaltning.
- Direktoratet for naturforvaltning, rapport 2001: Emerald Network i Norge.
- Direktoratet for naturforvaltning, rundskriv, nov. 2001 (rev. 2009): Naturvernloven - Forvaltning av verneforskrifter
- Direktoratet for naturforvaltning, utredning-2, 2005: Nasjonal overvåking av marint biologisk mangfald i kystsona.
- Direktoratet for naturforvaltning, håndbok 27, 2006: Naturvennlig tilrettelegging for friluftsliv.
- Direktoratet for naturforvaltning, notat 2007-1: Strategi for bruk av midler til tiltak i verneområder.
- Direktoratet for naturforvaltning, håndbok 2007 - 13 (revidert utgave): Kartlegging av naturtyper – verdisetting av biologisk mangfald.
- Direktoratet for naturforvaltning, håndbok 17 (2001, revidert 2008): Områdevern og forvaltning
- Eægri, K. 1940: Quartärgeologische Untersuchungen II.
- Fiskeridirektoratet 2005: Forvaltningsplan for tang og tare.
- Folvik A. (red.) 2001: Forekomsten av hekkende fugl i Jærstrendene landskapsvernområde. Oppdragsrapport for Fylkesmannen i Rogaland. NOF avd. Rogaland.
- Fremstad, E. 1997: vegetasjonstyper i Norge. Temahefte 12, NINA.
- Fylkesmannen i Rogaland 1995: Revidert verneplan for Jærstrendene landskapsvernområde. Miljørapport nr. 4
- Fylkesmannen i Rogaland 1995: Parkeringsplasser langs Jærstrendene. Rapport.
- Fylkesmannen i Rogaland og Rogaland fylkeskommune, 1996: Handlingsplan for friluftslivet i Rogaland fram mot år 2000.
- Fylkesmannen i Rogaland 1998: Jærstrendene landskapsvernområde. Fugl og ferdsel. Del 1: Litteraturstudie v/ T. Tysse (red) RC Consultants a.s
- Fylkesmannen i Rogaland 2000: Program for miljøovervåking. Utredning til Forvaltningsplan for Jærstrendene landskapsvernområde. Toralf Tysse, Ambio Miljørådgivning as
- Fylkesmannen i Rogaland 2001 Forekomsten av hekkende fugl i Jærstrendene landskapsvernområde. Rapport frå NOF- avd. Rogaland , red. A. Folvik
- Fylkesmannen i Rogaland 2003: Informasjonsbrosjyre og vernekart.
- Fylkesmannen i Rogaland 2003: Stein- og massetippar i Jærstrendene landskapsvernområde. Delrapport I og II.
- Fylkesmannen i Rogaland 2005: Friluftsliv – Brukerundersøkelse. Jærstrendene landskapsvernområde. Utredning.
- Fylkesmannen i Rogaland 2006: Bunn- og tareskogsundersøkelse ved Revtingen – Orreelva. Jærstrendene landskapsvernområde. Utredning.
- Fylkesmannen i Rogaland 2007: Tilrettelegging og formidling, Jærstrendene landskapsvernområde. Utgreiing til *Forvaltningsplan for Jærstrendene del 1*. 55s.
- Fylkesmannen i Rogaland 2008: Hekkende sjøfugl i Rogaland. Rapport
- Fylkesmannen i Rogaland 2008 (upubl.): Utkast til overvåkingsplan for Figgjovassdraget.
- Fylkesmannen i Rogaland 2009 (upubl.): Botanisk kartlegging i Orreskogen.
- Forsvarets overkommando, 1997: Brev av 07.01.1997, referanse 115 /97/FO/O//HT/071, 3 s.
- Grimnes A. 1909: Kart over Jæderen med Angivelse av Høideforholdene og Jordbundens Art. NGU 1889-1909.
- Herikstad, E. 1956: Organogene sanddyner. Vegetasjon og flora i flygesandområde Orre – Reve på Jæren. Hovedoppgave, Det mat.nat.fak. Blindern.
- Janocko, J. m.fl 1998: Middle and Late Quaternary depositional history reconstructed from two boreholes at Lå-gjæren and Høggjæren, SW Norway. NGT vol.78
- Knudsen G. C. 2006: Glacier dynamics an Lateglacial environmental canges – evidences fro SW Norway and Iceland. Doktoravh. UiB.
- Lillehammer, G. 1996: Død og grav. Gravskikk på Kvasheimfeltet, Hå i Rogaland. AM-Skrifter 13.

- Lundberg, A. 2010: Naturtyper og raudlistearter Jærstrendene. Bevaringsmål. Kartleggingsprosjekt 2008/09. FM i Rogaland
- Løvbrekke H. 2007: Registering av den lødlistede edderkoppen *Arctosa perita* i Rogaland 2007. Insekt-Nytt nr.4 2007.
- Lye, K. A. 1973: Verneverdige strandområder i Rogaland. Botanisk registrering.
- Lye, K.A 1978: Jærboka bind I - III
- Mangersnes, R. (upubl. 2003): Kartlegging biologisk mangfald Randaberg
- Miljøverndepartementet 1997: Om lov om friluftslivet av 28.juni 1957 nr. 16. Rundskriv T-6/97
- Miljøverndepartementet 12.12. 2003: Kronprinsregentens resolusjon om revidert vern av Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredning og naturminner i Rogaland. 26 s. - sjå nettadresse nedanfor
- Miljøverndepartementet/Landbruks- og matdepartementet 2005: Rettleiar T-1443. Plan- og bygningsloven og Landbruk Pluss
- Miljøverndepartementet 2007: Handlingsplan for bærekraftig bruk, forvaltning og skjøtsel av verneområder.
- Miljøverndepartementet m.fl. 2007: Grad av utnytting. Veileder T- 1459.
- Miljøverndepartementet 2007: Tverrsektoriell nasjonal strategi og tiltak mot fremmede skadelige arter.
- Miljøverndepartementet 2008, Ot.prp.nr. 32 (2007-2008): Om lov om planlegging og byggesaksbehandling (plan- og bygningsloven, plandelen).
- Moen, A. 1975: Myrundersøkelser i Rogaland. Rapport myrreservatplanen. Botansk serie 1975-3. Univ. i Trondheim
- Naturmangfoldloven 2009: Lov om forvaltning av naturens mangfold. LOV 2009-06-19 nr 100
- Nilsen T. 1988: Insekter i Jærstrendene landskapsvernområde. Rapport for FM i Rogaland.
- Nilsen T. m.fl. 1997: Liten snabelsvermer frå Ognå. Insekt-Nytt nr. 1 1997.
- NINA, rapport 500, F. Ødegaard m.fl. 2009: Kartlegging av invertebrater i fem hotspot-habitattyper. Nye norske arter og rødlistearter.
- NIVA 2006 (rapport LNR 5150): Økologiske effekter av taretråling.
- Norderhaug A. m.fl. 1999: Skjøtselsboka for kulturlandskap og gamle norske kulturmarker. Landbruksforlaget.
- NOU 2004:28: Lov om bevaring av natur, landskap og biologisk mangfald
- Prøsch-Danielsen, L. & Selsing, L. 2009: Aeolien activity during the last 9200 calendar years BP along the southwestern coastal rim of Norway. AM-Skrifter 21.
- Rogaland fylkeskommune 1996: Fylkesdelplan for Jærkysten
- Rogaland fylkeskommune 1998 -2001: Fylkesdelplan for reiselivet i Rogaland.
- Rogaland fylkeskommune 2002: Fylkesdelplan for kystsonen i Rogaland
- Rogaland fylkeskommune 2004: Fylkesdelplan for friluftsliv, idrett, naturvern og kulturvern (FINK).
- Rogaland fylkeskommune 2007: Fylkesdelplan for universell tilrettelegging.
- Rogaland fylkeskommune 2007: Overvåking av Jærvassdrag. IRIS rapport 2008/34
- Sejrup, H. P. m.fl. 1999: A stage 7 marine interglacial record (the Grødeland Interglacial) on Jæen, southwestern Norway (...). Boreas vol. 28, pp. 326 -346.
- Scheldrup H. og Dimmen P. 2006: Skilt i landskap. Rapport for FM og FK i Rogaland.
- Stavanger Museum 2009: Handlingsplan for Svarthalespove i Norge. Utkast.
- Stortingsmelding nr. 43 (1998-99): Vern og bruk i kystsonen
- Stortingsmelding nr. 39 (2000-2001): Friluftsliv - Ein veg til høgare liv
- St. prp. nr. 65 (2002-2003): «Fjellteksten» i Tilleggsbevilgninger og omprioriteringer i statsbudsjettet
- Thomsen, H. 1988: Jærlandskapet forandrer seg. Landskashistorie gjennom 1.500.000.000 år. Hå kommune.
- Thomsen, H. 1996: Kongevegen i Hå. Turhandbok. Hå kommune
- Thomsen, H. (red) 2004: På tur langs Jærkysten. Årbok Stavanger turistforening.
- Verneforskrift for Jærstrendene 2003: Kronprinsregentens resolusjon av 12.12.2003, administrativt endret ved DN-vedtak 30.06.2006 - sjå nettadresse nedanfor.
- Vik-Mo, H. (Blyttia 66 s. 3) 2008: Islandsgrønkurle veks i sanddyner på Jæren.
- Øyen, P.A. 1903: Tapesnivået på Jæderen

Aktuelle nettstader

- Artsdatabanken: www.artsdatabanken.no/frontpage.aspx?m=2
- Håndbøker frå DN: www.dirnat.no Publikasjoner Håndbøker
- Engelsk forvaltning:
 - [/www.english-nature.org.uk/livingwiththesea/project_details/default.asp](http://www.english-nature.org.uk/livingwiththesea/project_details/default.asp)
- Eldre og nyere kulturminne i Rogaland: www.rogfk.no - Arbeidsområder/kultur
- Historiske bilder frå Jæren: www.norgeibilder.no/ -fokuser Jæren, Metadata1937
- Kulturminnesøk, Riksantikvaren: www.kulturminnesok.no/
- Miljøverndepartementes framlegg til kronprinsregentens resolusjon 12.12.2003: www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=36569
- NIJOS gardskart: www.nijos.no/gardskart/
- Nordsjø-sykelruten: www.northsea-cycle.com) og (www.northseatrail.org)
- Naturtyper i Norge: www.naturtyper.artsdatabanken.no/
- Naturvårdsverket, Sverige, Art- og naturtypevegleiing: www.naturvardsverket.se/sv/Arbete-med-naturvard/Skydd-och-skotsel-av-vardefull-natur/Natura-2000/Vagledning/
- Ramsar-konvensjonen: www.ramsar.org
- Raudlistedatabase Rogaland (intern side): http://rogaland.miljostatus.no/dm_documents/Raudlista_2006_yNlfB.pdf
- Retningsliner for sakshandsaming etter verneforskrifter: www.dirnat.no/statisk/forvaltningshandbok/Rundskriv%20om%20forvaltning%20av%20verneomrader.pdf
- Tilskotsordningar RMP og SMIL: www.fylkesmannen.no/hoved.aspx?m=24251
- Verneforskrift for Jærstrendene: www.fylkesmannen.no/fagom.aspx?m=36569
- Vernekart og informasjonsplakat: www.fylkesmannen.no/rogaland

Vedlegg

Forskrift om vern av Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne i Randaberg, Sola, Klepp og Hå kommunar, Rogaland.

Fastsett ved Kronprinsregentens resolusjon av 12. desember 2003 med heimel i lov av 19. juni 1970 nr. 63 om naturvern, §§ 5, 6, 9,10,11,12,13 og 14, jf. §§ 21, 22 og 23. Fremma av Miljøverndepartementet. Med heimel i kgl. res 3. juli 1987 nr. 572 om delegering av myndighet etter naturvernloven m.v. til Miljøverndepartementet, og delegasjonsbrev fra Miljøverndepartementet av 3. november 1988 er forskrifta endra ved Direktoratet for naturforvaltning sitt vedtak av 30. juni 2006.

§ 1. Avgrensing

1. Verneområda omfattar heile eller delar av dei gnr.bnr. som går fram av vedlagte liste datert oktober 2002.

2. Verneområda omfattar totalt 193,2 km², dels med overlappande verneformer:

Landskapsvernområdet utgjer 13,3 km² fastland, 4,1 km² holmar og øyer og 78,7 km² sjøareal, totalt 96,1 km². Plantefredingsområda utgjer 2,9 km². Fuglefredingsområda utgjer 5,8 km² landareal inkludert fastland, øyar og holmar og 104,1 km² sjøareal. Dei geologiske natunnirma utgjer 0,3 km².

3. Kart i målestokk 1 : 35.000 og kart i målestokk 1:5.000 og 1: 10.000 datert Miljøverndepartementet november 2002 viser dei nøyaktige grensene for landskaps-vernområdet, fuglefredingsområda, plantefredingsområda, naturminna og sanddyneområda. Det er 29 kart i målestokk 1 : 5.000 og 8 kart i målestokk 1 : 10.000, og desse er nummerert frå 0 til 36. Grensene for landskapsvernområdet med sjøareal og undersjøisk landskap ut til eit djup på om lag 20 meter ved Revtingen og Ogna, går fram av kartet i målestokk 1:35.000.

4. Vemereglane og karta vert oppbevart i kommunane, hos Fylkesmannen i Rogaland, i Direktoratet for naturforvaltning og i Miljøverndepartementet.

5. Dei nøyaktige grensene på land skal merkast av i marka etter nærare retningsliner frå forvaltingsstyresmakta, jf. § 9. Knekkpunkta både på land og i sjø skal koordinatfestast. Grensene i sjø er ikkje avmerka i felt, men går fram av kart, jf. pkt. 3.

6. Landskapsvernområdet (jf. naturvernloven § 5) ligg i fylgjande område, jf. pkt. 3:

a. På land

Jærstrendene i varierende breidde på inntil 650 m opp frå strandlina på heile strekninga frå og med Randbergvika i Randaberg kommune til Oddane ved Sirevåg i Hå kommune, med unnatak av fylgjande delområde:

Tungevågen i Randaberg kommune.

Strekninga frå Vistnes i Randaberg kommune til Solastranda i Sola kommune.

Ølberg hamn og Ølbergstranda i Sola kommune.

Alle utanforliggjande holmar og øyar inklusiv Kolnesholmane og Rott, med unnatak av Grøningane og Kjørholmane naturreservat og øyar og holmar som er omfatta av stadfesta reguleringsplan.

b. I sjø

Sjøareal og undersjøisk landskap i tilknytning til landarealet og øyar ut til eit djup på 5 meter, målt ved fjøre sjø. Sjøarealet og undersjøisk landskap i tilknytning til landarealet ut til eit djup på om lag 20 meter i fylgjande område:

Sjøområdet nord og sør for Revtingen, frå Feistein i nord til Obrestad hamn i sør.

Sjøområdet ved Oagna, frå og med fuglefredingsområdet ved Kvasheim fyr i nord til og med Ognabukta i sør.

7. Fuglefredingsområda (jf. naturvernloven §§ 9 og 14) ligg i fylgjande område, jf. pkt. 3:

a. I landskapsvernområdet

Sandebukta-Børaunen-Einersvika i Randaberg kommune.

Rott med tilhøyrande øyar og Håsteingruppa i Sola kommune.

Strekningane Reve hamn - Orre og Vik - Skeie i Klepp kommune.

Strekninga Nærlandssanden - Obrestad, Øyrvika ved Kvasheim fyr og Raunen utanfor Kvalbein i Hå kommune.

b. Utafor landskapsvernområdet

Eit område i tilknytning til landskapsvernområdet på Børaunen i Randaberg kommune.

Eit område på Kolnes i Sola kommune.

c. Generelt

Fuglefredingsområda omfattar òg sjøoverflata utafør dei nemnde strandstrekningane ut til ein avstand på 500 meter frå strandlina. Grensa til fuglefredingsområdet i sjøen kring Rott-Håsteingruppa er likevel vidare, og går fram av kart, jf. pkt. 3.

8. Plantefredingsområda (jf. naturvernloven §§ 9 og 13) ligg i fylgjande område, jf. pkt. 3:

a. I landskapsvernområdet:

Eit område ved Børaunen i Randaberg kommune.

Eit område innanfor flyplassen på Sola, eit område på Byberg sør i Sola kommune.

Eit område ved Revtingen, eit område ved Orre i Klepp kommune.

Eit område vest for Obrestad fyr.

Eit område ved Sør-Reime, eit område ved Brusand og to område ved Oagna i Hå kommune.

9. Geologiske naturminne (jf. naturvernloven § 11), ligg i fylgjande område, jf. pkt. 3:

a. I landskapsvernområdet:

Børaunen i Randaberg kommune.

Byberg i Sola kommune.

Orre i Klepp kommune.

b. Utafor landskapsvernområdet:

Reve i Klepp kommune.

10. Delar av landskapsvernområdet omfattar sanddyneområde, og desse ligg i fylgjande område, jf. pkt. 3:

Randbergvika og Sandebukta i Randaberg kommune.

Solastranda - Rege, Vigdel og Hellestø - Byberg i Sola kommune.

Byberg - Sele, Bore - Hodne og Reve - Orre - Vik i Klepp kommune.

Refsnes - Nærlandssanden og Kvalbein - Brusand - Oagna i Hå kommune.

§ 2. Føremål

Føremålet med landskapsvernet er å ta vare på det eigenarta natur- og kulturlandskapet på Jærstrendene med sine særmerkte strandtypar og dei geologiske, botaniske, zoologiske og kulturhistoriske element som medverkar til å gje området eit særpreg.

Føremålet med fuglefredingsområda er å ta vare på fuglelivet som er knytt til områda og nyttar desse som trekk-, hekke- eller overvintringsplassar, vidare å ta vare på fuglane sitt livsmiljø i områda. Føremålet med plantefredingsområda er å ta vare på sjeldne planteartar og plantesamfunn og deira naturlege livsmiljø.

Føremålet med dei geologiske naturminna er å ta vare på representative førekomstar som viser korleis landet har utvikla seg gjennom tidene.

§ 3 Vernereglar

A. For landskapsvernområdet gjeld følgjande reglar:

1. Alle inngrep og tiltak som vesentleg kan endre eller innverke på landskapets art eller karakter er forbode, herunder nye kloakkutslipp og andre konsentrerte forureiningar, bortlegging, brenning og lagring av avfall, herunder produksjonsavfall frå landbruket, uttak: eller utfylling av masse, hausting av tang og tare på land og i fjørebeltet, sprenging av steinblokker, grøfting, fjerning av steingjerde, framføring av kablar og luftleidningar, bygging og utbetring av vegar, oppstilling av campingvogner, bilar og andre transportable innretningar, oppføring av bygningar, herunder tilbygg, oppføring av reiselivs-, sports- og idrettsanlegg og andre anlegg og faste innretningar. Opplistinga er ikkje fullstendig.
2. Ytre utforming på faste kulturminne, slik som gravminne og buplassar frå forhistorisk tid, båtnaust, båtstøer, kvernhus, forsvarsanlegg, fyranlegg, ferdelsesveggar, steingardar o.l., må ikkje endrast, skadast eller fjernast utan etter løyve frå forvaltingsstyresmakta. Opplistinga er ikkje fullstendig. Forvaltingsstyresmakta kan i forvaltingsplan konkretisera og lista opp dei aktuelle kulturminna.
3. Gjødsling og sprøyting er berre tillate på eksisterande dyrka mark og beite som er i full gjødsla drift på fredningstidspunktet. Desse areala skal nærare kartfestast i forvaltingsplanen.
4. Nydyrking, herunder fulldyrking av eksisterande gjødsla beite eller overflatedyrka beite, er ikkje tillate.
5. Det er forbode å plukka eller på annan måte skade fylgjande viltveksande planteartar: Ormerunge, berghøymole, sandlirekne, trefingersildre, sølvmelde, saftstjemeblom, nikkesmelle, gulfrøstjeme, strandkål, småmure, blodstorkenebb, engstorkenebb, steinstorkenebb, sand-nattlys, strandtom, kystvintergrønn, kusymre, klokkesøte, jærsøte, smalsøte, bakesøte, østersurt, vånnarihand, purpurmarihand, «nordsjømarihand», engmarihand, myrflangre og kvitkurle.
6. Snauhogst eller planting og såing av tre og buskar er ikkje tillate.
7. Innføring av nye planteartar er ikkje tillate.
8. I sanddyneområda kan Direktoratet for naturforvaltning regulera og eventuelt forby beiting og gjødsling dersom det er naudsynt av omsyn til vemeverdiane.
9. Motorferdsel på land er forbode, herunder start og landing med fly og helikopter.
10. Camping og telting er ikkje tillate i sanddyneområda.
11. Ferdsl med sykkel er ikkje tillate i sanddyneområda.
12. Ferdsl med hest er ikkje tillate i sanddyneområda, med unnatak av slik ferdsl på den vegetasjonslause strandbreidda mellom sjøen og sanddynene, og med tilkomst på transportrasear utpeika i forvaltingsplan.
13. Golf og ballspel er ikkje tillate i sanddyneområda, med unnatak av ballspel på strandbreidda mellom sjøen og sanddynene.
14. Større arrangement og tilstellingar er ikkje tillate, med unnatak av aktivitet og område for dette etter nærare retningsliner i forvaltingsplan.
15. Forvaltingsstyresmakta kan gjerde inn og merka parkeringsområde utpeika i forvaltingsplan.
16. Direktoratet for naturforvaltning kan, ved forskrift, i nærare avgrensa område fastsetta reglar for ferdsla, herunder ferdslsforbod, dersom det er naudsynt av omsyn til vemeverdiane.
17. Forvaltingsstyresmakta kan godkjenna transportrasear for motorisert ferdsl og ferdsl med hest.
18. Taretråling er ikkje tillate i ei sone som ligg mellom Reve hamn i nord og Orre-elva i sør innanfor sjøområdet ved Revtangen. jf. § 1 pkt. 6 b. Retninga ut frå land for nord- og sørgrensene for sona følgjer ein rett vestleg kurs parallelt med taretrålingsfelta.

B. For fuglefredingsområda gjeld fylgjande reglar:

1. Fuglane, herunder reira og egga deira, er freda mot alle fonner for skade, øydelegging og unødige forstyrring.
2. Vegetasjon på land som har verdi som næring eller livsmiljø for fuglane, er freda mot skade og øydelegging.
3. Jakt, fangst og bruk av skytevåpen er forbode heile året.
4. Det er bandtvang for hund heile året, med unnatak for gjetarhund nytta i landbruksdrifta.
5. Camping og telting er forbode.

6. Ferdselsrestriksjonar:

a. Rott i Sola kommune:

All ferdsel på land i området vest og sørvest for Vatnet på Vestre Rott er forbode i tida f.o .m. 15. april t.o.m. 31. juli.

b. Håsteingruppa i Sola kommune:

All ferdsel på land på Kjarten, Flatholmen. Frøsholmane, sørlege del av Hoggjo, Sandøy, Kvern- holmen, austre del av Buøy og vestre del av Håstein er forbode i tida fo.m. 15. april t.o.m.31. juli.

c. Raunen i Hå kommune:

All ferdsel på land er forbode i tida f.o.m. 15. april t.o.m. 31. juli.

d. I sjøområda er det forbod mot bruk av varmscooter/vannjet, andre former for vannmotorsport, bølgesurfing og bruk av seglbrett fo.m l. oktober t.o.m. 31. mars.

e. Det er ikkje tillate med overf1yging lågare enn 300 meter.

7. For dei områda som også er omfatta av landskapsvernområdet gjeld i tillegg reglane i § 3 - A.

8. For områda på Børaunen og Kolnes, som ikkje er omfatta av landskapsvernområdet, er det forbod mot tiltak som kan skade eller øydeleggja livsmiljøet til fuglane, herunder utbygging, utfylling, tilplanting, nydyrking, herunder nydyrking av eksisterande gjødsla beite eller overflatedyrka beite, grøfting, plassering og lagring av avfall, plassering av campingvogner, forureiningar og motorisert ferdsel på land. Opplistinga er ikkje fullstendig.

C. For plantefredingsområda gjeld fylgjande reglar:

1. Fylgjande plantesamfunn er freda mot skade eller øydelegging av einkvar art:

Kulturbetinga engvegetasjon, kystlyngheivevegetasjon, fattig tuvemyr, sandstrandvegetasjon, driftvoll, strandberg og strand- og strandsumpvegetasjon.

2. Det er forbod mot tiltak som kan endra dei naturgjevne produksjonstilhøva eller forringa livsmiljøet til plantene, herunder nydyrking, grøfting, vedlikehald av grøfter, gjødsling, sprøyting og skogskjøtsel. Opplistinga er ikkje fullstendig.

3. Direktoratet for naturforvaltning kan regulera og eventuelt forby beiting, dersom det er naudsynt av omsyn til vemeverdiane.

4. Det er ikkje tillate å innføra nye planteartar.

5. Camping og telting er ikkje tillate.

6. Ferdsel med sykkel og hest er ikkje tillate.

7. Golf og ballspel er ikkje tillate.

8. For dei områda som også er omfatta av landskapsvernområdet gjeld i tillegg reglane i § 3-A.

D. For dei geologiske naturminna gjeld fylgjande reglar:

1. Alle slags inngrep og tiltak i grunnen er forbode.

2. Grisehald er ikkje tillate.

3. For dei områda som også er omfatta av landskapsvernområdet gjeld i tillegg reglane i § 3 -A.

4. For området på Reve som ikkje er omfatta av landskapsvernområdet, er det i tillegg forbod mot camping, telting og oppstilling av campingvogner.

§ 4. *Generelle unntak*

Reglane i § 3 er ikkje til hinder for:

1. Gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak knytt til ambulanse, rednings-, politi, brannvern-, oppsyns-, skjøtsels- og forvaltingsforemål, herunder naudsynt motorferdsel.

2. Militære øvingar i dei fast etablerte anlegga og øvingsområda til forsvaret, herunder naudsynt motorferdsel.

3.a. Jordbruksdrift med dei metodar, herunder naudsynt motorferdsel, som er vanleg eiles i distriktet på eksisterande dyrka mark og beite som er i full gjødsla drift på fredingstidspunktet. Gjødsling og sprøyting er likevel ikkje tillate på gjødsla beite i plantefredningsområda, jf. § 3-C, pkt 2. Nydyrking og grøfting utanom fulldyrka areal er ikkje tillate, jf. § 3 – A pkt. 1 og pkt. 4, § 3 – B pkt. 8, § 3 – C pkt. 2 og § 3 – D pkt. 1.

b. Vanleg vedlikehald av eksisterande grøfter og kanalar, med unntak av plantefredningsområda og dei geologiske naturminna, jf. reglane i § 3 - C og § 3 - D.

c. Beiting i sanddyneområda og plantefredningsområda inntil dette eventuelt vert regulert, jf. reglane i § 3 – A pkt. 8 og § 3 - C pkt. 3.

d. Beiting i fuglefredningsområda.

e. Beiting i dei geologiske naturminna med andre beitedyr enn gris.

4. Vanleg vedlikehald og drift av eksisterande bygningar, vegar m.v. som er nemde under § 3 - A, pkt. 1. Vanleg vegvedlikehald omfattar ikkje asfaltering av gruslagde vegar.

5. Drift og vedlikehald av anlegga til Kystverket og Forsvaret, herunder naudsynt motorferdsel.

6. Motorferdsel, parkering, ferdseil med hest og sykling på vegar opparbeida for biltrafikk og på parkeringsområde utpeika i forvaltingsplan, jf. § 3 – A pkt. 15. Sykling på opparbeidde vegar og rurvegar, men ikkje turstiar.

7. Naudsynt motorferdsel på strandflata og på transporttrasear utpeika i forvaltingsplan i samband med drift og vedlikehald av dei offentlege friluftsområda i landskapsvernområdet.

8. Lågtflyging i samband med naudsynt inn- og utflyging ved Stavanger lufthamn, Sola.

9. Drift, vedlikehald og fornying av kraftliner, herunder rydding i og langs trase, oppgradering av eksisterande kraftliner for å heve spenningsnivå, auke av linetverrsnitt, nye master m.v., dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 5. Eventuelle unntak etter søknad

Forvaltingsstyresmakta kan etter søknad og på vilkår gje løyve til:

1. Framføring av luftliner og kablar, mindre tilbygg på bygningar, bygg og irmretingar som er naudsynte i samband med landbruk, fiske, verksemda til Forsvaret, Kystverket, Telenor og allmenne friluftssinteresser, under føresetnad av at tiltaka kan tilpassast landskapet.

2. Etablering av bålplass i tida 1. juni - 30. juni for St. Hans-feiring.

3. Større arrangement og tilstellingar.

4. Motorferdsel og parkering i særskilde høve.

5. Mindre uttak av tang, tare, sand, grus og stein i fjørebeltet til eige gardsbehov; dette omfattar også motorisert transport på transporttrasear utpeika i forvaltingsplan. Forvaltingsplanen skal sette rammer for kor og korleis desse uttaka skal gjerast.

6. Vedlikehald av grøfter og kanalar i plantefredningsområde og geologiske natuninne isærskilde høve.

7. Felling av skadegjerande vilt.

§ 6. Generelle dispensasjonsreglar

Forvaltingsstyresmakta kan gjera unntak frå vernereglane når føremålet med vernet krev det, for vitskapelege undersøkingar, arbeid og tiltak av vesentleg samfunnsmessig verd og i særskilde tilfelle, dersom det ikkje strir mot føremålet med vernet.

§ 7. Forvaltingsplan

Forvaltingsstyresmakta kan gjennomføra forvaltningstiltak i samsvar med verneføremålet. Det skal utarbeidast forvaltingsplan for området, med nærare retningsliner for forvaltninga av området.

§ 8. Rådgjevande utval

Forvaltingsstyresmakta skal oppretta eit rådgjevande utval for forvaltninga av Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og natuninne.

§ 9. Forvaltingsstyresmakt

Direktoratet for naturforvaltning fastset kven som er forvaltingsstyresmakt for Jærstrendene landskapsvernområde med biotopfredingar og naturminne.

§ 10 Ikraftsetjing

Denne forskrifta trer i kraft straks.

